


# Kva er ting for menneska?

**Marit Svale Svalastog**  
**Masteroppgåve**  
**60 studiepoeng**



**Høgskolen i Telemark**  
Avdeling for allmennvitenskaplege fag



# **Kva er ting for menneska?**

**Marit Svale Svalastog**

**Masteroppgåve, 60 studiepoeng**

**Høgskolen i Telemark, Avdeling for allmenne fag**

**2007**

*Til Oskar og Lyder*

*Mine kjæraste kjære*

*Til tida vår*

## Forord

Denne oppgåva spring ut av ei undring kring det opplevde kulturelle fokuset på ting og forbruk. Korleis kan me forklare dette forbruket? Eg tykkjer ofte å ha høyrd at folk er så opptekne av ting fordi dei er så overflatiske. Men kvifor er det alltid dei andre som er overflatiske, ingen seier vel at dei er det sjølve? Er det heile kanskje berre ei overflatisk forklaring? I kva grad kan forteljingar om ting seie noko om den norske samtidskulturen?

Under arbeidet har eg teke til å forundre meg over at eg kunne undre meg slik over at ting er så eigna til å seie noko om menneska. Det nærmar seg vel det banalt sjølvsagte at menneska kan seie noko om tinga sine. Denne oppgåva er gjort mogleg av velviljuge informantar, tusen takk til dei.

Takk til hovudretteliaren min Inger Birkeland for å ha losa ein student som ikkje alltid gjeng rake vegen fram til sluttlinja. Det har vore opning for kreativitet og for dei vegane eg måtte gå under arbeidet. Som ein del av utforskinga av kva ting er for oss har eg laga nokre installasjonar, og eit par av desse er med som foto i denne framstillinga. Dei er for ein stor del inspirerte av spørsmål kring det situerte subjektet. Dette er spørsmål som hovudretteliaren min har inspirert meg til å gå inn i. Takk til birettleiar Halvard Vike for inspirasjon og oppklaringar i høve til oppgåva, og takk til Ole Martin Høystad, Per Mangset og Øyvind Gulliksen ved Kulturstudier i Bø for å ha opne dører og øyre. Dei mange spontane spørsmåla og tankane undervegs fekk nokon å vende seg til i desse tre åra, då rettleierane mine ikkje heldt til i Bø. Takk til Anne Lorentzen for spreke oppgåveseminar, som gjorde at fasen med å koma i gang med arbeidet var svært inspirerande. Takk også til Kjetil Jakobsen tidleg i prosessen og Eli Glomnes i sluttfasen for gode innspel og kommentarar til teksten.

Mor har støtta og hjelpt meg og ungane på mange vis meg gjennom heile studiet, eg må takke *stort* for alt ho har ofra for oss. Og eg vil takke sønene mine

med *hjartaet* for at dei er slik som dei er, dei spør og forstår, ler og ertar meg for alle ”objekta”. ”Er du ikkje litt lei av den oppgåva, mamma?” spør Lyder og er litt lei av den sjølv. ”Hei mutter! Er du snart ferdig med folkeregisteret?” spør Oskar og siktar til litteraturlista.

Takk til svigerinna mi Tone for gode tips med skrivinga. Og ein særskilt takk til studievenene mine; Heidi for det doble ved det delte og for lesevilje og kommentarar heile vegen, til Thomas for kritisk sans og improviserte songar overalt, og til Per Eivind for dei sterke tankane. Takk til ein skare av andre varme menneske for å stå saman med meg i livets mange hendingar; for delte tankar og augneblink.

*Eg er bondens dotter*

*Ikkje son*

*Eg er mor til søner*

*Ikkje døtre*

*Eg er mor sin fyrste*

*Ikkje siste*

## **INNHALDSLISTE**

<b>1 INNLEIING .....</b>	<b>10</b>
<b>1.1 Bakgrunn .....</b>	<b>10</b>
1.1.1 <i>Tinga og naturen.....</i>	11
1.1.2 <i>Tinga og menneska .....</i>	12
1.1.3 <i>Kryssande syn på verkelegheita.....</i>	13
<b>2 TEORETISKE PERSPEKTIV .....</b>	<b>15</b>
<b>2.1 Fagleg situering .....</b>	<b>15</b>
2.1.1 <i>Kulturomgrep .....</i>	15
2.1.2 <i>Ei fagleg vandring.....</i>	16
2.1.3 <i>Ting.....</i>	19
2.1.4 <i>Det situerte subjektet.....</i>	20
<b>2.2 Problemstilling .....</b>	<b>22</b>
2.2.1 <i>Utdjuping av problemstilling.....</i>	23
2.2.2 <i>Resiprositeten mellom ting og menneske.....</i>	24
<b>2.3 Utdjuping av teoretiske perspektiv .....</b>	<b>27</b>
<b>2.4 Sentrale omgrep.....</b>	<b>29</b>
2.4.1 <i>Fenomenologien og omgrepa.....</i>	30
2.4.2 <i>Kropp, rom og stad .....</i>	31
2.4.3 <i>Entitet.....</i>	35
2.4.4 <i>Identitet.....</i>	36
2.4.5 <i>Integritet.....</i>	40
2.4.6 <i>Tid.....</i>	42
<b>3 METODE.....</b>	<b>45</b>
<b>3.1 Den kvalitative metoden.....</b>	<b>45</b>
<b>3.2 Datainnsamlinga .....</b>	<b>46</b>
3.2.1 <i>Utvalskriterier.....</i>	46

3.2.2	<i>Kritisk blikk på utvalet .....</i>	48
3.2.3	<i>Intervjusituasjonen.....</i>	50
3.2.4	<i>Intervjuguiden .....</i>	54
3.2.5	<i>Utfordringar og svakheitar .....</i>	54
<b>3.3</b>	<b>Verkelegheitsforståingar .....</b>	<b>57</b>
3.3.1	<i>Fyrstepersonsperspektivet.....</i>	59
3.3.2	<i>Subjekt–objekt-relasjonar .....</i>	60
3.3.3	<i>Mimesis som analytisk omgrep.....</i>	61
3.3.4	<i>Mimesis og empatien.....</i>	62
3.3.5	<i>Mimesis og fotografiet.....</i>	63
<b>4</b>	<b>EMPIRISK DEL.....</b>	<b>65</b>
<b>4.1</b>	<b>Barndom og risiko .....</b>	<b>67</b>
4.1.1	<i>Rom og uro, ting og TV.....</i>	68
4.1.2	<i>Kjærleiksgåver og inklusjon .....</i>	70
4.1.3	<i>Skjebne og verkelegheit .....</i>	73
4.1.4	<i>Medkjensle.....</i>	75
4.1.5	<i>Kjønnssegregering.....</i>	78
<b>4.2</b>	<b>Huset og fellesskapet .....</b>	<b>79</b>
4.2.1	<i>Minner og integrasjon .....</i>	80
4.2.2	<i>Interiør og personleg historikk .....</i>	82
4.2.3	<i>Ting i staden for tid .....</i>	84
<b>4.3</b>	<b>Maskulinitet og humor.....</b>	<b>88</b>
4.3.1	<i>Bil, identitet og integritet .....</i>	90
4.3.2	<i>Kjønna integrasjon.....</i>	93
4.3.3	<i>Kvalitativ tidskjensle.....</i>	95
<b>4.4</b>	<b>Gåvene og matriarkatet .....</b>	<b>97</b>
4.4.1	<i>Matriarken.....</i>	98
4.4.2	<i>Gåver.....</i>	99
4.4.3	<i>Forteljingane i tinga .....</i>	100
4.4.4	<i>Ein entitet.....</i>	103
4.4.5	<i>Tida i tinga .....</i>	105

<b>4.5 Kva har ein nordmann? .....</b>	<b>106</b>
4.5.1     Organisering av tid.....	108
4.5.2     Den materielle skamma.....	109
4.5.3     Den vakraste ting.....	112
4.5.4     Tidssjongløren .....	113
4.5.5     Originalitet eller normalitet.....	116
4.5.6     Musikken og tida.....	117
<b>5 DRØFTING .....</b>	<b>120</b>
<b>5.1 Kulturelle blindflekkar i den norske samtidskulturen.....</b>	<b>120</b>
5.1.1     Kva er ein nordmann? .....	120
5.1.2     Har Noreg ein æreskultur? .....	124
5.1.3     Er ting dokumentariske for identiteten? .....	125
5.1.4     Eit skjult matriarkat? .....	128
5.1.5     Latter og inklusjon.....	131
5.1.6     Tida, tinga og sjølvkjensla .....	132
<b>6 KONKLUSJON .....</b>	<b>135</b>
<b>6.1 Kva er ting for menneska? .....</b>	<b>135</b>
<b>7 LITTERATURLISTE .....</b>	<b>140</b>
<b>8 VEDLEGG.....</b>	<b>146</b>

## **FIGURLISTE**

Figur 1 "Grounded, walking." Foto: Rune Kyvik.....	31
Figur 2 "Who were they?" Foto: Rune Kyvik.....	36
Figur 3 "Refleksivitet" Foto: Rune Kyvik .....	57
Figur 4: "Dei runde formene er venlege".....	68
Figur 5 "Ei kjærleiksgåve" .....	70
Figur 6 "Eit skjebnebestemt kjøp" .....	73
Figur 7 "Utstoppa dyr".....	75
Figur 8 "Kinesisk skjenk" .....	80
Figur 9 "Viktig spisestoge" .....	82
Figur 10 "Fjernkontroll .....	87
Figur 11 "Vakre spruteflasker" .....	95
Figur 12 "Viktig blekkleike" .....	96
Figur 13 "Viktig symaskin" .....	101
Figur 14 "Arva mangletre".....	106
Figur 15 "Vakker krakk" .....	112
Figur 16 "Krakk som minner om damesal".....	113

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Det høge forbruket skadar kloden dagleg og fører til klimaendringar. (sjå til dømes [www.climatecrisis.net](http://www.climatecrisis.net)) Likevel bremsar me ikkje opp. Tvert om ser det ut for at klimautsleppa aukar, og at utnyttinga av naturressursane vert meir og meir brutal parallelt med stadig meir avansert teknologi. Dette uroar og undrar meg. Korleis kan me lata dette hende – me står med opne augo og deltek i øydelegginga av det som alt liv er fundamentalt avhengig av. Me sagar av den greina me sit på i stadig aukande tempo. Det er eit logisk brot her som eg tykkjer det er vanskeleg å akseptere. Det høge forbruket vårt har med ting å gjera. I løpet av ein periode på 200-300 år har det vestlege samfunnet gått frå primærnæring til høg grad av tertiærnæring. På denne korte tida har me lukkast i å produsere og forbruke uhorvelege mengder med ting. Desse tinga er berre delvis nedbrytelege. Søppelberga aukar dagleg – mykje av det som kastast vil ikkje forsvinne. I landet Noreg når forbruket stadig nye høgder i takt med stadig betre økonomi. Dette skjer trass i at me er godt opplyste om konsekvensen av forbruket. Kvifor bremsar me ikkje opp? Får me aldri nok? Kvifor må me heile tida ha noko nytt? Forbruk kan ha ei form som handlingar i høve til kunnskap. Mi haldning er at det ikkje er nok å overlate miljøspørsmål til politikarane, me må sjå på våre eigne handlingar i høve til dette. Kvar gong me kjøper noko har det vorte frakta frå ein annan stad. Frakt forureinar meir til lengre ting er frakta. Kvar gong me kjøper noko frå ein stad støtter me at produktet kan legitimerast. Me sender ein impuls til produsenten om at marknaden vil ha produktet. Forbruk er ei politisk handling. Om ein tek denne tankegangen heilt ut vert forbruk til eit moralsk spørsmål.

### **1.1.1**

### **Tinga og naturen**

Ting og forbruk kan sjåast saman. Naturen har ein ”plan” for kva som skal skje med noko som lever. Når det dør gjeng det tilbake til naturen. Dei moderne produksjonsmetodane har ikkje utan vidare ein tilsvarande plan for produkta. Når ein ting ikkje lengre er i bruk gjeng han sjeldan tilbake til naturen. I framstillinga, transporten og forkastinga av produktet er det naudsynt å sjå kor annleis det verkar inn på naturen enn det naturen sjølv har føresetnad for å takle. Mange produkt har ei kort levetid og såleis burde dei hatt i seg evna til å bli absorbert av naturen når dei ikkje lengre er i bruk. Kanskje er det ein naudsynt standard for produksjon i framtida. Eg var dagleg leiar i ei reiselivsbedrift i om lag fem år og internaliserte ein slik tankegang gjennom eit miljøprosjekt som kom i stand som eit lokalt samarbeid med andre reiselivsbedrifter og SND (Statens Nærings- og Distriktutviklingsfond, no: Innovasjon Noreg). Gjennom å tenke på denne måten fekk bedriftene ned avfallsmengda, straumforbruket, mengda miljøskadelege kjemikalier (i vaskemiddel og til vedlikehald), talet på transportmil ved frakt og så bortetter. Under streken vart det ein økonomisk gevinst, noko som gjorde det enkelt å argumentere for ei omlegging av drifta. Vel ute av drifta kunne eg sjå meg ikring og oppdage at svært få andre var opptekne av å gjennomføre slike tiltak jamvel om miljøgevisten også kan gje økonomisk gevinst. På eit personleg plan hadde eg skifta handling og haldning i løpet av miljøprosjektet. Etter dette er eg oppteken av miljøspørsmål, noko som kan forklare kvifor eg prøvar å ha eit dobbeltgrep i oppgåva. Det er interesse for samanhengen mellom natur og kultur, dette dobbeltgrepet finn eg støtte for hjå Merleau-Ponty (Merleau-Ponty 1994), Høystad (Høystad 1994), Abram (Abram 2005), og Birkeland (Birkeland 2005). Der finst ei gjensidig avhenge mellom ulike naturar, desse er mennesket som natur og naturen som natur. Med dette feiast dualismetenkinga til sides for ein einskapleg måte å forstå mennesket som ein del av alt ikring. Med fokus på kva ting er for menneska ligg dette berre som

ein botnklang i oppgåva, men det vert gjort til eit relevant perspektiv i konklusjonen.

### **1.1.2 Tinga og menneska**

Eg lurar på om forbruket kan forklarast kulturelt og kva ein då finn. Tittelen ”Kva er ting for menneska” bør knytast til informantane. Oppgåva gjev seg ikkje ut for å forklare noko som gjeld heile menneskeslekta. Når informantane har fortalt om tinga har den personlege horisonten deira kome fram. Det kjem ulike verkelegheitsforståingar<sup>1</sup> til syne. Tinga ser ikkje ut til å vera sjølvrefererande, dei handlar i stor grad om menneska. Eg har vorte overraska over kor eigna ting er til å bera forteljingar. Verkelegheitsforståingane har kome fram gjennom samtalar om tinga.

Det ligg ei kulturell bekymring bak utforskinga fordi eg er redd at det som er skadeleg for naturen også er skadeleg for kulturen. Skal tru om det verkeleg berre er status, praktiske behov og god økonomi som ”gjer” forbruket, eller om det kan hende at andre krefter er verksame, og korleis verkar eventuelt desse kreftene? Det lyt til at stadig fleire kjenner seg pressa ut (ekskludert) av arbeidslivet. Talet på uføretrygda aukar raskt. Det finst ekskluderande mekanismar som kan sjåast frå ulike hald. I denne studien har omgrepene inklusjon og eksklusjon verka oppklarande i forståinga av djupare kulturelle strukturar.

---

<sup>1</sup> Ordet verkelegheit kan bytast ut med ordet røyndom på nynorsk. Men eg har valt ei meir direkte oversetjing av det bokmålske ordet ”virkelighetsforståelse” sidan det er eit mykje brukt omgrep i dei teoriane eg nyttar i oppgåva.

### 1.1.3

### Kryssande syn på verkelegheita

Det ligg også ei sosial undring i botnen for valet av tema for oppgåva. Den sosiale undringa botnar i erfaringar med kryssande verkelegheitsforståingar i oppveksten og seinare gjennom å ha flytta og dermed skifta miljø mange gonger. Med dei sosiale vekslingane har diskusjonar kring ting ofte hatt ein sentral plass. Under oppveksten fann eg min plass mellom dei kvinnene som var opptekne av kunst og design i familien. Dette pregar kanskje denne framstillinga, eg tenker kunst og verkelegheit saman. Kunsten fungerer som eit personleg lufterom for å finne avstand og nye ståstedar. Dette er ein så internalisert måte å forholde seg til røynda på at eg ikkje forklarer det eksplisitt undervegs. Bruken av mimesis-omgrepet i denne oppgåva, eit omgrep som er mykje nytta i kunsthistoria, kan sjåast inn i denne bakgrunnen. Kunsten vert ein av inngangane i forståinga av samtidskulturen idet den på ulike vis opnar opp horisontane.

I det faglege har dei personlege tankesetta og erfaringane ført med seg nokre spørsmål i høve til kanoniserte teoriar. For korleis kan eg vita at det eg ser er slik det er for deg? Dette er ein måte å spørje på som eg kjenner att frå mitt personlege forhold til kunsten. På det private planet finn eg det sjeldan interessant å diskutere kva som er kunst og kva som ikkje er det. I staden er det møtet mellom subjektet og verket og den opplevinga det kan gje som er interessant. Med å setje opplevinga øvst kan ein ta inn over seg korleis responsen på verket verkar i den andre. Om du har mange utstoppa dyr slik informanten "Else" har, kan eg sikkert hevde med bakgrunn i teoriar at når det gjeld utstoppa dyr er det relevant å sjå på kjønn, utdanning, geografisk tilhøyre og så bortetter. Men det er mi eller teoriens verkelegheitsforståing som kjem fram i dette, og ikkje informantens. Om du har stoga full av miniatyrbilar og Disneyfilmar slik som "Jon" har kan eg kanskje plassere deg på ein sosial rangstige med hjelp av visse sosiologiske teoriar. Likevel veit eg ikkje *kvifor* du

har det slik, jamvel om eg kan koma til å *tru* at eg har skjønt det. Sjølv om kløktige teoretikarar har bygd fine teoretiske verk om ting har eg framleis ikkje spurt deg. Om eg tek desse teoriane for gjevne gjeng eg ut frå at dei stemmer. Men her er synet på forholdet mellom teori og empiri annleis. Teoriar kan verte til bedrag om ein ikkje utforskar verkelegheitsforståingane til informantane. Kan hende stemmer ikkje teoriane, eller kanskje kan skildringane gjerast på andre måtar. Det kan hende at teoriane berre kan dekke ein del av biletet og at resten må koma frå menneska sjølve. Trongen til å spørje menneska sjølve for deretter å la analysen ta utgangspunkt i forteljingane gjer at eg tek i bruk den fenomenologiske metoden. Dette valet har ført med seg at eg i hovudsak ikkje brukar ei marxistisk eller sosiologisk tilnærming, sjølv om eg trudde at eg kom til å arbeide med slike teoriar i utgangspunktet.

Under arbeidet med intervjuaterialet endra den faglege interessa seg fordi eg tok til å sjå at andre teoretiske perspektiv kunne nyttast om ein gjekk tilstrekkeleg langt ut frå materialet. Det som då stakk meg i auga vil eg forsøke å skildre gjennom denne oppgåva.

Ei hyppig hevda hypotese er at ting kan vera effektive talarar for identiteten. Eg *har* dette, eg *er* slik. Til kvar si tid er Hegel og Bourdieu både ute etter å forklare dette sambandet (Miller 2005: 8). Gjennom denne oppgåva er det eit liknande tema, men den er skriven i ei anna tid og med dette sjølvsagt av eit subjekt som er situert på andre måtar.

## **2 Teoretiske perspektiv**

### **2.1 Fagleg situering**

I den britiske Cultural Studies-tradisjonen vert identitet sett som personleg, som ein prosess, som etnisk, som eit narrativ, som nasjonal, som kjønna, som sosial, som ein konstruksjon, og som politisk, for å nemne nokre måtar. Identitet sjåast altså ikkje som ein essens eller som fastlagd, men heller som tilskriven og tileigna og i prosess. Med dette kjem synet for høvet mellom individ og samfunn fram. I utforskinga av meining gjev individet tilgang på *si* forståing av verkelegheita. Fokuset på makttihøva gjer at ein får auge for samfunnsgrupper som tidlegare ikkje har blitt høyrd. Dette gjer kulturen synleg på nye måtar, men fører også til trøng til metodisk og teoretisk pluralisme som gjer det vanskeleg å skildre Cultural Studies på ein kort måte (Barker 2000).

#### **2.1.1 Kulturomgrep**

Kulturomgrepet innanfor Cultural Studies definerer kultur som ”dei daglegdagse handlingane” eller som ”’a whole and distinctive way of life’ with an emphasis on ’lived experience’ ” (ibid: 35). I byrjinga var det britiske Cultural Studies særskilt oppteke av forhold som tok opp i seg maktdimensjonen. Som eit såkalla ”redbrick-college” som skilde seg frå dei tradisjonelle universiteta i Storbritannia, vart verkelegheita utforska med nye tilnærmingar. Klasse, kjønn, og etnisitet vart problematisert og danna grunnlag for eit kulturomgrep som tok omsyn til kultur sett som levd praksis. Marginaliserte samfunnsgrupper vart av interesse. Fokuset på makt plasserer i utgangspunktet Cultural Studies inn i ei marxistisk forståing av verkelegheita (ibid: 4-5). Kulturomgrepet ”Culture is

ordinary” (ibid:9-12, 37) kan sjåast som ein skepsis mot eit ureflektert og verdiladd skilje mellom høgkultur og lågkultur. Populærkultur og samtidskultur vart viktige område for studiet. Gjennom 1990-talet vart ein oppteken av subjektivitet og identitet som ei vidareføring av studiets grunntema. Med stadig nye tilnærmingar til verkelegheita kan det sjå ut for at Cultural Studies løyser seg opp i fraksjonar som arbeider ut ifrå svært ulike perspektiv.

## 2.1.2 Ei fagleg vandring

Johan Fornäs ved Advanced Cultural Studies Institute of Sweden (ACSiS) meiner at ACSiS bør bryte opp og bygge bru over faglege skiljelinjer. Det som skjer i møtet mellom dei ulike disiplinane fører med seg ein rikdom som følge av at større forståingar kan skje når ulike fag vert nytta for å kaste ljós over eit tema. Utvikling av lekkjer mellom dei ulike faglege disiplinane vil styrke forståinga av kultur fordi kvart fag har ulike perspektiv å tilby. Fornäs åtvarar mot fagleg isolering innan akademia og rettar kritikk mot ein stagnasjon som han meiner finst at innanfor humaniora. Denne stagnasjonen knyt han til fagleg isolasjon. I staden for isolasjon bør det skje ei fagleg utveksling *innanfor* disiplinane i humaniora og *mellom* humaniora og samfunnsvitskapen. Han set ikkje grenser kring kva ein *ikkje* kan gjera for å kaste ljós over kulturen. Derimot lyt han til å meine at eitkvart fagleg perspektiv kan kaste ljós over saka og difor er til nytte. Den faglege rikdomen skjer i møtet mellom desse kryssande perspektiva (Fornäs: 2005.).

Ting inngår i vår daglege omgang med verda, og interessa for å undersøke kva ting tyder for menneska kan sjåast som ei fabulering kring kulturomgrepet ”Culture is ordinary”. Ting er ordinære i vår daglege omgang med verda og dei i finst i nær tilknyting til menneska.

Denne studien høyrer til i ein fraksjon som knyt seg til Cultural Studies med omsyn til *tema*. Interessefeltet ”samtidskultur” og kulturomgrepene ”Culture is ordinary” knyt oppgåva til det britiske Cultural Studies. Med denne tilknytinga har oppgåva vekt på meiningsverd. Slik vert identitet og subjektivitet til relevante omgrep. Med desse omgrepene har eg kome inn i ei slags ”fagleg vandring” som i alle fall har tre identifiserbare ankerfeste. Det eine er det tverrfaglege teorigrunnlaget frå Kulturstudier i Bø, det andre er fenomenologien som metode og filosofi, medan det tredje er festa i idéhistoriske perspektiv. Dette gjev grunnlag for ein fagleg pluralisme som kan seiast å vera (denne studiens og) dei ulike kulturstudianes styrke og svakheit, alt etter kva ein kjenner for.

Det finst forventingar til form og innhald i ei masteroppgåve, og desse kriteria er ikkje klinkande klare. Men i den fenomenologiske metoden oppfattar eg det som heilt klart at den sanninga ein kan vete noko om, er kva som kjennest som sant for informanten. Dette har vore styrande for måten eg har gjort framstillinga på. Utforminga av oppgåva er basert på ei tankerekke der eg har som mål å framstille informantens verkelegheitsforståing så godt som råd er. Gjennom dei kvalitative intervjuua og den fenomenologiske metoden vert det mogleg å oppdage meiningsverdene i kvar dagslivet. Menneska er kulturelt situerte sjølv om dei har individuelle verkelegheitsforståingar. Dei subjektive forståingane fungerer som portopnerar til dei kulturelle verkelegheitane. Om eg lukkast i å få fram ei forteljing om den norske samtidskulturen i denne studien så skuldast det i stor grad metoden.

Så vidt eg kan skjønne er Husserls oppfordring om ”å gå til saka sjølv” også eit spørsmål om *korleis* ein gjeng til saka. Den valde forma får ein konsekvens for teksten. Fram til empirideleinen vil den antakeleg kjennast tyngre i framstillinga. Omgrepa som vert presenterte som sentrale i *teorien* er til for å kaste ljós over *empirien*. Dette må nemnast i den faglege situeringa fordi forma bryt med andre framstillingar innanfor kulturstudier som eg kjenner til. Det kan hende at ein

vert i tvil om den faglege ståstaden dersom ein ikkje kjenner til bakgrunnen for dette grepet.

Eg har valt å separere presentasjonen av dei analytiske omgrepene frå empiridelen. Desse omgrepene er i seg sjølve så innhaldsrike at det ville vera vanskeleg å halde tråden om ein skulle presentere dei suksessivt som ein integrert del av empirien. Difor vert omgrepene først presenterte som teoretiske perspektiv og deretter nytta utan referansar i empirien. Dette kan få empiridelen til å verke vel teorfri, men poenget er å gjera denne delen så ledig som råd slik at skildringane av møtet med informantane kan tre betre fram utan for mykje ”konkurranse” frå anna informasjon. For at kvart intervju skal tre fram er dei i framstillinga separerte frå einannan i fem eigne delkapittel, og intervjuet er for ein del attgjevne som sitat.

I metoden kjem eg inn på perspektiv som kanskje verkar vel teoretiske og problematiserande i høve til det sosiale samspelet. Desse refleksjonane flyt til dels inn mot dei teoretiske perspektiva. Når ein brukar fenomenologien som filosofi og metode glir teori og empiri lett mot einannan.

Ting er flyttbare eininger og fysiske storleikar, og dei fyller ut rom med form som tek plass. Slik er ting kontrast til det tome rommet. Rommet vert prega av ting fordi det endrar seg dersom der er eller ikkje er ting, på den måten kan ting få rommet til å skifte karakter. Ting står i eit høve til menneska der menneska kan bruke tinga til å vise sine handlingar; Handling i dobbel mening, som innkjøp og som praksis. Medan menneska flyttar seg for eigne krefter, vert ting flytta på av menneska. Med dette vert det interessant å reflektere over skiljet mellom ting og menneske. Denne oppgåva interesse for tid, stad, rom, kropp og subjekt kan knytast til fenomenologien. Fenomenologien som filosofi og metode vert ei kjelde å hente omgrep og perspektiv frå. Med interesse for korleis ting og handling kan sjåast i relasjon til einannan samt interessa for verkelegheitsforståingar har eg teke med ei utgreiing av mimesis-omgrepet til Aristoteles. Eg vil foreslå at dette omgrepet sjåast i relasjon til fenomenologien

og metoden mellom anna fordi det hermande mimesis, som eg kjem tilbake til, er om medskaping. Ein konsekvens av interessa for det situerte subjektet slik ein finn det i fenomenologien, er (etter det eg kan skjønne) at subjektets medskaping av verkelegheita vert interessant.

Leitinga etter treffande omgrep har vidare gjort det interessant å nytte idéhistoriske perspektiv i denne studien. Det er eit forsøk på å oppnå distanse til stoffet sidan omgrep og tekstar frå ei anna tid kan hjelpe til med å kaste ljós over samtidskulturen. Lowenthal hevdar at fortida alltid endrar seg med den samtidia som ser tilbake på den. Fortida er like annleis som eit heilt framand land. "The past is a foreign country", seier han (Lowenthal 1985:1, 411). Innanfor historiefaget fins det ei oppfatting av at ein ikkje kan forstå notida utan gjennom fortida. Ein må kjenne til korleis notida har blitt til (Kjeldstadli 1999:21). Ved å gå til litteratur frå fortida har eg forsøkt å sjå samtidia med oppsøkt distanse. Eg freistar å tilegne meg eit framand blikk på det kjende slik at eg kan bli kjend med det kjende på nytt. Dette relativiserer til ein viss grad kva ting tyder i samtidia, og eg håpar at grepene kan gje ein ekstra dimensjon i analysen. Dei idéhistoriske perspektiva kjem gjerne sterkest til uttrykk i drøftinga, men vil også koma fram andre stader i oppgåva.

Utgangspunktet for dei faglege mellomstraumingane i oppgåva knyt seg nok sterkest til utforskinga kring omgrepets identitet, som det finst interesse for både innanfor humaniora og Cultural Studies. Med inspirasjon frå den filosofiske antropologien har denne utforskinga ført fram til andre omgrep slik som integritet, inklusjon og eksklusjon.

### **2.1.3 Ting**

Antropologen Daniel Miller spør om det er mogleg å lage ein teori om "ting". Eit poeng for han er at ting har ein evne til å inngå i liva våre som

determinerande for handlingane utan at me legg merke til det. Som eksteriør i kvardagslivet er dei med på å forme korleis me oppfører og rører oss. Såleis vert det materielle kring oss til ressursar for immaterielle opplevingar. Desse opplevingane kan formidlast av menneska. Miller kritiserer filosofien for å vera elitistisk og ikkje eigna til å møte menneska på dei stadene dei er. Han meiner at filosofien har ein tendens til å tre sitt eige blikk over verda og setje det andre lågare enn filosofien. Dersom ei filosofisk tilnærming fører til at ein stiller seg ovanfor det ein studerer fører det vel med seg at ein kastar slagskuggar over det ein sjølv vil undersøke. Eg håpar at risikoen for ei elitistisk tilnærming ikkje vert forsterka av den teoretiske tilnærminga som i stor grad legg seg inn mot fenomenologien. Miller opnar nemleg opp for at fenomenologien kan vera eit unntak innanfor filosofien, og at den kan vera ein moglegheit i studien av forholdet mellom ting og menneske. Han forklarer ikkje kvifor fenomenologien slik sett skil seg frå den andre filosofien, men lyt til å vera oppteken av at materialiteten kan fortelje om dei immaterielle verdiane. I dette ser Merleau-Ponty og kroppsfenomenologien ut til å vere sentral for han. I Millers forståing er skiljet mellom subjekt og objekt både reelt og ikkje reelt. Fordi Miller forklarer at menneske på den eine sida opplever å vera i omgang med objekta og at det er eit skilje mellom dei sjølve og objekta. På den andre sida er objekta umerkeleg til stades i liva våre slik at me ikkje reflekterer over at dei er der. Jo betre tilpassa objektet er til subjektet og bruken, jo mindre merkas det (Miller 2005: 4-20). Dei immaterielle og dei materielle historiane er samanhevde.

#### **2.1.4 Det situerte subjektet**

Med dei fenomenologiske perspektiva og tilknytinga til Cultural Studies sjåast individet i relasjon til ein større heilskap der meining og forståing skjer i møte med andre (Barker 2000: 271). Det partikulære kan bera med seg forteljingar om kulturen. Det har vore interesse for korleis ein sjølv formar og vert tilskriven

identitet innanfor Cultural Studies, og slik har ein sett subjektiviteten som ein diskursiv konstruksjon framfor ein eksisterande essens (ibid: 11). Informantane er kvinner og menn, og dei ser seg sjølve som dette. Dette trekk med seg at subjektiviteten opplevast kjønna (ibid: 226-227, Birkeland 2002: 83). Med andre ord opplever og formidlar mannen seg som mann og kvinna seg som kvinne framfor at dei nyttar den generelle termen ”menneske”.

Det situerte subjektet er situert kontekstuelt. (Frykman og Gilje 2003: 14-15). Av den grunn forsøker eg å skildre dei materielle kontekstane i empiridelen. Med interesse for kulturanalyse og for fenomenologi vert kontekstane viktige i forståinga av kulturen. Eg forsøker også å ha eit blikk på handlingane som finn stad under intervjeta, dette knyt eg til fenomenologien der særskilt Merleau-Ponty (og etterfølgjerar av han) er oppteken av korleis kroppen persiperer og handlar i høve til den konkrete, materielle verda som samstundes konstituerer det mentale verdsbiletet (Merleau-Ponty 1994, Abram 2005, Birkeland 2005). Denne tilknytinga aukar interessa for subjektet fordi subjektet er i kroppen. Dei kan med dette ikkje skiljast frå einannan. Med denne konstateringa finst det interesse for korleis høvet mellom subjekt og objekt kan sjåast. Heidegger feller mennesket inn i verda ontologisk og freistar å ta eit oppgjer med den cartesianske dualismen (Høystad 1994: 69). Seinare bruk og utvikling av fenomenologien lyt til å tenke dette vidare gjennom innføring av nye omgrep som plasserer mennesket stadleg fortolkande slik i grunnen Gadamer gjer med horisont-omgrepet (Krogh 1996: 247). Det finst forståingar av menneskets stad (Casey 1996, Frykman og Gilje 2003) og mennesket *som* stad (Birkeland 2002, 2005) som insisterer på sambandet mellom subjektet og staden. Med vektlegging av persepsjon, oppleveling og erfaring som stadlege praksistar (Frykman og Gilje 2003: 13) kjem ein til at mennesket og verda er i djupt samband med einannan (Abram 2005). Det gjer det aktuelt å freiste å tenke natur

og kultur saman slik Birkeland tek til orde for med sitt omgrep ”choragrafi” som eg kjem tilbake til seinare (Birkeland 2005: 147-149).

## 2.2 Problemstilling

Hovudspørsmålet eg arbeider ut ifrå er ”*Kva er ting for menneska?*”.

Spørsmålet er knytt til dei menneska eg har intervjuat. Med vekt på forteljingar vert studien oppteken av menneskas *historier* om tinga. Problemstillinga bør vise til metoden der det er ei utprøving av ei hypotese. Hypotesen er at forteljingar om ting kan seie noko om verkelegheitsforståingar i den norske samtidskulturen og at tinga på den måten er eit prisme for noko anna.

Metoden fører med seg ei utforskning av forholdet mellom det partikulære og kulturen; korleis kan dei partikulære historiane seie noko om den norske samtidskulturen. Med bakgrunn i interessa for sambandet mellom menneska, tinga og samtidskulturen har eg kome fram til ei todelt problemstilling;

Den fyrste delen av problemstillinga er knytt til historiane, grunnstoffet for analysen som følgjer, og svarar til metoden. Medan den andre delen er bestemmande for det fokuset eg har valt i analysen av intervjuumaterialet.

### Problemstilling

*Korleis kan subjektive forteljingar om tinga seie noko om verkelegheitsforståingar i den norske samtidskulturen?*

*Kva får einauge på om ein deler det eine mennesket inn i to måtar å verke på som ein kallar å gjera identitet og å ha integritet, og korleis kan ei slik inndeling kaste ljós over kva tinga er for menneska?*

## 2.2.1

### Utdjuping av problemstilling

Ut ifrå hovudspørsmålet ”Kva er ting for menneska?” held problemstillinga det ope for at det finst ein resiprositet mellom ting og menneske. Denne resiprositeten ser ut for å ha fleire nivå. For å få auge på det resiproke forholdet har det vore nyttig å tenke på kva som er felles ved det som kjenneteiknar den naturskapte og den kulturskapte materialiteten. Landskapet er annleis enn tinga, det er tregare og såleis meir stabilt i høve til korleis det verkar på sosial aktivitet. Fjellet eller treet kan ikkje flyttast på utan vidare. Ting finst likevel i landskap. Innanfor arkeologien og antropologien er ein oppteken av kva ting fortel om menneska i landskapet idet ein tenker seg at tinga fortel noko om måten menneska lever på og set det i samband med *naturens* eller *stadens* føresetnader (Ingold 2000: 190-193). Medan ein kultur også kan undersøkjast i det *materielle innhaldet; tinga*. Dersom ein er oppteken av kva det er å vera eit menneske er det naudsynt å anerkjenne at synet på mennesket i mange kulturar og disiplinar har vore synonymt med dei materielle kåra. Parallelt har dei materielle kåra ofte vore analyserte gjennom moralske briller slik at det ein *har* ofte har vorte tolka som teikn på kven ein *er* (Miller 2005:2).

På eit strukturelt plan kan det i den vidare framstillinga vera nyttig å kjenne til to ulike tankelekkjer som gjer synleg nokre skiljelinjer. Det er desse skiljelinene eg arbeider ut frå i problemstillinga der eg spør om identitet og integritet viser til to ulike måtar å vera til på. Om ein ser mennesket som subjekt eller objekt (Abram 43-49, Birkeland 2002: 90, 2005: 17, 124) vil svaret på kva ting er for menneska verte annleis. Begge delar er mogleg, men dei skrivast tilbake til to ulike tankesett. Det monadiske subjektet er skild frå verda med ei klar grense som skil mennesket frå omverda (Birkeland 2005: 82). Dette subjektet har mykje til felles med det cartesianske subjektet. Det mekanistiske verdsbiletet heng saman med det cartesianske skiljet mellom kropp og sjel. Til dette høyrer interessa for det geometriske og det abstrakte romet, objekta, observasjonen og naturvitenskapen

(Birkeland 2002: 89) og eg vil leggje til; interessa for identitet fordi dette omgrepet lyt til å handle om grensene mellom den eigne personen og dei andre. Dette kjem eg tilbake til.

I den andre tankelekkja er subjektet nomadisk, ikkje skild frå verda ikring men gåande på bakken og tilhøyrande verda. Mennesket er felt inn i livsverda og kan ikkje skiljast frå det som er ikring. Det er interesse for staden, deltakinga og persepsjonen (Birkeland 2002: 94), og ein finn ei anna forståing av romet der romet er innanfor staden og konstituerande for forholdet til staden (Abram 2005: 175-178). Til dette knyt eg omgrepet integritet idet Høystad hevder at dette gjer mennesket til eit persiperande subjekt som opnar opp for sine eigne ulike komponentar som opplevande og erkjennande. Det skjer eit vekselspel med omverda som gjer grensene mellom subjektet og verda opne (Høystad 1994: 16). I ei assosiativ tankerekke har eg kome fram til at dersom ein kan knytte omgrepet *identitet* til omgrepet *eksklusjon* dukkar omgrepet *inklusjon* opp som ein dikotomi til eksklusjonen. Eg finn inspirasjon til dette hjå Høystad (Høystad 1997: 7-28). For Høystad er ikkje mennesket ein identitet skild frå resten av verda, men eit persiperande opent vesen som deltek i verda med sin integritet. Eg er så fri at eg knyt eg inklusjonen til *integriteten* og vil gjere greie for dette i presentasjonen av dei sentrale omgropa.

## **2.2.2 Resiprositeten mellom ting og menneske**

Subjektet er alltid fysisk situert. Dette gjer det interessant å reflektere over kva som skil subjektet frå staden, dersom det i det heile kan skiljast frå einannan. For kanskje er kroppen sjølv ein stad slik Luce Irigaray tek til orde for og som Inger Birkeland utviklar vidare (Birkeland 2000:202, 2005: 148,149). Gjennom å sjå kroppen som ein stad vert det mogleg å sjå ein djupare ontologi mellom mennesket og naturen eller materialiteten. Med å gå så langt som å oppløyse skiljet mellom kroppen og materialiteten har ein for alvor lagt bak seg det

cartesianske skiljet mellom kropp og sjel. Om dette skiljet ikkje finst i den daglege erfaringa og opplevinga av livsverda kan ein i staden tenke på forholdet mellom ting og menneske som resiprokt. Det finst støtte for at der finst ein resiprositet mellom subjekt og objekt i Gadamers hermeneutikk (Krogh 1996: 242), Heideggers ontologi (Høystad 1994: 69-70), Merleau-Ponty sin kroppsfenomenologi (Merleau-Ponty 1994:92), Abram si utlegging om sansanes magi (Abram 2005:58), og Birkelands interesse for sambandet mellom den indre og den ytre geografien gjennom omgrepene chorografi (Birkeland 2005: 148-149) for å nemne nokre. Det einskilde subjektet er medskapar i verda og er på den måten med på å legge mening i det som er ikring, meininga er ikkje diktert på førehand men må kreerast og persiperast av eit subjekt som lever i ei (her) kulturell røynd.

Med dette kan to identiske ting ha ulik verdi. Desse forskjellane er moglege fordi tingens biografi er med på å konstruere meininga og verdien ved den. Historia om tingen er ofte i større grad historia om ein moralsk økonomi framfor historia om ein faktisk økonomi (meint som verdi målt i pengar) (Kopytoff 1986: 64). Den moralske verdien ved ein ting kan vera høg jamvel om den økonomiske verdien er låg. Kva som er moralsk kan kallast ein nøkkeli forståinga av kulturar fordi definisjonane på høgt og lågt, innanfor og utanfor heng saman med dei moralske normene. Moralen er på ein gong individuell og overindividuell. Den er som ein kjøl som styrer handlingane (Taylor 1998:44-47). Med interesse for den norske samtidskulturen er det også interesse for moral. Menneska utfører handlingar og kan bruke dei til å gjera synleg kven dei er. Handlingar kan ha økonomisk verdi slik som lønsarbeidet har, gjennom løna får ein kjøpekraft. Ting kan effektivt vise til handlingar. Gjennom å vera kjøpt kan dei vise til økonomi. Gjennom ein kulturell transformasjon kan difor ting og menneske koma til å tale om einannan, det oppstår ein resiprositet. Ein

konsekvens av resiprositeten er at tinga kan tale om identiteten (Miller 2005: 19).

Den ein framstiller seg som er til ein viss grad plastisk, ein vel sjølv noko av identiteten sin. Valet gjer at identitet vert sett som ein aktivitet og identiteten vert knytt til handling i staden for til essens (den ein er født til å vera) som er passivt (Bauman 1996: 18-19, Barker 2000: 166-167). Dette fører med seg eit syn på handling som gjer at livspolitikken strekk seg ut av det enkelte individet. Sjølvrealiseringss prosessane kjem til å ha globale konsekvensar, meiner Giddens (Giddens 1996: 249). Her minner eg om utgangspunktet for interessa for kva ting er for menneska. Det finst ei bekymring for forbruket i høve til naturen, og ei påpeiking av at forbruk er politisk. Dersom sjølvrealiseringa har med seg forbruk er det viktig å undersøke drivkraftene bak forbruket, som ofte ser ut for å handle om korleis du kan *bli*. Ein kan bli oppteken av *sjølvforming*. Fokuset på identitet som sjølvframstilling er stort. Ein ser seg sjølv i ulike kontekstar og blir medviten om at ein *står fram som* den ein er; Ikkje det at ein *er* den ein er.

Kanskje er ting i langt større grad kognitive storleikar enn materielle. Resiprositeten mellom ting og menneske gjeng kan hende i ei anna lei enn ein kunne vente seg. Integriteten og identiteten ser ut for å vera to ulike måtar å vera i verda på, som begge utførast av den same personen. I dette skiljet spelar resiprositeten med tinga ei rolle. Forteljingane om tinga viser at det finst ulike verkelegheitsforståingar i samtidskulturen. Individet forstår seg sjølv i høve til dei sosiale prosessane som det tek del i og sjølv er med på å utvikle, og såleis vert identitet til ein prosess. Sjølvidentiteten er det ein sjølv trur at ein er, meiner Giddens (Barker 2000: 167). Sjølvforståing og verkelegheitsforståing kan vera to sider av same sak. Såleis vert dei eigne historiane interessante. Her er tinga ein del av sjølv og av verda, forteljingane viser dette sambandet. Difor kan analysen av forteljingane gje tilgang på verkelegheitsforståing. Fordi menneska er så nære kulturelt og mentalt trengs ein distanse for å sjå korleis

verkelegheitsforståinga er. Det aristoteliske omgrepet mimesis er med på å skaffe distanse til empirien, og som det vert forklara seinare dreier det seg om verkelegheitsforståingar.

Lesinga av tingen skjer av eit subjekt som er situert stadleg, kulturelt, sosialt og personleg. Det gjer at tingen ikkje betyr det same for alle som ser den. Det er naudsynt å sjå at sanseinstrykk og dermed opplevingar kjem til gjennom det opplevande og fortolkande subjektet (Birkeland 2005: 18). Om ein kan svare på kva ting er for menneska vil eg halde opent. Spørsmålet opnar altså opp for å sjå forholdet mellom ting og menneske som resiprokt. Samtidskulturen er ramma som det resiproke forholdet sjåast innanfor. Med interesse for kulturanalyse vert tinga sett på som eit prisme for å forstå menneska i sin kultur. Ting kan sjåast som markørar av særskilte verdiar, noko som tyder at ein viss ting kan bety noko for ein og noko anna for ein annan. Det er naudsynt å kontekstualisere tinga i tid og stad (Miller 2005:10). Det kontekstuelle vert viktig.

### **2.3 Utdjuping av teoretiske perspektiv**

Fenomenologien er som nemnd både ein filosofi og ein metode (Zahavi 2003:7-8). Ambisjonen med intervjeta er å fortolke dei med interesse for kva dei fortel om kulturen. Kulturanalysen i denne studien går langt i å følgje den fenomenologiske metoden. Det kan vera verdt endå ein gong å peike på at dette paradoksalt nok kan sjå ut for å skape ei kløft mellom dei teoretiske omgropa som i hovudvekt er henta frå fenomenologien, og den empiriske tilnærminga. Fordi det er mogleg at dette kjem av spennvitta mellom fenomenologien som transcendentalfilosofi og den fenomenologiske metoden som vender seg til verkelegheita.

Ifolge Zahavi meiner Heidegger at filosofien bør analysere det som er så fundamentalt og sjølvsagt at det aldri blir skjenka ein tanke. Me kan analysere

og skjelne mellom forskjellige slags ”væren” som til dømes bruksgjenstandar (som gaflar og knivar), naturgjenstandar (som stein og planter), ideale gjenstandar (som tal) og mennesket (ibid: 44). Dette gjev ei konkret peiking på temaet for denne oppgåva, og gjer fenomenologien til eit allereie gjeve utkikkspunkt for å få auge på kulturen. Ein kan tolke Heidegger slik at han meiner at det ytre er med på å skape det indre romet. Tinga vil alltid stå i forhold til eit nett av tilvisingar til andre ting. Gjennom konkret bruk er tinga nære mennesket, og gjennom å vera til stades pregar dei romet. Fordi romet er kontekst for tinga og menneska må dette dragast inn i analysen. Medan tida er ein føresetnad for at ”væren” kan eksistere, alt som *er*, er i tid. Opplevinga av verda er kroppsleg og såleis vert subjektet viktig. Den subjektive opplevinga er ein føresetnad (ibid:47-53). Både Birkeland og Casey set fokus på ulikskapen mellom *rom* og *stad*. Slik vert ”stad” ein relevant kategori. For Birkeland og Casey vert staden meir relevant for subjektet enn romet fordi *rom* og *subjekt* står i eit fjernare forhold til einannan enn *stad* og *subjekt* slik dei ser det. Med å knytte stad til subjektet freistar ein å forstå mennesket innanfrå, som ei levd ”stad-verd” (Casey 1996: 17). Medan rom-kategorien kan knytast til eit utanfrå- og inn-perspektiv kor mennesket er skild frå det som er ikring. Dette må ifølge Birkeland sjåast i ljós av omgreps-historia og det geometriske verdsbiletet som oppstod i århundra etter renessansen. Vendinga mot staden gjev ei større forståing av subjektet (Birkeland 2006: 1-2, 6).

Det er med andre ord ein skilnad mellom rom og stad (Birkeland 2002: 89). Dette er fordi staden kan knytast til det *opplevande* og *deltakande* subjektet medan romet kan knytast til det *observerande* subjektet. Dette er to ulike utgangspunkt for forståing. Om ein har interesse for det situerte subjektet er det styrkande å sjå på nærleiken i relasjonane til dei andre og til verda ikring (ibid: 94). Gjennom å sjå på omgrepene ”stad” kan subjektet verte tydelegare situert og kontekstualisert. Denne oppklaringa kan verke til ei utdjuping av

fenomenologien og det kjem fram endå eit interessant omgrep frå den greske antikken.

Ifølge Birkeland hadde både Platon og Aristoteles interesse for staden.

Omgrepet ”choros” tyder ”stad” til skilje frå ”topos” som tyder ”rom”. Det har altså funnest ei oppfatning av at rom og stad ikkje er det same. ”Choros” er korleis staden er sett innanfrå og nedanfrå og å snakke om staden på denne måten er å gje den ein ontologisk status (Birkeland 2005: 134-135).<sup>2</sup> Det er interessant å reflektere over at dette skiljet fanst langt tilbake i tid for så å gradvis tonast ned til å bli eit spørsmål om eit abstrakt rom for vitenskapen. Ei oppløysing av dualismetankegangen kan dermed innebere at ein hentar tilbake distinksjonar i språket. Det kjem til ei ytterlegare problematisering av skiljet mellom rom og stad under.

## 2.4 Sentrale omgrep

Staden, og romet innanfor staden, vil vera utgangspunktet for analysen av kva ting er for menneska. Medan omgrepa identitet og integritet her ser menneska i samband med korleis dei handlar og forstår seg sjølve, og det fører med seg ei utforsking av desse to omgrepa sjølve. Med utforskinga av omgrepa identitet og integritet kjem det til syne ulike menneskelege praksisar som begge høyrer til det eine subjektet.

---

<sup>2</sup> For den som ynskjer ei nærmare utgreiing om skiljet mellom stad og rom og den seinare avvisingen av stad til fordel for rom finst ei fin utgreiing hjå Casey 1996.

## 2.4.1

### Fenomenologien og omgrepa

Det kan kanskje verke klargjerande å syne korleis dei valde omgrepa står i forhold til fenomenologien og interessa for subjektet innan dei vert forklara kvar for seg.

Som nemnd gjerast opplevingar og erfaringar på *stader* som omsluttar oss. Med fenomenologien får ein auge på at stader konstituerer oss og at me konstituerer stadene. Menneske så vel som *entitetar* er alltid og overalt stadbundne (Casey 1996: 18-19, 24). Fokuset på *ting* ser individet i samband med staden. Ting finst på stader (ibid: 25). Rom-omgrepet er i munnleg bruk om roma i huset og det fører med seg at det vert naudsynt å sjå på kva dette omgrepet inneber i tillegg til det nemnde utanfrå- og inn-perspektivet. Eg møtte informantane på stader. Me var i dei og såg dei nedanfrå og innanfrå, men under intervjuet var me likevel i rom inne i husa. Desse roma gav horisontar, omgjevnadar, synsintrykk, lydar, lukter og avtrykk mot kroppen. Innanfor stadene finst det altså opplevde og erfarte *rom* (Abram 2005: 175-178).

I den personlege erfaringa er omgrepet *tid* relevant. Tankar kring tida vert ei opning i forståinga av intervjuet, og det kjem til ei utdjuping av forholdet mellom stad, rom og tid .

Ting og menneske sjåast saman her. *Entitet* og *identitet* er ord av same opphav. Ein entitet er i utgangspunktet ein ting. Omgrepet entitet peikar mot fenomenologien fordi det forklarast med ein tings vesen, væren. Tinga er entitetar, menneska har identitetar. Ordet *identitet* er knytt til kven nokon er (Fink 1991: 205). Det skil den eine personen frå den andre, og gjer at me kan skilje mellom kven som gjer kva slik at den einskilde vert ansvarleg for handlingane sine. Slik finst det djupare kulturelle trekk knytt til omgrepet.

Mennesket har også *integritet* (Høystad 1997:7). Det gjeng føre seg eit sosialt liv der den enkelte er integrert med andre menneske. *Inklusjon* og *eksklusjon* er

handlingar som skjer i det sosiale, og som handlar om gjensidige definisjonar. Forteljingane om tinga ber i seg forteljingar om identitet og integritet, omgrep som i handling heng saman med inklusjon og eksklusjon. Og som vidare kan setjast i samband med korleis me tenker om stad og rom.

*Kroppen* er personleg, men sidan den har evne til å persipere verda kring gjennom sanseapparatet er kroppen også open for verda. Kroppen er unik samstundes som den liknar andre kroppar i verda. Kroppen er ein erfaringsbase, difor er dei kroppslege erfaringane også mentale (Merleau-Ponty 1994:35).

#### 2.4.2      **Kropp, rom og stad**

Kroppen er personleg og kan sjåast som ”identitetens plass” eller som ein stad i seg sjølv (Birkeland 2000: 201).

Persepsjonen skjer gjennom den eigne kroppen. Kroppen er subjekt fordi den er føresetnaden for persepsjon, oppleving og erfaring ”innanfrå”, men den kan

skildrast som objekt fordi den kan sjåast utanfrå som ein romleg storleik. I visse høve vert det vanskeleg å skilje subjekt frå objekt i analysen. Dei glir i einannan. Difor kan det vera oppklarande å tenke over kva som skil og kva som sameiner ting og menneske, eller subjekt og objekt.

Kroppen tek plass i rommet slik tinga gjer. Kroppens storleik vil endre rommet med å vera til stades i det. Den kan på den eine sida sjåast som ”en genstand, som ikke forlader mig” (Merleau-Ponty 1994: 31). Ein ser delar av sin eigen



Figur 1 "Grounded, walking." Foto: Rune Kyvik

kropp når ein ser nedover seg sjølv. Dei andre kroppane i romet kan også sjåast på same måte som gjenstandane fordi dei er romlege storleikar.

På den andre sida er kroppen likevel ikkje ein gjenstand. Den har ein annan status som kan setjast i samband med eigenviljen og evna til rørsle. Kroppen er ein føresetnad for identitet, den situerer mennesket som eit kroppsleg persiperande individ. Eit trykk mot huda med ein viss motstand eller ettergjevnad inneheld informasjon om tingene (ibid: 35). Tinga etterlet seg noko me kan hugse. Og dei fører til improvisasjon i dei daglege handlingane (Abram 2005: 58).

Det ein ser vil skifte etter kor ein står slik horisonten i landskapet endrar seg med at ein beveger seg i det. Blikket kan vendas mot det tome eller mot det som er til stades. Kva blikket vandrar mot styrer også resten av kroppens rørsler. Ting kan føre til mentale fokus, og påverke den kroppslege rørsla. Ved å sjå kroppen som ein romleg storleik objektiverer ein kanskje subjektet, men subjektet handlar med omsyn til det som er ikring. Subjektet er på staden gjennom ein ”stad-væren”<sup>3</sup>. Ved å få fram dei subjektive historiane vert likevel ikkje mennesket gjort til objekt. Kant slår fast at alt som eksisterer eksisterer i *tid* og *rom*. For Kant er dette viktige erkjenningskategoriar (Lübcke 1996: 293). Ein lyt forstå hans vekt på romkategorien gjennom å situere han historisk og stadleg. Omgrepene rom og stad lyt som nemnd ofte til å bli knytt til to ulike tankesett der det eine kan knytast til det mekanistiske verdsbiletet (rom) og det andre kan knytast til kritikken av dualismetanken (stad). Men omgrepene stad og rom kan diskuterast ytterlegare. Omgrepene stad situerer subjektet og ser det som opplevande og erfarannde innanfrå. Persepsjonen skjer *i* stader som ein dialektikk mellom staden og mennesket. Gjennom sansinga opplevast staden innanfrå. Me

---

<sup>3</sup> ”Stad-væren”: Eit omgrep som Inger Birkelands kom på under ei rettleiing og som viser til at også staden har sin eigenart, sin ”væren”. Sjå avklaringa av omgrepene ”væren”.

opplever aldri noko utanfor staden. Som Steven Feld seier det; "as place is sensed, senses are placed; as places make sense, senses make place" (Casey 1996:19).

Ein kan legge til at dette er eit fokus som søker å jorde mennesket til staden. Men det kjem kan hende an på kva ein vil undersøke og med dette korleis ein er situert fagleg. Her vil rett og slett omgrepet stad ikkje gå langt nok inn i huset, sjølv om ein kan vera einig i at stader erfarast innanfrå og nedanfrå og at mange perspektiv på stad er relevante for oppgåva.

Men i huset er der rom, det er slik me snakkar om det, me seier at husa har rominndeling og ikkje stadinndeling. Slik at rom-omgrepet i utgangspunktet får fleire tydingar her og det vil ikkje vera enkelt å sjå bort frå bruken av nokon av dei to orda. Abram kan forklare kvifor dette er vanskeleg. For Abram er forståinga av staden sett i samband med at det finst ei djupare oppleving av rom-og-tid for mennesket. Han gjer dette synleg gjennom å knyte det til verkelegheitsforståingar som finst i munnlege kulturar der det cartesianske verdsbiletet er framand (Abram 2005).

Rom har to tydingar, romet er både utanfor staden og omsluttar den, og romet er innanfor staden og med på gjera mennesket djupt forbunde med staden. Abram set menneskets levde forståing av romet i tilknyting til ei sirkulær tidsforståing (Abram 2005: 175). Det kan sjå ut for at han meiner at ein ikkje kan avvise eller erstatte kategorien rom, men at ein lyt sjå at rom-omgrepet utdjupar staden og at dette må knytast til den faktiske erfaringa av å vera til, altså til tida.

"Til forskjell fra lineær tid, kan ikke syklistisk tid lett isoleres frå de romlige omenene som eksemplifiserer den, for eksempel fra solens, månenes og stjernenes løpebane. Ulikt fra en rett linje, markerer og omslutter sirkelen et romlig felt. Det synlige rommet i en bolig er omsluttet av et uterom som igjen er omsluttet av et sirkulært mysterium som vi har gitt navnet `horisont` . Horisontens nøyaktige omriss varierer betydelig i forskjellig terrengr, men når

vi klatter opp til et fremtredende utkikkspunkt blir den synlige verdens sirkulære karakter tydelig. Dermed får syklist tid, den tid som en muntlig kultur erfarer, samme form som det sansbare rommet. Og de to sirklene er egentlig én (ibid 175-176)”.

Abram utdjupar vidare at oppfattinga av tida som syklist, det at året gjentek seg, er knytt til den konkrete erfaringa av korleis naturen skifter gjennom året. Tida og erfaringa heng saman og gjer at det ikkje finst eit skilje mellom tid og rom i munnlege kulturar. Rom opplevast vidare direkte som stad eller stader;

”Som vi så ovenfor, oppleves rom i en muntlig kultur direkte som et *sted* eller som *steder*, som en differensiert sfære av ulike steder der hvert sted har sin egen kraft, sin egen måte å påvirke sansene og bevissheten vår på. Til forskjell fra abstraksjonen med et uendelig og homogent `rom`, er stedet fra begynnelsen av en kvalitativ matrise, et kraftfullt, pulserende erfaringsfelt som kan bevege oss også med sin stillhet og ro. Det er en form for rom som allerede er temporalt (ibid:176).”

I undersøkinga av kva ting er for menneska er det romet som omsluttar oss ei heimleg sfære der kommunikasjonen som gjeng føre seg er munnleg. Kanskje ein kan kalle heimen for ein munnleg kultur og slik sett kle romforståinga inn i Abrams utdjuping. Fokuset er på tinga, som er i romet, som er i huset, som igjen er på ein stad. Romet i huset er annleis om der er tomt enn om der er ting. Tinga har kome inn i romet på eit tidspunkt, dei er flytta dit av menneska. Dei er tilverka på eit tidspunkt og er så og så gamle eller nye, dei har varigheit. Tinga finst i ein historisk situasjon, det gjer også menneska. Ved å bli verande eller bli flytta inn og ut av romet kan dei vise til endring og stabilitet. Ting er med på å gje mentale og kroppslege erfaringar fordi dei er på same stader som menneska og dei finst i rom der menneska også finst. Ei slik tilnærming gjer det mogleg å sjå at det er eit nært samband mellom plasseringa av tinga og korleis me ter oss. Til dømes er møblar både ei hindring i romet og ein moglegheit for handling.

Merleau-Ponty forklarar korleis kroppen sjølv har romlegheit og dermed er med på å setje preg på det han kallar det objektive romet gjennom å vera i det. Medan persepsjonen av romet må skje gjennom ”væren” i romet.(Merleau-Ponty 1994:104). Rom og tid er forbunde med einannan.

### **2.4.3 Entitet**

Ting og kropp får nærmest eit minste felles multiplum i omgrepene entitet om ein likestiller ting og menneske. Omgrepene entitet tyder ifølge framandordboka ”væren, vesen” (Berulfsen 1978). Medan ein finn ei litt rikare forståing i filosofileksikonet idet det vert skildra slik; ”entitet (latin entitas, vesen, værende), uttrykk innført i skolastikken som oversettelse av det greske *on*. 1. En tings eller arts vesen. 2. Noe værende, en gjenstand”etc. (Lübcke 1996: 142).

I desse forklaringane får omgrepene entitet ein dimensjon som knyt det til terminologien i fenomenologien. Tingen er ein ”væren, vesen”. Forholdet mellom ting og menneske kan setjast inn i eit fenomenologisk rammeverk der interessa for kroppen, tida, romet og staden allereie finst. Omgrepene entitet gjev inngangar til forståing for kva tinga er for menneska fordi teoretiske kontekstar allereie er verksame i ordbokas forklaring av omgrepene som ”væren”.

Om ein seier at entitet er tingens vesen og kallar det ”Noe værende, en gjenstand” lyt ein ta med omgrepene tid. Dersom noko skal vare må det vare i tid. Det verande er verande i tida. Når tingen har eit vesen kjem det av at den vert omtala og rekna med i dagleglivet til informanten. Tingen vert tillagt ei bestemt mening. Fokuset her er på informantens forteljingar. Når ein ting ikkje fyrst og fremst handlar om seg sjølv, altså ikkje er sjølvrefererande, kan ein tenke den som ein refleksiv entitet. Informantens forteljing om tingen ber i seg andre historiar. Ofte handlar ikkje tingen om tingen, men tingen viser til noko anna med sin ”væren”. Intervjuet handlar oftast om det tinga viser til. Omgrepene

”entitet” vert ei sameining av det tingen ser ut som som form i romet og det den viser til for informanten.

Utgangspunktet for å interessere seg for omgrepene ”entitet” er at omgrepene kan tenkjast som ei ordstamme og byggjast ut til det sentrale omgrepene ”identitet” ved å tilføye ”idem” som forstaving. 4

#### 2.4.4 Identitet

Identiteten kan vera eit definisjonsspørsmål og identiteten kan vera fastlagd. Omgrepet kan vere knytt til genar, kjønn, alder, seksualitet, klasse, nasjonalitet, stillingsgrad, klesstil, fag, reiseval, etnosentrisme, eurosentrisme, og sameksistens (Fink 1991: 204) for å nemne eit utval. Difor er identitetsomgrepet nærast eit gummiomgrep. Likevel kan omgrepene brukast til noko særskilt.

Modernitet og identitet vert ofte sett i samanheng, og individualisering vert gjerne framheva som eit viktig kulturtrekk. Med individualiseringa trer enkeltindividet fram som viktig og unikt i høve til dei andre. Identiteten kjem til syne og ein kan hevde at den vert gjort til eit varig livsprosjekt (Sjå t. d. Bauman 1996 ;Giddens 1996; Skårderud m. fl. 2003). Identitet er interessant her fordi



Figur 2 "Who were they?" Foto: Rune Kyvik

<sup>4</sup> For å ikkje trøytte ut leseren med etymologiske spissfindigheitar her finst det ei meir utfyllande utgreiing av begrepshistorien i Fink 1991 s. 205 – 206.

studien tek utgangspunkt i dei individuelle historiane. Tinga vert skildra av dei einskilde menneska. Dei ulike måtane ein ser identitet på kastar ljós over ulike sider ved det menneskelege.

Om ein er oppteken av å sjå identitet gjennom dei sosiale konstruksjonane og klasseskilnadane kan ein finne perspektiv i sosiologien. Sosiologen Pierre Bourdieu henta energien sin i desse sosiale ulikskapane. Bourdieu hevdar i ”Distinksjonen” (Bourdieu 1979) at den sosiale inndelinga gjev seg utslag i ulike uttrykk. Desse uttrykka er teikn på noko som ligg bak. Dei som liknar einannan hermar etter einannan, og dei som er lågt på den sosiale rangstigen hermar etter dei som er høgt på den sosiale rangstigen. Den sosiale verda vert eit nett av føresette handlingar rotfesta i konteksten kring den enkeltes livshistorie.

For Bourdieu er det sosiale delt inn i mimetiske system (slik eg tolkar det) som han ordnar inn under tre grunnomgrep; felt, habitus og kapital. Innanfor desse grunnomgrepa plasserer han individua i kollektiver. Han skildrar samanhengen mellom habitus, felt og kapital. (Jakobsen 2002:XII- XIII). Det sosiale feltet sjåast som ein kamparena der det som står på spel er makta over klassifikasjonane. I dette er dominans viktig (ibid: XIV). Slik vert handlingar til instrument for makt, og mennesket vert med andre ord instrumentelt. Med kapitalomgrepet vil han skildre korleis ulike former for akkumulert kunnskap kjem til nytte i det sosiale, og korleis ulike kapitalar kjem til syne. For at individet skal verke autentisk bør felt, habitus og kapital vera tilpassa einannan. Viss ikkje kjem det til syne som anakronistiske framtredingar, som fort kan setje individet i eit latterleg ljós (ibid:XIII, XVI). På den måten kan ein hevde at ”Distinksjonen” er eigna til å drive ein form for diagnostikk. Den enkelte vert attkjenneleg som del av ein kollektiv identitet. Det personlege uttrykket avslører korleis ein høyrer til på den sosiale rangstigen. Det personlege sjåast i ljós av ein bakgrunn. Ifølge Bourdieu kan ein klassifisere identiteten. Identiteten setjast inn i større system slik at livshistorier som liknar einannan kjem til syne som

generelle framfor spesielle. For meg ser det ut for at det er vekt på det ein kan kalle ”kvalitative identitetar”.

”Kvalitativ identitet: En tings ”sammehed” med andre ting, som det ligner i en eller flere bestemte henseender, til forskel fra de andre ting, som den ikke ligner i så henseende. En tings lighed eller ensched med andre ting i bestemte henseender (Fink 1991: 206).”

Ei innvending kan vera at skildringa av identiteten vert tilpassa system. Dei sosiale systema kan lett nyttast som autoritet over den einskildes historie. Ein kan hevde at eit slikt syn på identitet får eit fatalistisk preg. Mennesket kjem ikkje unna den opphavlege konteksten. Marknadsføringa og interiørarkitektane har oppdaga det potensialet ”Distinksjonen” har til å trygge usikre konsumentar. Teikn på høg kulturell kapital kan kjøpast mot ein konsultasjon av heimen. Flytting og byting av tinga kan fungere som design av ei truverde som forankrast i ytre teikn. Arbeidet med å få truverdet til å verte sanning kan bli eit prosjekt i seg sjølv, nærmest som ein hobby. Slike historier finst.<sup>5</sup>

Slik er det ikkje i den komande analysen. Som følgje av den fenomenologiske metoden vert ein utfordra til å ”gå til saka sjølv”. Informantane er nøkkelpersonar for denne informasjonen. Deira identitet er interessant fordi dei sjølve ofte aktualiserer den gjennom å vise korleis tinga deira ber i seg forteljinga om dei sjølve. Det nærmeste identitetsomgrepet vert truleg det ein kallar ein ”numerisk identitet” fordi den einskilde informanten er unikt interessant.

---

<sup>5</sup> Dagbladet 15/2-2004 på: [www.dagbladet.no/magasinet/2004/02/15](http://www.dagbladet.no/magasinet/2004/02/15) ”Disse bor her”

”Numerisk identitet: En tings ”sammehed” med seg selv til forskel fra alle andre ting. En tings enhed i rum og kontinuitet i tid som nettopp denne bestemte enkeltting (Fink 1991: 206)“.

Informanten sjåast som unikt interessant. Informanten fortel om tinga. Dersom tinga er ein del av identiteten, er det ein del ein kan endre. Tinga kan i så fall sjåast som ein del av personens ”generiske identitet” til forskjell frå dei medfødde genene og den gjevne identiteten på identifikasjonspapira som vil vera den numeriske identiteten.

”Generisk identitet: En tings ”sammehed” med alle andre ting af samme ”genus” – samme slags, art, type, kategori eller klasse. En tings tilhørsforhold til et bestemt fællesskab af andre ting (Fink 1991: 206)“.

Intervjuet finn stad i hus som informanten har forma gjennom handlingar. Husa har rom, tinga er der fordi dei er brukt dit av nokon. Identitet og handling heng i hop i analysen. Difor ser eg menneske og ting i ein romleg så vel som ein sosial og stadleg kontekst. Denne konteksten gjer at handling vert synleg fordi ein ser at rommet endrar seg med tinga. Tinga pregar rommet, og tinga vert plassert i rommet av menneska. I ei slik forståing vil eg argumentere for at omgrepene identitet kan sjåast som ein måte å handle i verda på og at ein difor kan seie at ein *gjer identitet*. Måten identiteten kjem til syne på er gjennom handling. Under vil eg freiste å forklare korleis ein kan knyte omgrepene identitet til handling.

For å gjera dette synleg tek eg utgangspunkt i ordets eigentlege mening. I framandordboka tyder ordet identitet ”fullstendig overensstemmelse”. Medan ordet identifisere tyder ”å påvise samstemmigheten av; bringe under samme begrep; gjenkjenne som den (det) rette (Berulfsen 1978). Omgrepene er eigna når ein vil syne at nokon er lausrive frå dei andre. Identiteten skil seg frå dei andre gjennom fysisk avgrensing, kroppen er skild frå andre kroppar i verda. Slik er ordet identitet særskilt eigna til å syne korleis nokon skil seg frå dei andre.

Identiteten er til ein viss grad formbar, ein kan gjera synleg kven ein er lik og kven ein skil seg bort frå. Grenseoppgangane mellom oss og dei andre vert synlege gjennom det ein kan kalle identitetsforvalting.

Når ein vert oppteken av identiteten sin kan ein difor tru at ein vert oppteken av korleis ein skil seg frå dei andre, og korleis ein liknar dei. Det ligg an til ei utmeisling. Denne formainga gjer at eg ynskjer å ta i bruk ordstillinga *gjera identitet*.

## 2.4.5 Integritet

I framordboka forklarast ”integritet” slik: ”helhet, uskaddhet; ukrenkelighet (Berulfsen 1978)”. Ifølge Høystad kan ein erstatte omgrepene identitet med integritet (Høystad 1994: 160-161, 227). Dei to omgrepene leiar ut i to ulike tilnæringsmåtar til mennesket. For Høystad handlar omgrepene identitet om å vera lik eller identisk med. Av den grunn vert ein ekstra merksam på grensene mellom det ein er lik og det ein er forskjellig frå. Identitetsomgrepene vert knytt til den eigne personen men også til staden, nasjonen, religionen og tinga. Slik sett vert identitetsomgrepene særleg eigna til grensesetting. Ein er ikkje berre til, ein er også eit teikn på kven ein er og kven ein ikkje er. Dette synet vert nærmast ein karikatur av mennesket som overflatisk vesen. Motsatsen for Høystad ligg i menneskets integritet. Integriteten har moralske implikasjoner (ibid: 161). Å ha integritet fører til inklusjon og gjer at mennesket kan kjenne ein heilskap med det andre. For med omgrepene integritet meiner han at menneskets erfaringsbaserte mentale og kroppslege opplevelingar vert innlemma i den heilskapen som individet er (Høystad 1997:11). Høystad tek utgangspunkt i Heideggers ontologi som feller mennesket inn i verda. Den kartesianske dualismen mellom subjekt og objekt kan kaste ljós over hans syn på identitet som grensemarkør. Dualismetanken skil kroppen frå det som er ikring. Med Heidegger argumenterer han for at ein ikkje kan forstå mennesket utan å forstå

verda. Mennesket står i eit gjensidig høve til verda (ibid:14). Utgangspunktet for den moderne interessa for identitet er såleis ei vidareføring av dualismetanken fordi den så klart skil individua frå einannan. Subjektet får tilhald i ein kropp som er skild frå andre kroppar, det individuelle prosjektet vert viktigare enn det kollektive.

Høystad peikar på at mennesket er eit samansett handlande vesen som ikkje berre har ein sjølvframstillinge identitet. Mennesket er også integrert i ein større storleik, i verda som natur, dette gjer at ein lyt vera merksam på menneskets integritet. Ein kan seie at integritet er noko ein *har* (ibid:8, 11) medan identitet er noko ein *gjer*. Det gjer dei to omgrepa til to ulike måtar å verke i verda på. Medan den eine måten, identiteten, kan formast og såleis er intensionell, er den andre måten, integriteten, strukturell og viser til korleis mennesket er integrert i ein heilskap. Det kan ikkje skiljast frå det andre kring seg. Om det eine mennesket kjem til skade skadar det også heilskapen.

Det sosiale er ein stad som mennesket er til og påverkar gjennom sin eksistens, ein parallel til natursynet i den filosofiske antropologien som Høystad representerer.

I det sosiale livet vil eg argumentere for at mennesket tek i bruk både identiteten og integriteten. Eg ser det som to ulike måtar å vera i verda på. Identiteten er knytt til dei eigne strategiane for å verte synleg for seg sjølv og andre.

Integriteten kan tenkjast som personlege ressursar som er i verksemd under inklusjonen. Bakhtin meiner at det gjeng føre seg ein inklusjon av den andre når fleire ler saman, og at inklusjon er å anerkjenne den andre som subjekt (Bakhtin 2003:197). Med dette i minne knyt eg integriteten til inklusjonen fordi også integriteten ber verdigheita og heilskapen til subjektet.

I den vidare framstillinga gjeng eg ut frå at mennesket *gjer* identitet og *har* integritet samstundes, og at desse to omgrepa handlar om to ulike måtar å vera i verda på. Begge desse måtane er knytt til handlingar, men spring ut av to ulike

sett med haldningar. Den eine er ekskluderande og høyrer til identitetens skilje mellom meg og dei andre. Medan den andre er inkluderande og høyrer til integriteten som ei inkluderande haldning som fører til inkluderande handlingar, her verkar intersubjektiviteten. Mellom inklusjonen og eksklusjonen finst toleransen.

## 2.4.6 Tid

Alt som eksisterer eksisterer i tid. Tankar om tida er ikkje universelle. Til dømes spring ulikskapen mellom og kategoriseringa av syklist og kronologisk tid ut frå to ulike tankesett. Desse tankesetta vert gjerne knytt til skilnaden mellom det førmoderne og det moderne. I den kronologiske tida som er den dominerande uttrykte vestlege førestellinga om tid, er tida irreversibel (Høystad 1994: 103). Bevisstheita om at individet eksisterer i tida mellom fødsel og død gjev tinga ein særskilt posisjon. Dei kan forlenge eigarens eksistens gjennom å bli verande i verda etter eigarens død. Dei kan også intensivere livskjensla fordi dei vert transformert til bevis på handling, dei statuerer val, ønskjer og begjær. Begjæret er knytt til draum og fantasi (Baudrillard 1996: 96-97). Ein ting som ser konkret ut, som eit faktum for meg, kan vera lada av (usynleg) meining for deg.

På musea vert ting kontekstualisert i historisk tid. Arkeologien fortel om utviklinga etter ei linær tidsforståing. Dette kan gjerne knytast til ideen om evolusjon, der hendingar etter einannan i tid fører til at ein art utviklar seg i ei bestemt retning (Høystad 1994: 65). Men mest av alt er kanskje dette eit resultat av medvetet om den ufråvikelege historisiteten (*ibid*:103) som også Gadamer er oppteken av i sin hermeneutikk (Krogh 1996: 245).

Samanblandinga av det rasjonelle og det kjenslestyrte i kvardagen gjer det til ei utfordring å skilje ut tankar om tid i høve til tinga. Tankar om tid ser ut for å ha i seg ei rekke posisjonar der menneskesynet er ein komponent i tenkinga.

Subjektet blei situert i tid og rom med Kant. Mennesket vert til ”subjektet her inne” og naturen til ”objektet der ute” (Høystad 1994: 35). Sanninga vert situert i tid og rom. Med influens frå Hegel situerast mennesket historisk og nasjonalt. Menneska kan ikkje eksistere separat frå tida eller staden. Det kan heller ikkje tinga. I det augneblikket mennesket er i same rom som ein ting er dei der til same tid. Men ting kan ha lengre eller kortare varigheit enn mennesket. Informantanes skildringar av tinga er ofte prega av tankar kring tida.

Henri Bergson hevdar ifølge Hans Kolstad (Kolstad 1998: 58) at problemet med å skilje mellom ting og tid er av psykologisk art. Sjelstilstandane er av ein slik karakter at dei glir inn i einannan og fargar einannan. Dette gjer det umogleg å stille kjenslene opp etter einannan og skilje dei. Skilnaden mellom tida og tinga er at tinga kan skiljast ut frå romet med klare konturar og såleis kan kallast kvantitative. Medan tida er sameint med sjelstilstandane og difor vert ho til eit kvalitativt aspekt ved verkelegheita.

Bergson hevdar at varigheita er ein del av heilskapen i verda, der alle ting gjeng over i einannan utan faste grenser og difor vert prega av einannan. Dette er ei organisk førestelling der dei einskilde delane ikkje kan rivast laus frå heilskapen utan å endre den. Kvar gong noko nytt kjem til eller noko gamalt vert teke bort endrar det heilskapen, og varigheita endrar karakter. På den måten er nyskapinga ein del av varigheita (ibid: 62).

Fortida er også ein del av varigheita. Minner er fortidige medan tingen er i samtidia. Fortida er med inn i samtidia med hjelp av tingen. Noko er som det var i førre augneblikk. Såleis dannar univers av ting ein viss stabilitet til likes med stadene. Som Casey seier så er ein stad like så mykje av kvalitativ som av fysisk karakter. Med å vera slik den er tek den opp i seg kvalitetane til dei som er der, og tilbyr sjølv eit sett kvalitetar. Fordi den kan oppsøkast igjen og igjen er den med på å skapa samanhengar og meining (Casey 1996: 26-27). Naturkatastrofar er døme på det motsette av stabilitet. Dei velter om på alle kjente ting og bryt

den materielle stabiliteten. Slik ser ein at den materielle stabiliteten også fungerer som ein mental stabilitet.

Tingen i seg sjølv er konstruert i ei historisk tid, og den kan bera på historier som finn stad i tid. Tingen kan bera i seg fortid, samtid og framtid, og den kan tolkas på nytt i den nye tida. Ved å vera til dømes eit arvestykke som skal gå vidare i slekta kan tingen jamvel bera i seg ønskjer for framtida Samstundes kan tingen vera ei symbolisert flukt inn i fortida, kor barndommen har ein særskilt posisjon. Barndommens tid fungerer som ein innvendig fluktstad som med sin private karakter er utilgjengeleg for andre (Baudrillard 1996: 80). Tinga ser ut for å strekke tidshorisontane våre.

På bakgrunn av Baudrillard og Bergson vil eg hevde at samansmeltinga av tid og ting kjem til eit møte i sjølvrefleksjonen. Ting kan gå inn som ein del av identitetsarbeidet. Dei synlege tinga kan ha som funksjon at dei dannar eit personleg indre univers. Det vert nærliggjande å tenkje at ting har som potensiale at dei kan vera speglingar av indre biletet. Dei er synlege som gjenstandar i romet, medan dei er skjulte som meiningsbererar. Ting vert manifeste utan at tilskodaren umiddelbart kan vita på kva for måte.

## **3 Metode**

### **3.1 Den kvalitative metoden**

Med dei fenomenologiske perspektiva og den faglege tilknytinga finst det interesse for meinung i denne oppgåva. Meinung sokast gjennom kvalitative intervju som på si side reknast for å vera ein nøkkelmetode innanfor Cultural Studies (Barker 2000: 26-27, 38). For å ta meinung på alvor må ein anerkjenne at mennesket er eit meinande vesen, og slik kan ein anerkjenne autonomien til informanten. Mennesket har alltid interessa si vend mot noko som Ryen kallar ”det meiningsfylde objektet” (Ryen 2002: 44). Her har eg nytta kvalitativ metode i datainnsamlinga, medan intervjeta har rettleiande perspektiv frå den fenomenologiske metoden. Fokus har vore å følgje informantane så langt råd er utan å miste tema for samtalen. Fordi konteksten vert viktig i forståinga av korleis subjekta er situerte, vil analysen ha i seg skildringar av dei stadene der intervjeta gjeng føre seg. Eg viser korleis eg ser omgjevnadane, det er ein måte å syne fram seg sjølv som situert subjekt også (Klein og Ehn 1994: 46).

Skildringane sokjer likevel mest av alt å kontekstualisere informantane.

Dei kvalitative metodane gjev fleire moglegheitar. Metoden kjenneteiknast mellom anna av færre, men lengre intervju. Ofte setjast kvalitativ og kvantitativ metode opp mot einannan, medan ein i røynda kan ha bruk for metodetriangulering. Kvantitative undersøkingar krev eit høgt tal av informantar og gjennomførast gjerne gjennom avkryssing på spørjeskjema. Difor er det ikkje alltid naudsynt å vere i personleg kontakt med informantane. Medan den personlege kontakten med informantane er ein føresetnad i dei kvalitative intervjeta. (Repstad 1998:14, Kvale 1997:60 ). Nærleik på intervjustaden er altså

ein føresetnad for den kvalitative metoden, og denne nærleiken er både fysisk og mental.

## **3.2 Datainnsamlinga**

Anonymisering og konfidensialitet er ein føresetnad for datainnsamlinga og eg har fylgt krava frå NSD<sup>6</sup> der oppgåva er tilmeld og godkjend. Intervjua gjekk føre seg heime hjå informantane gjennom våren 2005. Informantane vart gjord kjende med tema og formalia i forkant av intervjua. Alle intervjua vart tekne opp på ein minidisc-spelar og dei vart transkriberte etter kvart som dei vart gjort. Etter at kvart intervju var avslutta spurte eg informantane om lov til å ta bilete av dei tinga som dei sjølve tykte var viktige for dei, desse biletene vart sorterte på ei eige datafil kor biletene vart nummererte i staden for at dei vart namngjevne, og dei vart lagra slik krava frå NSD er. Informantane vart gjort kjende med at eg tenkte å bruke fotografia i framstillinga av oppgåva og dei gav samtykke til dette. Eg har diskutert med informantane at det kan vera mogleg at andre kan kome til å kjenne att tinga deira gjennom fotografia. For forskaren bør det ligge ei etisk vurdering bak bruken av materialet og korleis framstillinga av informantane vert. Eg håpar å ha teke dei vel i vare gjennom dei etiske refleksjonane og gjennom framstillinga.

### **3.2.1 Utvalskriterier**

Utvalet er styrt av interessa for den norske samtidskulturen, og fordi det er naudsynt å avgrense eit så stort felt har eg vald å rette fokus mot ei avgrensa

---

<sup>6</sup> Norsk Samfunnsvitskapeleg Datatjeneste, personvernombud for forsking og utdanningsinstitusjonar i Noreg, ved avtale med Datatilsynet. Sjå [www.nsd.uib.no](http://www.nsd.uib.no).

aldersgruppe. Informantane var mellom 32 og 57 år, ein kan kalle dei ”vaksne, etablerte norske”. Dei held til i bygder, byar og ”bygdebyar” på austlandet. På den måten håpar eg å ha med ei viss breidde i høve til korleis den geografiske verkelegheita kan ha noko å seie.

Ulikt frå den fenomenologiske metoden, som er av transcendentalfilosofisk art (Zahavi 2003:16), er dei kvalitative metodane av praktisk art (Kvale 1997:61). Skilnaden ligg i å undersøke på den eine sida kva verkelegheit er som ein heilskap mellom menneske og alt ikring, og å undersøke kva som er verkeleg for kven. Utvalet av ”kven” er ein del av den kvalitative metoden. Ein kan velje etter ulike kriterium, og med ei sterk subjektiv vending vert det ei vending mot kontekstane. Det vert viktig å skildre korleis ein har gått fram fordi det med dette ikkje finst *ein* veg fram til mål, men eit utal vegar. Tilgjenge kan vera ein viktig grunn for utvalet (ibid:160-161, 172, 176).

Korleis tingmengda står fram og let seg skildre og kategorisere styrer utvalet her. Det vil seie at eg har leita etter informantar i ljós av kva for ting dei har. Informantens horisont er møtt med interesse for den eigne historia og gjer at einkvar forteljar vil vera interessant. Det skiljast ikkje mellom utdanning, sosial bakgrunn, inntekt eller liknande. Resonnementet bak utvalet kan trekast i hop i nokre enkle punkt.

- Korleis få vite kva tinga er for menneska?
- Eg må snakke med menneska.
- Forteljingane om tinga er sjølve saka som eg skal undersøke.
- Eg lyt søke etter ting ut frå forskjellar, på jakt etter stadig nye, ulike ting.

Då eg bestemde utvalet lurte eg på om folk sa det same om tinga sine jamvel om dei hadde svært ulike ting. Og eg lurte på kor instrumentelle grunnar som ville koma fram i intervjuet, slik som legitimering av ein nytteverdi som eigentleg er ein statusverdi. Eg ville vita om det er tilfeldig kva for ting ein har i heimen. Og

om tinga ber på meining utover å vera ting, eller om ting er tilfeldige og utan vidare tyding. Sjølv er eg norsk og antakeleg prega av ein likskapstanke der idealet er at alle menneske har same verdi. Når ein er oppteken av likskap kan ein kritisera for å underkommunisere forskjellar, noko som kan problematisera. (Gullestad 2001: 64, Lidèn 2001: 82, Vike et al 2001:11-31). Men likskapsidealet her er eit verdigrunnlag, ikkje ein faktisk likskap. Utvalet er gjort ut ifrå eit ynskje om å ha stor spreiing i det visuelle uttrykket. Ulikskapen er tinga i heimen. Hovudspørsmålet "Kva er ting for menneska" stilt saman med kravet til fyrstpersonsperspektivet, som eg kjem tilbake til, peikar ut ei retning for å finne utvalet av informantar. For fyrstpersonsperspektivet gjev informanten autonomi (Zahavi 2003:16-18). Samstundes er *tinga* temaet for oppgåva. Når eg har leita etter stadig nye informantar har eg funne dei gjennom at eg har hatt noko kjennskap frå før til kva for ting dei har. Det kan likne på snøballmetoden (Ryen 2002:90) fordi utvalet ikkje er fastlagd på førehand. Etter intervjuet er eg mest overtydd om at eg kunne ha fortsett og fortsett og at kvar informant ville ha kome med si særeigne forteljing om tinga. Det vert tydeleg at dette er ein definitivt kvalitativ metode med vekt på dei subjektive forteljingane.

### **3.2.2 Kritisk blick på utvalet**

Utvalet er svært lite, det involverer berre seks informantar. I startgropa for dette arbeidet tenkte eg at eg ville ha så mange informantar som skulle til for å "tøme feltet" for informasjon. Eg ville halde fram til historiane tok til å gjenta seg og det sjeldan kom fram noko nytt. Ein kan berre spekulere i kor mange informantar ein laut ha for å "tøme feltet" slik eg såg for meg. Dei rike skildringane som informantane har kome med har gjort at utvalet vart mindre enn eg hadde som mål. Etter kvart såg eg for meg at det ville vera realistisk og ønskjeleg å intervjuet om lag tjue informantar. Men etter berre fem intervju sat eg med 120 tettskrivne sider med transkribert tekst og empirien var svært

variert. Eg hadde allereie ei stor utfordring i det store spennet som var i materialet, og avgjorde å stoppe datainnsamlinga medan det endå var mogleg å halde ein viss oversikt.

Det er overvekt av kvinnelege informantar; fire kvinner mot to menn i utvalet. Dette kan ha noko å seie for kva eg har fått vite om tinga. I analysen kjem eg inn på temaet kjønn, og ein kan trekke i tvil om utvalet gjer det representativt å dra fram dette temaet så vel som andre tema. Det som likevel gjer dette naudsynt er at opplevinga av tinga lyt til å involvere verkelegheitsforståingar, (og desse lyt vidare til å vera kjønna). Eg hadde håpa i større grad å intervju par saman, men dette fekk eg berre høve til i eit av intervjuia, eg kjem tilbake til kvifor i empiridelen der informantane slepp til orde.

Eg har funne utvalet gjennom perifert kjende. Det ville ha vore problematisk å velje ting som styrande for utvalet om ein ikkje hadde ei aning om kva for ting ein kunne finne heime hjå informantane. Ein vert avgrensa av økonomiske og tidsmessige årsaker. Ein kunne leike med tanken om å lage ein avisnotis der ein ber om frivillige informantar. Men å velje i periferien av ein samansett omgangskrins er tidmessig og økonomisk effektivt, noko som også tel i eit arbeid som dette. Det kan vera problematisk å bruke kjenningar som informantar dersom ein vil gjera ein kritisk studie. Repstad peikar på at det kan koma lojalitetsband og avhengigheitsband inn i biletet. Han åtvarar mot å bruke kjente nettopp fordi ein kan miste noko av fridomen sin, ein kan kjenne band til informantane som gjer at ein ikkje tør å koma fram med det som har kritisk potensiale. Samstundes peikar han på at det å bruke kjente kan gje den fordelen at ein lukkast i å få meir informasjon. Informantane kan ofte vera meir opne ovanfor ein som kjenner dei (Repstad 1998: 68-69). Det kan hende at dei, etter mi oppfatting, svært opne og ærlege samtalene som finst i intervjuaterialet er slik fordi eg ikkje var heilt ukjent. Å kjenne informantane perifert har difor vore ei mellomløysing som prinsipielt både har fordelar og ulemper.

### 3.2.3

### Intervjusituasjonen

Intervjua gjekk føre seg heime hjå informantane og varte frå ein og ein halv til tre timer. Fordi dette er ein så personleg forma stad har eg funne det naudsynt å gå inn i nokre refleksjonar kring sjølve intervjusituasjonen, som er sjølve inngangsporten til den informasjonen eg fekk. Litt under vil refleksjonane ha med seg tankar kring etikk og samhandling. Det kvalitative intervjuet er eit høve til sjølvrefleksjon så vel som refleksjon over eit fenomen i samtid. For med den subjektive vendinga vert også den som skriv relevant I denne studien er det ikkje mogleg å hevde *ei* objektiv sanning. Det eg derimot kan hevde er at informantane har sagt slik og slik, og at eg tolkar dette på denne måten. Det er ei hermeneutisk tilnærming til sanninga som inneber at ein reflekterer over korleis meininga kjem fram i *dialog med* informantane. Birkeland gjer greie for korleis historikaren Evelyn Fox Keller ser på forholdet mellom subjektiv og objektiv kunnskap;

”We should preferably work with dynamic objectivity, an understanding where objects and subjects in the world are granted independant integrity, but in a way that relies on connectivity and reciprocity between objectivity and subjectivity (Birkeland 2005: 22)“.

Erkjenninga av at det skjer ei pendling mellom subjektivitet og objektivitet trekk med seg refleksjonar kring dei situerte subjekta. Det gjer at kontekstane vert viktige, og difor vil analysen ha i seg skildringar av dei stadene der intervjeta gjeng føre seg. Eg viser korleis eg ser omgjevnadane, det er ein måte å syne fram seg sjølv som situert subjekt også (Klein og Ehn 1994: 46). Skildringane søker likevel mest av alt å kontekstualisere informantane.

Eg var tilskodar til ei heimeverd samstundes som eg tok del i denne verda gjennom samtalar med informantane. Eg var både deltakar og tilskodar. Det tilskodarblikket eg tok i bruk var likevel eit sympatiserande blikk, ikkje eit

avkledande og fiendtleg blikk. Om ein er tilskodar til noko er det ikkje naudsynt at ein har ei fiendtleg haldning. Men i intervjuasjonen lyt ein sjå at haldninga høyrer til dei situerte subjekta. Både intervjuaren og informanten er situerte, og begge er tilskodarar til einannan samstundes som dei deltek. Filosofen Skjervheim skil mellom ei fiendtleg og ei venleg haldning i sitt essay "Deltakar og tilskodar". Skiljet går nettopp mellom tilskodaren og deltakaren og dette er sentralt i hans kritikk av objektivismeidealet, som vart fremja i 1959 (Ryen 2002: 42-43, Skjervheim 1996).

Dette skiljet dreg med seg nokre etiske refleksjonar som også går inn i forskarens forståing av seg sjølv i intervjuasjonen. Informantens historier kan berre vera kjelde til ny kunnskap dersom ein anerkjenner at det informanten seier er sant for informanten (Ryen 2002: 31). Skjervheim skil som sagt mellom deltakaren og tilskodaren. Om ein er deltakar eller tilskodar så ter ein seg på ulike måtar, og dette kjem av at dei to praksisane spring ut av to ulike haldningar. Tilskodaren stiller seg utanfor det sosiale for å kunne døme kva dei andre gjer. Han ser dei andre som objekt, som fakta i verda. Det er ei fiendtleg haldning som berre kan møtast med ei angrepshaldning. Medan deltakaren ser at han sjølv er med på å forme augneblikket (Skjervheim 1996: 72-74, 76).

Skjervheim lukkast i å gjera tydeleg eit etisk, kritisk poeng. Det kan vera grunn til å problematisere skiljet mellom deltakar og tilskodar i intervjuasjonen. I røynda er me tilskodarar til einannan samstundes som me deltek. Me er jo tilskodarar så snart me opnar augo; For augo skodar, det er eit anna ord for "ser". Med kroppsspråk og stemme syner me at me deltek, og me gjer begge delar under ei sosial samhandling. Intervjuaren er ute i eit ærend, interessert i ei sak som informanten veit noko om. Den sosiale konteksten er også ein fagleg kontekst for intervjuaren. Samspellet kan vera avgjerande for kva for informasjon ein får, og då blir det relevant å reflektere over den måten ein sjølv er til i romet på. Eit faktum ein ikkje kan endre, er at måten me trer fram på, er

kjønna. Når me seinare kjem til kulturanalysen vil det koma fram korleis mitt og informantens kjønn vert relevante for tilgangen på informasjon om tinga.

Den sosiale situasjonen vert påverka av den haldninga som ein deltek med. Å samtale er å delta i det same augneblikket. Den haldninga ein gjeng inn i samtalen med slår ut i kroppslege praksisar, og vil såleis bli synleg for den andre. Innanfor teateret er haldninga til dei andre eit verkemiddel for å få fram karakteren i rolla. Det kallast å legge statusen sin over eller under dei andre. Å legge status er eit effektivt verkemiddel fordi tankar ein har om seg sjølv i høve til dei andre slår ut i kroppslege praksisar, hevdar teaterinstruktøren Johnstone (Johnstone 1987: 64). Kunsten å ta roller ligg nettopp til teateret, ikkje til det private. Når ein brukar rolleomgrepet peikar det opphavleg på ein profesjon som ligg til skodespelaren. Det er relevant å dra inn kjennskap frå teateret fordi der finst ekspertar på utforming av kroppslege praksisar og her kan ein knytte Skjervheims omgrep ”angrepshaldning” til eit kroppsleg uttrykk. Dei kroppslege uttrykka kan sjølvsagt vera meir eller mindre artikulerte.

Informanten og forskaren deltek i same romet samstundes. Det gjeng føre seg eit samspel. Eit sentralt ideal innan kvalitativ metode er at forskaren er mest mogleg tett og direkte i kontakt med det som studerast (Repstad 1998: 14). Når ein studerer sin eigen samtidskultur er ein svært tett på og ein kan kome til å stå så nær at ein ikkje ser kulturen fordi ein sjølv er ein del av den. Om ein skal stille det sentrale spørsmålet ”*Kva ser dei seg sjølve gjera?*” (ibid: 16) lyt ein i dette tilfellet få auge på *at* dei gjer det. Nettopp det er ei utfordring når ein forskar på sin eigen kultur. Det daglegdagse er vondt å få auge på. Det ein ikkje ser i kulturen sin kjem eg til å kalle for kulturelle blindflekkar. Omgrepet kulturelle blindflekkar finst på engelsk som cultural blindspots. Auget har ein blindflekk i iris, og om noko treff synet midt i denne flekken vil ikkje auget kunne sjå det. Omgrepet kulturell blindflekk karakteriserer daglegdagse normer og handlingar som er så internaliserte at me ikkje ser oss sjølve gjera dei og er

ein analogi frå biologien<sup>7</sup>. Me står midt i noko slik at me ikkje får auge på det. Om me vil oppdage kulturelle blindflekkar lyt me flytte oss bort frå vår vante plass. Dette kan skje på ulike måtar. Gjennom ei hermeneutisk vending mot verkelegheita kan ein få tilgang på meiningsved å ta i bruk intersubjektiviteten. Slik kan den andres verkelegheits-forståing, som er løynd, koma til syne. Den kritiske hermeneutikken vil ha som prosjekt å oppdage sanninga bak det skjulte. (Birkeland 2005: 18-19).

Me har også blindflekkar i høve til den eigne framtoninga. Sjølvrefleksjonen er utfordrande og krevjande (Klein og Ehn: 1994: 12). Og til ein viss grad er den eit umogleg prosjekt, fordi ein ikkje nokon gong kan greie å sjå seg sjølv utanfrå. Auga er festa til hovudet, det er slik jamvel om ein brukar spegel. Dersom ein forsøker å delta og vera distansert samstundes vil ein i røynda endre statusen sin i høve til den andre slik at den andre ikkje lengre er i same mentale nærleik til ein. På den måten kan samspelet verte påverka. Den ein kommuniserer med må anerkjennast som like autonom som ein sjølv. Om ein anerkjenner den andre som like autonom som ein sjølv meiner eg at ein lyt vera så nærværande ein kan i augneblikket. Distansen lyt ein i alle høve forsøke å få i etterkant. På den måten kan ein ha ein viss oversikt over korleis kroppen trer fram i romet som fiendtleg eller venleg. Kroppens haldning vil sannsynlegvis vera mimetisk (sjå forklaringa av omgrepene litt under) med den haldninga ein har til den andre.

Intervjuva var gjennomgåande prega av interessa for temaet, og informantane syntet stor velvilje i samtalene. Latter og alvor gjekk hand i hand i samtalene og det fører med seg at eg litt under stiller spørsmål kring latterens funksjon i det sosiale.

---

<sup>7</sup>Ei god forklaring finst på [www.aussieinamerica.com](http://www.aussieinamerica.com)

### **3.2.4 Intervjuguiden**

Dei kvalitative metodane er eigna dersom ein ynskjer innsikt i korleis menneska forstår livsverda si, og intervjuguiden er forma ut ifrå ønsket om å få innsikt i livsverda til informantane. På førehand hadde eg tenkt gjennom nokre kategoriar av ting som det kunne vera relevant å spørje om. Med ønsket om at den personlege meiningsa skulle koma fram kom eg raskt til at eg *ikkje* ville spørje etter meiningsa bak biletet over sofaen, ljosestaken, innreiingane eller bilen. I staden ville eg gjerne at informantane i størst mogleg grad skulle styre kva for ting me snakka om sjølv om me burde halde oss til temaet. Eg kom fram til at eg kunne lage ein intervjuguide som kategoriserte tinga etter ulike formål og verdiar og at måten eg ønska å gjera intervjeta på var at å la samtalane flyte relativt fritt innanfor desse kategoriane. Eg hadde med meg intervjuguiden som eit korrektiv slik at eg best mogleg kunne sikre at me var innom alle kategoriane. Informantane fekk til dømes spørsmål om kva som var dei vakraste tinga deira, og eg spurde vidare kvifor dei tykte dei var vakre og om det vakre i seg sjølv er av verdi. Slik peika informantane ut dei konkrete tinga sjølve.

Det kan vera verdt å kommentere eit generelt trekk ved måten dei svara på. Når dei fekk spørsmål om tinga svara dei nærast alltid med historier som handla om noko anna enn tinga. Tinga ser ikkje ut til vera sjølvrefererande, dei handlar om menneska. Det lyt til å vera eit forhold i subjektet som vert kommentert gjennom objektet. Dette gjer tinga til inngangsportar for å snakke om verkelegheitsforståingar. Difor er tinga eigna som prisme til å forstå det menneskelege og til å forstå samtidskulturen.

### **3.2.5 Utfordringar og svakheitar**

Eg gjorde fem intervju, og desse intervjeta er grunnstoffet for studien. Når ein ynskjer innblikk i den norske samtidskulturen kan ein diskutere om

grunnlagsmaterialet er tilstrekkeleg. Det har vore svært utfordrande å finne fellestrekk i intervjeta, og dette kan ein sjølvsagt kalle eit problem ved studien. Når eg kjem til drøfting og konklusjon har eg ikkje funne det mogleg å gje ei einskapleg framstilling av funna. Det er ikkje slik at eg har kome fram til den fulle sanninga om korkje kva tinga betyr, eller korleis den norske samtidskulturen difor kan sjåast. Det finst fleire parallelle sanningar i intervjematerialet. Ut av dei eigne historiane kan ein forsøke å få auge på kva for sider av kulturen som vert skildra av informantane, dette er med på å auke behovet for teoretisk tilfang fordi intervjeta i seg sjølve i liten grad har støtta einannan i funna. I staden har eg gått ein slags kanossagang i teoriane for å finne noko som kan støtte og gje mening til det eg trur at har relevans. Det er ein viss eklektisk måte å bruke teori på, og kanskje er dette med på å auke det teoretiske preget på oppgåva. Som student tillet eg meg å seie at eg er usikker på om dette eventuelt er positivt eller negativt. Det eklektiske kan på eit overordna plan sjåast i samband med tilknytinga til Cultural Studies.

Den kvalitative metoden gjer at eg ser bort frå moglegheita for at utvalet er representativt for befolkninga. Om eg skulle nå eit slikt mål måtte talet på informantar aukast kraftig. Dersom eg då skulle handtere materialet vart eg nøydd til å redusere lengda på intervjeta. Då ville eg ikkje ha kome like djupt inn i livsverda til dei enkelte.

Måten eg har funne utvalet på er eit uttrykk for ein skepsis til å setje folk inn i sosiologiske system i forkant av intervjuet. Eg er redd det ville stå i vegen for dei eigne historiane. Det ein veit frå før vil styre kva ein greier å få auge på, men det er ikkje naudsynt å stille med førebudde fordomar i tillegg til dei ein måtte har frå før. Å tenke i sterke sosiale kategoriar er vel potensielt å stille opp fordomar i system. På den andre sida kunne ei slik kategorisering verke strukturande i behandlinga av materialet. Fokuset kunne i større grad ha vore gjenstandsorientert enn subjektorientert idet ein kunne ha skildra karaktertrekk

ved til dømes nyttegjenstandar for seg (sjå til dømes Baudrillard 1996). Kategoriane som finst i intervjuguiden ville ha vore viktige i struktureringa av analysen. Det kunne ha vore nærliggjande å bruke sosiologisk teori eller diskursanalyse. Framstillinga kunne ha hatt eit kapitel for kvar kategori av spørsmål, noko eg har valt bort til fordel for interessa for subjektet. Analysen ville altså ha vore annleis om eg gjekk inn for å stille opp alle svara på det same spørsmålet etter einannan for å kunne seie noko om meiningsa med til dømes dei mest betydningsfulle tinga.

Som ein kritikk av studien kan ein peike på at om det hadde vore lagt vekt på andre sider ved materialet ville heile framstillinga ha sett annleis ut. Om eg til dømes ikkje hadde vore så oppteken av den fenomenologiske metoden, så ville kanskje andre omgrep tre fram som sentrale framfor kropp, rom, tid og stad. Om eg ikkje valte kvalitativ men kvantitativ metode, eller metodetriangulering, ville skildringane vore annleis.

Og det kan kanskje sjå ut som måten å finne utvalet på gjev større autoritet til tinga enn til menneska sidan tingmengda har vore styrande for kven eg har ønskja å intervju. Men det er tvert om. Fordi den fenomenologiske metoden legg så stor vekt på fyrstpersonsperspektivet vert einkvar informant ei like viktig kjelde til kunnskap. Om ein har tru på at ein kan klassifisere menneska i sosiale kategoriar så skulle det dessutan gjera at ein trudde det var eit samsvar mellom utvalet av ting og den sosiale tilknytinga. Då skulle det fungere å gå den andre vegen, altså først til tinga og så til menneska slik eg gjer i denne studien.

Fyrst då kan ein få vita (om ein vil) om ein teori som Bourdieus "Distinksjonen" eigentleg seier kva tinga er for menneska (jfr Miller 2005: 8). Det er ikkje fokus på sosial tilknyting her om ikkje informanten nemner det. Det kan tolkast som ei radikal empirisk tilnærming der sjølve saka, tinga, er dei mest interessante fordi dei vert til peikerar på kven ein ynskjer at skal vera med i utvalet.

Kritikaren vil sjå at dei svært subjektive historiane nettopp er subjektive og at dei difor kanskje ikkje har allmenn interesse. Det ligg utfordring i å få fram korleis det sterke fyrstepersonsperspektivet også fortel noko om kulturen. Det stiller krav til den analytiske evna og til kjennskap til anna litteratur som kan kaste ljós over intervjeta. Delar av datamaterialet er valt bort til fordel for dei delane som svarar på problemstillinga. Med å prøve å ha stor distanse til stoffet har eg fått auge på noko felles ved informantane sitt forhold til tingene. I den vidare framstillinga vil metoden relatere seg mot nokre teoretiske overbygnader der koplinga til den kvalitative metoden ikkje er eksplisitt synleg heile vegen. Likevel er desse perspektiva relevante fordi dei skildrar korleis ein kan tenke om menneska, høvet mellom menneska og høvet mellom menneska og tingene.

### 3.3 Verkelegheitsforståingar

Det fins fleire måtar å koma fram til

verkelegheitsforståingar på.

Fire ulike utkikkspunkt som er aktive i oppgåva møtes under dette omgrepet.

Verkelegheitsforståingar er sentralt i mimesis-omgrepet, i den kvalitative og den fenomenologiske metoden, og innafor Cultural Studies.

Medan den kvalitative metoden seier noko om *korleis*, seier den fenomenologiske metoden noko om *kva* ein kan undersøke og kan såleis opne opp analysen. Metoden passar som hand i hanske for det eg vil undersøke. Om



Figur 3 "Refleksivitet" Foto: Rune Kyvik

ein tek den fenomenologiske metoden bokstaveleg så dreier den seg om å avdekke kva gjenstanden verkeleg er for subjektet.

”Tesen er som følger: Viss vi ønsker at forstå de principielle betingelser som erkendelse, sandhed, mening, reference, begrundelse, osv. er underkastet, så må vi nødvendigvis inddrage første-persons perspektivet som en uomgængelig forudsætning. Anderledes sagt, når fænomenologerne har været så optaget af at beskrive og analysere de grundlæggende træk ved subjektiviteten, herunder beskaffenheten af dens intentionalitet (genstandsrettethed), dens kropslighed, dens temporalitet, dens historicitet, dens intersubjektive (sociale og samfundsmæssige) indlejring osv., så skyldes det en overbevisning om, at en tilbundsgående undersøgelse af fænomenerne, af den fremtrædende verden, nødvendigvis må inddrage subjektiviteten. Ikkje sådan at forstå, at vi, viss vi ønsker at forstå verden, først skal undersøge subjektiviteten, for så indirekte at nå du til verden. Tanken er snarere, at ethvert fænomen, enhver genstands fremtrædelse, altid er en fremtrædelse *af* noget *for* nogen. Ønsker vi at forstå hvordan fysiske genstande, matematiske modeller, kemiske processer, sociale relationer, kulturelle produkter osv., kan fræmtrede som det, de er, og med den mening, de har, ja så må vi nødvendigvis inddrage det subjekt eller de subakter, som de fræmträder for. (Zahavi 2003: 16-17).”

Ting er gjenstandar. I høvet mellom mennesket og tinga kjem perspektiva mellom kropp, stad og rom inn slik eg har gjort greie for. Subjektet *er* kroppen, og det fins ingen verkelegheit utanom den erkjente verkelegheita (ibid: 17, 43). Difor vert verkelegheitsforståinga så sentral. Fyrstepersonsperspektivet er ein føresetnad i den fenomenologiske metoden. Kva ting er for menneska dreier seg om høvet mellom dei subjektive verkelegheitsforståingane og gjenstandane der dei er. Den kulturelle konteksten som analytisk perspektiv situerer dei individuelle historiane ved å gjera beskrivingane tjukkare (Geertz 1973: 3-32). Det tek omsyn til at meining ikkje er av universell karakter. I beste fall kan ein koma fram til nokre kulturelle trekk gjennom dei eigne historiane.

### **3.3.1 Fyrstepersonsperspektivet**

Etnologane og fenomenologane Gilje og Frykman peikar på at kulturanalyse i overraskande liten grad har dreidd seg om korleis identitet kjennest frå ”innsida”. I staden har ein vore meir oppteken av korleis identitet vert konstruert (Gilje og Frykman 2003: 9). Fokuset her er derimot på ”innsideperspektivet” framfor på det sosiale. Med innsideperspektivet får ein nytte av å tenke med hjelp av ordet horisont. Omgrepene kan nyttast for å få auge på korleis forholdet mellom intervjuaren og informantane kan sjåast som eit hermeneutisk, refleksivt forhold der møtet er eit møte mellom situerte subjekt som har utsyn mot ulike horisontar. I dette møtet vil det kunne skje ei horisontsamansmelting. Me vil kunne få ei felles forståing<sup>8</sup>.

Med den fenomenologiske metoden finst det ei insistering på fyrstepersonsperspektivet. Denne interessa er av transentalfilosofisk art og heng saman med fenomenologiens interesse for subjektiviteten. Berre gjennom subjektet kan verda erkjennast og opplevast. Slik vert subjektet ein portopnar for forståing. I dette har gjenstandane ein særskilt plass som dei fenomena som interesserer subjektet. Når gjenstandane tek til å interessere subjektet, vert subjektet meir merksam på seg sjølv og si eiga oppleving fordi dei kallar på interessa. Slik sett er samanhengen mellom verda og subjektet fundamental i fenomenologien (Zahavi 2003:16-18). Ein kan leggje til at dette ikkje betyr at verda ikkje finst utan subjektet. Men å undersøke meaning kan berre skje med

---

<sup>8</sup> Omgrepene horisontsamansmelting kjem frå Gadamer som blir sett på som Heideggers etterfølgjar. Det skildrar i utgangspunktet korleis det situerte subjektet les ein situert tekst. Dette fører til ei justering av horisonten, ordet horisont er her brukt om forståing (Krogh 1996: 235, 248).

det fortolkande mennesket. I dette lyt ein erkjenne at det den andre seier er sant for han eller henne (ibid:16). Interessa vert vend mot dei eigne historiane som kvalitetar i seg sjølve, framfor å oppsøke kvantitet tenkt som kvalitet.

### **3.3.2 Subjekt–objekt-relasjonar**

Å hugse rørsler er ein del av forståinga dersom ein tek med fenomenologiens syn på kroppen som forteljande, samstundes som den er handlande og persiperande (Zahavi 2003:62-63). Perspektivet vert ei opning i tolkinga av intervjuet med informantane i tillegg til den transkriberte teksten. Forholdet mellom ting og menneske kan kallast eit resiprokt subjekt-objekt-høve idet ein vender merksemda mot sambandet mellom mennesket som subjekt i omgang med objekta. Men i dette er det ikkje gjeve at verda er eit uavhengig objekt, snarare er det eit djupare samband mellom den ein er sjølv og det som er ikring ein (Abram 2005: 44-45).

Det fører med seg nokre refleksjonar. Når Skjervheim peikar på skiljet mellom deltakaren og tilskodaren kan det setjast inn i ein historisk kontekst der begeistringa over oppdagininga av verda lenge gav ein særskilt autoritet til naturvitenskapen. Men dei situerte subjekta er kan hende ein stor kulturell blindflekk i naturvitenskapen.

...”observasjon har fått en så sterk forrang som kilde til sann kunnskap at det er blitt en sammenblanding mellom det å se og det å vite, mellom observasjon og objektivitet. Opprinnelsen til det er framveksten av naturvitenskapene og deres kunnskapsobjekt, som vi kan kalle det kontekstløse objekt” (Birkeland 2002:53).

Naturvitenskapen undersøkjer isolerte fenomen og difor kan den gjera hevd på ei isolert sanning. Ting er objekt med overflate. Gjennom ei lang verknadshistorie har overflata vorte til bevis for sanning. Det ein ser er sant. Ein slik ståstad er

problematisk innanfor kulturanalysen dersom ein meiner at kontekstane gjer sanninga relativ. Den som ser må situerast.

### 3.3.3 Mimesis som analytisk omgrep

Under antikken tenkte ein på verkelegheita som ein kopi av den eigentlege verkelegheita. Ein hest var mimesis av ein annan hest, ein kopi av kopien. Empiristen og analytikeren Aristoteles vender dette mot verkelegheita, og mimesis vert ein måte å forstå denne på<sup>9</sup>. Med mimesis kan ein skildre korleis menneska kan sjåast som modellar for handling, og at dette fører med seg val i høve til kven eller kva ein vil etterlikne (Krogh 1996: 348-350).

Mennesket lærer om seg sjølv gjennom herming av andres uttrykk, gjennom eit mimetisk spel. Grunnen til at menneska hermar er i utgangspunktet at dei finn glede i dette gjennom ei medfødt lyst. Barnet hermar, slik lærer det (Aristoteles: 23-24). Gjennom herminga får barnet verkelegheitsforståing. Etter mitt skjønn dreg mimesis på denne måten med seg medskapinga, den som hermar tar etter gjennom å delta med seg sjølv. Mimesis er altså knytt til ulike handlingar.

Idéhistorikaren Dorthe Jørgensen hevdar at det mimetiske dukkar opp i tre ulike former. Desse er det *idealiserande*, det *fantasmatiske* og det *naturalistiske* mimesis. I det idealiserande mimesis er det eit *tenkt ideal* som er forbilete for den hermande skikkelsen. Det ideale er ikkje mimetisk med det som det skal likne, men er mimetisk med *idealet* av det det skal likne, slik det *bør* vera. Det fantasmatiske mimesis avbildar noko i ein friare form, slik som det *let til* å vera. Medan det naturalistiske mimesis *kopierer* det som det etterliknar (Jørgensen 2001: 69).

---

<sup>9</sup> Alle referansar til Aristoteles her er i høve til den same teksten, eit utdrag frå "Poetikken". Jfr litteraturlista.

Aristoteles hevdar at måten mennesket uttrykker det sjellelege på, er gjennom språket. Språket kan overvinne avgrunnen mellom det ytre og det indre i mennesket. Språket kan utfalde seg i diktinga. Gjennom diktinga kan mennesket oppnå erkjenning (Aristoteles: 27-28).

Dikting kan vera ei skriftleg framstilling slik denne masteroppgåva er. Ei viktig utfordring er korleis ein kan få språket til å strekke til slik at det opplevde blir mimetisk med intervjuet. For kan eigentleg framstillinga verte mimetisk med den opplevde staden der det skjer ein dialog mellom meg og informanten som i det naturalistiske mimesis?

I ei skriftleg framstilling har ein berre språket å bruke. For forteljaren ligg det moglegheit for empati, fantasi og veksling av eg-personar og horisontar. Språklege kategoriseringar kan sjåast som menneskets måte å skape eit mimesis av det som det ser<sup>10</sup>. Det er mange sitat frå intervjuet i empiri-delen, dette kan sjåast med bakgrunn i eit mimetisk ideal for framstilling.

### **3.3.4 Mimesis og empatien**

Mimesis er herming av forskjellige objekt, stemningar, stader og måtar, seier Aristoteles (ibid: 23). Gjennom mimesis etterliknar jo barnet verda, slik lærer det om det menneskelege. Når barnet hermar etter kjenslene til ein annan, utviklar det empati. Såleis kan ein kalle empati for ei mimetisk evne. Denne evna vert teken i bruk i forståinga av verda ikring.

I samfunnsvitskapane finst det eit ideal om at forskaren pendlar mellom nærleik og distanse til studiets grunnstoff (Repstad:1998). Grunnstoffet i denne studien er kvalitative intervju. Det kvalitative intervjuet er ein situasjon der det går føre

---

<sup>10</sup> Høvet mellom språket og verkelegheita er her ikkje av nyare språkfilosofisk art, men er knytt til Aristoteles .

seg eit samspel mellom to eller fleire partar. I dette samspelet aktiverer ein ei rekke sosiale ressursar.

Empati er i seg sjølv ei mimetisk kjensle. Når ein kjenner medkjensle med nokon tek ein etter kjenslene for å setje seg inn i staden til den andre. Innan fenomenologien vert empatien rekna som eit fundament i intersubjektiviteten. For å forstå den andre gjeld det ikkje berre å lytte, men også å leite etter analogiar mellom åtferda i den andres kropp samanlikna med eins eigen kropp. Innsikt i den andre er knytt til ulike medvitsfenomen. Til dømes kan den andres gråt kjennast att som uttrykk gjennom at ein kjenner til sin eigen gråt (Zahavi 2003: 62-63).

Gjennom intervjuet la eg vekt på det mimetiske tilhøvet mellom meg og informantane. Eg, ein gjest i deira hus, gjekk inn for å kjenne etter kva informantane uttrykte. Eg sökte ei mimetisk kjensle med deira. Den mimetiske evna er knytt til ei haldning til den andre. Mennesket er sosialt deltagande og i stand til å ta etter den andres kjensler.

### **3.3.5 Mimesis og fotografiet**

Ting ser ut som, dei uttrykker, dei er. Dei kan fotograferast, skildrast, teiknast, takast i og luktast på. Ting er sanselege einingar. Om ein er oppteken av det situerte subjektet vert ein oppteken av at verkelegheitsforståingar må sjåast i kontekstar. Eg har nytta fotografi som støtte til skildringane av intervjuet. Dette er ei fabulering over kva potensiale Clifford Geertz sitt omgrep ”Thick description” har (jfr Geertz 1973). Fotografiet talar i overført forstand, lesaren kan samanlikne med sine eigne indre mimetiske bilete som vert framkalla av teksten. Kanskje vil mine språklege framstillingar av ein ting snarare fåkelegge og forvrengje enn oppklare og skildre. Om idelaet mitt er ei mimetisk attgjeving av røynda må eg likevel erkjenne at eg er like så situert som dei eg intervjuar,

slik lesaren også er det. Men fotografiet er bilete tinga. Likevel er det ikkje sikkert at fotografiet i og for seg er mimesis av tingen. Det er mogleg for fotografen å skape kontekstar som tek tingen ut or samanhengen, og det gjer at det mimetiske ved fotografiet kan trekkjast i tvil. I denne studien er tinga fotografert på den staden i romet der dei stod under intervjuet, dei er ikkje flytta ut av den samanhengen dei opphavleg var i. Mine evner som fotograf fører dei nærmare kvardagsfotografiet enn kunstfotografiet. Lesaren kan ha dette i minne.

Fotografia er utsnitt av dei heimlege kontekstane der intervjuet gjekk føre seg. Om ein ikkje vil kalle dei mimetiske med tinga, fortel dei likevel noko anna enn det skriftspråket gjer. Med ei fenomenologisk vinkling legg ein vekt på det sanselege. Synssansen er berre ein av tilgangane til verda i eit slikt perspektiv. Når ein les vert denne sansen aktivert framfor andre sansar som til dømes lukt og hørsel. Fordi eg trur at det sanselege gjev viktig informasjon om verda, er fotografia med for å få fram rikare skildringar. Fotografia er med som informasjon i tillegg til skrifta.

## 4 Empirisk del

Ting er ofte ordinære. Gjennom den ordinære nærleiken i kvardagslivet er tinga til stades samstundes som menneska gjer seg mangfaldige livserfaringar der dei er. Når informantane set ord på dei ordinære gjenstandane trer det fram noko spektakulært. Den ordinære gjenstanden og den spektakulære historia frå kvardagen kjem til å verke på einannan. For idet gjenstanden vert forklart endrar den seg framfor ein. Den er ikkje lengre berre ei form som er lausriven frå romet. Den er sjølv eit rom. I dette romet bur forteljingane. Menneska endrar seg framfor meg fordi dei fortel desse historiane, som vert hugsa gjennom tinga. Historiane om tinga ser ut for å gje dei mentale posisjonar som liknar dei relasjonane me har til stader. Ein stad er meir som ei hending enn som eit objekt (Casey 1996: 26). Også tinga opplevast og erkjennast som noko meir enn faktiske og materielle. Stadene og tinga har noko felles som noko som me stadig kan oppsøke, oppdage eller finne nye forståingar for. Gjenstandane er til stades saman med andre gjenstandar. Det er likevel ikkje slik at alle gjenstandar er lada med meinings eller historier. Her finst det ulike måtar å sjå det på.

Denne studien følgjer den fenomenologiske metoden, og difor forsøker eg å fristille informanten så godt som eg greier. Ein lyt likevel vera klar over forskingseffekten (Repstad 1998: 56). Den måten ein formar spørsmåla på vil alltid påverke kva ein får vite.

Kvart intervju har sin eigenart og fleire ulike interessante tema, difor haldast dei separate under framstillinga. Det er utfordrande å trekke fram hovudtema. Eg freistar å lenke saman den kryssande informasjonen som finst i kvart einskild intervju med kulturanalyse. I spennet mellom nærleik og distanse håpar eg å få fram nokre trekk ved den norske samtidskulturen.

For å sjå lenka mellom den særeigne historia og forteljinga om kulturen i den same historia krevjast det noko særskilt. Dette kan samanliknast med to ulike modi. I den eine modusen er ein nær og inkluderande (under intervjuet) medan den andre er distansert og objektiverande (under analysen). Begge desse modiane gjer krav på intervjuarens integritet. Repstad set enkle omgrep på det og kallar det pendling mellom nærliek og distanse (*ibid*). Den merksame lesaren vil kjenne att dei sentrale omgropa frå teorikapitlet i den empiriske framstillinga. Det kjem fram ulike perspektiv på verkelegheita, og mangfaldet i materialet kan gjera det vondt å få auge på grunntema. For den det måtte interessere grip eg særskilt fatt i omgropa identitet, eksklusjon, integritet , inklusjon, entitet, subjekt, objekt og tid i analysen. Eg kjem også inn på mimesis, humor og å vera samstemd. Desse omgropa som er henta frå teoridelen og metoden vert ikkje utskilde eller særskilt poengterte undervegs. Dei er integrerte i teksten. Omgropa vil difor ikkje skilje seg særskild ut om ein ikkje ser etter dei. Som ei hjelp til lesaren nyttar eg likevel desse sentrale omgropa i underoverskriftene der dette passar. Eg nemner dette slik at lesaren kan få auge på sambandet mellom den teoretiske og den empiriske delen. Fordi dei sentrale analytiske omgropa allereie er presenterte kan den empiriske delen framstå som relativt teorfri idet der er få referansar. Men i verkelegheita er dei verksame sentrale omgropa berre moglege på grunnlag av det teoretiske bakteppet. Det som står fram som teorfritt er likevel basert på dei teoretiske omgropa. Intensjonen med å gjera stoffet som er presentert hittil så teoritett er at det no gjer det mogleg å leggje fram intervjuet utan mange kjeldereferansar. I dette ligg det eit ønskje om ei fri form som slepp informantane til i sterkest mogleg grad. Mine fortolkingar viser til dei sentrale omgropa, men er elles relativt frie. Der det er naudsynt trekkast andre omgrep og teoretikarar inn.

## 4.1 Barndom og risiko

Barndomen er som eit gyllent rom som ingen andre har tilgang på. Fordi den er tilbakelagt kan ingen andre endre den (Baudrillard 1996: 96). Ting kan bera i seg indre bilete som er større enn tingen sjølv. Dei kan være speglingar av eit usynleg indre, og gjøyme håp og draumar. Berre eins eigne tankar og minner kan endrast. ”Gitte” har verkeleggjort barndomens utopiske interiørdrum i eit gullbelagt univers. Sonens barndom pregar også interiøret. Barndom er det eine temaet for analysen og eg ser den i forhold til ein følt risiko.

Ein kan dø i ei ulykke, ein kan bli sjuk, fattig, eller einsam (Giddens 1996: 147). Ulykker med bil, fly eller brann minner om at mennesket stadig vurderer og gjer feil. Naturkatastrofene minner oss på at mennesket ikkje strekk til. Desse hendingane vert formidla av media. Krisene vert til eit økonomisk grunnlag for media, som dermed ser ut for å legge vekt på slike hendingar.

Eg køyrer inn i ein tettstad i eit oslo nært område. Når eg kjem til den rette adressa lyt eg opne ein dobbel smijernsport før eg køyrer opp ei brusteinslagd oppkøyring til villaen. Rosene slynger seg ut over brusteinane frå begge sider og dannar to viltre rosa linjer i oppkøyringa. I hagen står det ei bronsefontene som sprøyter vatn over karpedammen. Ein del av hagen er reservert historiske planter. Plenen er eit frisert, grønt teppe. Store blomsterkrukker dekorerer inngangspartiet til villaen der eit alarm-merke er i augnefallande plassert ved den tunge eikedøra. Det heile gjev eit inntrykk av ny velstand og barokk estetikk. ”Gitte” som er femtisju år bur saman med mannen ”Torgeir” og sonen ”Marius” på fjorten år. To vaksne born har flytta ut for fleire år sidan. Villaen er ein generasjonsbolig der faren til Gitte har sin eigen del. Ho har drive eit firma innanfor ei praktisk verksemrd i over tjue år saman med mannen sin. Kjellaren vert bruka som lager og verkstad for firmaet. Gittes hovudansvar i firmaet er økonomi og kundekontakt.

Gitte er aleine heime når eg kjem. Ho helsar meg hjarteleg velkommen og seier at ho har førebudd seg på at eg skulle koma. Me har gjort avtale på telefonen først, og eg har nemnt kva eg vil spørje henne om. Me gjeng gjennom fyrste etasjen og stoppar stadig opp og ser på ting medan ho fortel små historier om dei. På den måten får eg ei innføring i tinga allereie før intervjuet startar. Ho spør kvar me skal sitje, og me vert einige om at peisestoga er det romet som har flest viktige ting for henne. Difor gjeng intervjuet føre seg der.

#### **4.1.1                   Rom og uro, ting og TV**

Å koma inn til Gitte er å trø inn i eit univers av barokke møblar dekte med bladgull der runde former og mørke raudde, grøne, brune og blå fargar pregar interiøret. Der er fleire glasskap med små ting i, som sølvskåler, porselen og pynteting.

Veggane har engelsk tapet og palisander. Små utstoppa dyr er spreidd mellom dei andre tinga, nokre av dei utstoppa dyra er i glasskåpa medan andre er på greiner på veggan eller på langbordet i den store stoga. Ting som tyder mykje for Gitte anten

ved å vera vakre eller ha affeksjonsverdi eller begge delar stend i det same romet som TVen. Media trenger inn i romet med bilete frå verda og endrar romet for Gitte. Tinga er der fordi TVen er der, for at blikket kan flykte bort frå TVen og til det ho tenker på som dei kjærleiksberande tinga.



Figur 4: "Dei runde formene er venlege"

Dei runde formene er venlege og dei mørke fargane verkar lunande, forklarer ho. Inne i peisestoga slår det meg at det einaste som er firkanta er sjølve romet. Eg spør henne om kva forhold ho har til form, om det er tilfeldig at skapa og borda er runde.

”Altså, jeg syns jo runde former – sånn som de skapene, når jeg endelig fant det jeg ville ha, det tok flere år. Og så .. altså, det gir funksjonalitet, men det gir også romvirkning, det gir dybdevirkning, det er ikke noe som er strengt og firkantet. Og det er sånne ting som..” Gitte dreg litt på det.

”Det mjukar opp romet, då?” prøvar eg.

”Ja, det myker opp rommet, det myker opp alt, egentlig!” stadfestar Gitte.

”Ja, betyr det at det ikkje berre mjukar opp romet, men det – at det gjer noko med di oppleving av å være til stades – at det mjukar opp noko inni deg også? Dette er kanskje eit veldig personleg spørsmål”? Spør eg.

”Jo, på en måte så kan du si.. Altså, det gjør godt å hvile øynene på! Du kan ta et eksempel – når kvelden kommer, så ligger jeg gjerne på den sofaen der. Jeg er veldig glad i å ligge på sofa. Kronisk”, Fortel ho.

”Og så ser du på Dagsrevyen – ikke sant? Og Dagsrevyen i dag - der må du ha krisepsykolog hvis du ikke skal få sjokk etter sjokk for det som dukker opp. Og da flyr blikket enten ned dit, eller bort på skapet, eller ett eller annet. Greit, jeg kan godt høre etter, men det der orker jeg ikke å se på. Da vil jeg heller se på noe som jeg synes er pent. Noe jeg er glad i, noe som betyr noe. Det er kanskje en måte å beskytte seg selv mot den harde virkeligheten på?”

Samfunnets infrastruktur er bygd opp på tillit til at dei andre forheld seg til dei same reglane som ein sjølv. Til dømes er bilkøyring mogleg fordi det finst tillit til at dei andre som køyrer også følgjer trafikkreglane. Ein finn brot på tillit i til dømes lovbrotet, terroren og sjølvmordsåtaka. Medias inntrenging i det private

gjennom TV-bileta er grunnlag for ei særskilt plassering av tinga hjå "Gitt". Eg undrar om ting kan verke som støytputer mot verkelegheita, som er risikofylt.

#### 4.1.2 Kjærleiksgåver og inklusjon

Det ser ut til at ting kan vera ei stadfesting av at ein er noko særskilt for nokon. Dei kan minne om at andre inkluderer ein i livet sitt. Når tingen er knytt til gode kjensler, vert den transformert frå å vera seg sjølv, tingen, til å vera det den minner om, kjærleiken. I teorien har eg knytt inklusjonen til integriteten som igjen handlar om individets eigenverdi.



Figur 5 "Ei kjærleiksgåve"

"Har du noko som du er spesielt glad i, som har affeksjonsverdi for deg?" spør eg.

"Ja. Det har jeg. Og hvis du ser i hjørneskapet, andre hylle til venstre for katten..." peikar Gitt

"Ja?"

"Ser du – det står en littelit sølvsvane – det er egentlig et saltkar – den fikk jeg av bestemoren min mens hun levde. Det var den gjenstanden og det lille, lille hun var mest glad i, og som de hadde fått i bryllup. Bryllupet sitt. Og den ga hun til meg tre år før hun døde, for den ville hun at jeg skulle ha. Jeg var vel etparogetvye år den gangen, jeg var ikke vant til å få noe som helst! Jeg fikk ikke noe da jeg flyttet hjemmenifra og..." Ho dreg på det igjen.

"Jeg vet ikke. Det var en sånn kjærighetsgave –" seier ho sakte før ho fortset

”Så kommer hun med tolv sølvteskjeer som hun hadde arvet etter sin søster, veldig pene og selvfølgelig veldig sånn gammeldags mønster som jeg er veldig glad i, som jeg også fikk på den måten. Fordi hun ville at – det var ting jeg skulle ha. Og hvis du ser i skapet der det står en liten tekanne med en liten fløtemugge i porselen?” Gitte peikar igjen.

”Ja?” seier eg.

”Det har jeg også fått av henne. Det er sånne små ting som i kroner ikke har noen verdi, men som for meg er veldig viktige ting. Du har altså et fløtesett nederst i den glasshyllen der, sukkerkopp og fløtemugge, det kommer også fra henne. Og hvorfor har jeg liksom tenkt litt på fordi at du skulle komme. Og det tror jeg har noe med – for det første så hadde jeg et fantastisk forhold til bestemoren min, og så var det noe med det at det er kjærlighetsgaver...” fortel ho.

Som nemnd ovanfor kan ein sjå barndomen som ein grunnstein i identiteten, men også som ein gyllen stad. Tinga som er slik fantasiuniverset var i barndommen kan kanskje vera svar på ein draum som vert sett ut i praksis i det vaksne livet. Tinga til Gitte er ikkje slik dei *var* i barndomen, dei er slik *draumen* hennar var i barndomen. Dei er som det fantasmatiske mimesis. Tida er i tinga. Skapa inkorporerer det Gitte kallar ”kjærleiksgåver” og meiningsberande ting og difor vert dei til små klodar med forteljingar i i romet. Skiljet mellom objekt og subjekt finst ikkje fordi ting er berarar av minner knytt til subjekta, altså kan ein tenkje på dei som føresetnader for at akkurat desse minna vert aktivert. Kva som står framme og kva som er gøymd er ikkje tilfeldig. Det ser ut for å henge saman med kva eller kven tinga minner eller fortel om. Gitte seier at forholdet til bestemora var mykje nærare og varmare enn forholdet til mora. Tinga som er i relasjon til bestemora står framme og det kan tenkast at dei styrker Gittes integritet. Medan ho seier at ho framleis har eit anstrengt forhold til mora. Gjennom eit bilet i stoga fortel ho korleis dette forholdet er.

Inngangen til å snakke om biletet er at ho seier at for henne er kunst noko som er fint å sjå på, og at ho likar naturskildringar. Kunst høyrer ikkje til det vakre, men til noko dekorativt for Gitte.

”Du likar naturbilete?” spør eg.

”Ja, jeg gjør det! Egentlig så er ikke jeg så glad i abstrakt kunst. Jeg vil ha det sånn som den, jeg” seier ho og peikar mot eit landskapsmåleri i dust grønt og brunt med eit stort tre i høgre forgrunn, nokre rådyr litt lengre unna, og ei ljósare blå horisontlinje.

”Ja?” svarar eg.

”Men jeg ser en annen ting også i treet som jeg synes er litt artig, men det er en symbolikk, og jeg vet ikke om den er riktig, men når du ser det store, dominerende treet i front, så på en måte så syns jeg det gir uttrykk for et sinne. Og så har du de uskyldige, rolige dyrene i bakgrunnen mot en horisont som lysner. Skjønner du hvor jeg vil hen da?” ho vender seg direkte til meg.

”Ja! Det er håp? Det blir bedre etterpå?” prøvar eg.

”Ja! Og det var det som gjorde at jeg falt for bildet. Fordi at det har noe sånt voldsomt over seg samtidig som det har en ro videre framover.” seier Gitte

Ting kan symbolisere noko som har skjedd, og noko ein håpar at vil skje. Gjennom å snakke om biletet gjev Gitte uttrykk for eit håp for framtida. Ho ønskjer at det vil bli rolegare.

Hjå Gitte ser tinga ut til å verke som støytpoter mot verkelegheita. Tinga hennar verkar mot uro. Noko av uroa kjem frå minna. Minner kan knytast til tid. Det ligg mange tankar bak innreiinga av romta. Det interiøret Gitte har valt finst ikkje i vanlege møbelbutikkar, ho fortel korleis ho har brukta tid og krefter på å finne dei rette møblane. Til gjengjeld funklar tinga mot henne som ei motvekt til uroa.

Når kvardagen blir for tøff vandrar blikket til dei vakre, dei kjære og dei tryggande tinga, fortel ho. Kjærleiksgåvene står på dei mest framtredande stadene i stoga. Det kan verke som om tinga gjev kjærleik ved å vera gjevne av ein som er kjær. Endå eingong kjem skiljet mellom subjekt og objekt til å verke utviska.

#### 4.1.3 Skjebne og verkelegheit

Ei kjensle av skjebne og uro er typiske for sjølvet i risikosamfunnet, ifølge Giddens (Giddens 1996: 146-160). Den gode handelen som er gjort no og den verkeleggjorte barndomsdraumen smeltar saman i interiøret. Dette kjem til uttrykk i intervjuet gjennom historia om interiør draumen frå barndomen.

Eg lurar på kvar rokokkomøblane kjem frå, om dei er arva og såleis har ein affeksjonsverdi. Men når eg spør om dette får eg eit anna svar. Gitte fortel korleis det å finne dei rette møblane kjennes skjebnebestemt.

”Eg legg merke til at du har mange rokokkomøblar?” spør eg prøvande.

”Det er rokokko, ja. Det – det er ikke noe jeg har hatt mer enn halvannet år, da.” forklarar Gitte.

”Å nei. Så det er nytt for deg – at du har begynt å like det eller?” undrar eg.



Figur 6 "Eit skjebnebestemt kjøp"

”Nei, det er det ikke! Det var noe jeg oppdaget som barn!” seier ho med ettertrykk.

”Så det fantes ikke noe finere design for meg enn rokokko! Altså, jeg har en forkjærighet for det, så du kan jo si det at hadde jeg vært født millionær, så hadde jeg innredet et hus med bare gamle rokokkomøbler, det hadde jeg gjort. Utvilsomt! Bortsett fra at gamle rokokkosofaer ikke er noe gode å sitte i! Da hadde jeg vel måttet finne på noe annet! Men vet du hva – det var noe jeg oppdaget når vi var borte hos folk på besøk, kom til folk som hadde den typen møbler, da glemte jeg alt annet, jeg! Da gikk jeg og så på de møblene, så på detaljene, så på det som for meg var veldig elegant, det... Og jeg vil si at jeg som barn – jeg kunne gjerne sitte og tegne sågne møbler, jeg kunne lage meg sågne fantasihus med sågne møbler, for sånn skulle jeg ha det når jeg ble voksen! Men sånn er ikke virkelighetens verden!” seier ho leande.

”Nei...” seier eg.

”Det – for det første så er en del av det upraktisk, og for det andre så – skal man gå på det store markedet og kjøpe sågne ting, så koster det så mye at det bare er å glemme det! Men du kan jo si at sågne drømmer – de ligger jo der, da. Og de kan jo ligge på is, men de ligger jo der! Og du kan jo si at det å se på gamle eller engelske interiørblader – da blir du jo påmint på disse gamle stilene. Gammel engelsk stil, gammel italiensk stil, gammel fransk stil. Det har jeg alltid ønsket meg.” fortel Gitte.

”Så det skapet der, det – det må være en eller annen form for skjebne. For jeg – altså jeg har det med å følge med på nettauksjoner, du kan sitte og følge med og følge med, og du finner ingenting! Og så vet du ikke hva du leter etter engang!” seier ho begeistra.

Fleire av møblane er kjøpt på nettauksjonar, nokre er frå Danmark og Sverige. Historier om toll og frakt høyrer med til kjøpa. Det ligg store anstrengingar bak interiøret, og forretningskvinnan har sans for den gode handelen. Å delta på

nettauksjonane er knytt til spenning og overvaking av dei eigne sjansane, samt disiplin i høve til når ein skal stoppe bodet. Det kan sjåast som eit risikoføretak som er gjort mogleg gjennom pengar som er tent på bedrifta. Bedrifta er også eit risikoføretak. Kor godt firmaet gjeng heng saman med klima og konjunkturar, storleikar som det einskilde mennesket ikkje rår over. Den eigne innsatsen er også avgjerande. Risiko vert både oppsøkt og unngått og kan såleis auke kjensla av meistring. Innsats og meistring vert synleg gjennom tinga og slik kan tinga vera med på å skildre identiteten.<sup>11</sup> Identiteten gjer det synleg kven ein er lik til skilje frå kven ein er ulik.

#### 4.1.4 Medkjensle

Dei mange utstoppa smådyra pregar romá i huset. Eg spør kvifor dei har dei utstoppa smådyra.

”Ja, hva er det for noe egentlig? Altså, du kan si sånn i utgangspunktet så har vel jeg aldri – det er først etter at Marius begynte å snakke om å stoppe ut at det har blitt gjort, jeg har jo aldri hatt noe utstoppet før.” fortel Gitte

”Nei?” seier eg.



Figur 7 "Utstoppa dyr"

<sup>11</sup> jfr forklaringa på identitetsomgrepet i teorikapitlet.

”Og – altså – han er jo en sånn ordentlig naturgutt. Han ser alt i naturen. Og – at ting dør. Det gikk jo forferdelig inn på han en periode. Når han fant en død fugl – den kunne ikke ligge der og råtnne ”mamma vi må ta den med hjem i fryseren!”. Det begynte jo med det.” forklarar ho.

”Ja?” undrar eg.

”Så det ble fugler i fryseren, det ble ekorn i fryseren, og så videre. Og så kom denne tanken kanskje, det med å stoppe ut. Helt til man fant ut hva det kostet. Eh! Men så sa han en ting til meg, det er kanskje litt spesielt, men.. Han sa det at ”du mamma, hvis vi stopper ut, så tar vi på en måte vare på det Gud har skapt”, sa han. Det tente litt i meg på en måte, selv om ikke jeg går så veldig mye inn i kristendommen og så videre, men. Men jeg så verdien for hva, hva det betød, å kunne få lov til å ta vare på litt av dette! ” seier ho med ettertrykk før ho fortset.

”Nå syns jeg jeg har vært ganske fleksibel, vi har to rever, vi har to minker, vi har ekornene og fuglene og dette her, og jeg har sagt at det blir ikke så veldig mye mer. For det første så har vi ikke noe sted å ha det, og for det andre så er det for mye, men. Men jeg vet jo at disse tingene betyr forferdelig mye for sønnen min, han er veldig glad i dem! Og han har fått en utstoppet falk i bursdagen sin som jeg fikk tak i, og .. Vi har jo tilmed stoppet ut en papegøye som døde. Den har han på rommet sitt og den orker jeg ikke å se på her nede. Så det er mest for han, altså. Men samtidig så syns jeg jo det er pent, det er dekorativt! Og på en måte så passer sånne ting inn i måten vi har møblert på. Det er en rev oppå der!” seier ho og peikar på eit rundt hjørneskap med spegl inventar og glassdørar.

”Oj! Den har eg ikkje lagt merke til eingong.” utbryt eg.

”Ja, den fant vi jo for to år siden, vi var på hytta og skulle til nærmeste by for å handle. Den lå jo i grøftekanten. Og da måtte vi jo bråstoppe! Ja. Så da ble det to rever, men det er egentlig en for mye!” seier Gitte.

"Men det er dyr frå den faunaen som sonen din har eit forhald til, altså." seier eg spørrende.

"Ja, han har tilmed en utstoppet huggorm på rommet sitt, altså." Gitte himlar litt med augo.

"Å!" utbryt eg.

"Så det er ikke noe rart jeg sier stopp snart." seier ho leande.

"Eg syns det er veldig spennande det som du fortel, altså. Veldig spennande!"  
Tilstår eg.

"I fjar vår så fant sønnen min en hønsehauk med brukket vinge. Og da måtte jeg jo ule ned og hjelpe han å få tak i den og – vi snakket med viltnemnda og fuglehjelpen og vi holdt den i live her en liten stund. Så døde den. Den har vi jo i fryseren. Og så er det jo en kunde av oss, hvor sønnen min har vært med og jobbet litt, og.. Han er jo veldig opptatt av fugler og sånn, der oppe er det mye hønsehauker. Og plutselig en dag så kommer mannen med en død hønsehauk som hadde gått i en ledning, som sønnen min fikk. Han var i hundre! Han fikk en død hønsehauk! "Jeg trodde ikke det fantes så snille mennesker, jeg" sa han når han kom hjem. Så han har en forkjærighet for dette som er helt enorm, altså. Og det er klart det er moro å kunne imøtekommne noe av det. Men da han ville ha med slangeskinn hjem fra Gambia, sa jeg stopp!" fortel ho.

"Det fekk han ikkje lov..." eg dreg på det.

"Nei. Enkelt og greit for det har vi ikke lov å ta inn. Jeg hadde ikke villet ha det i alle fall. Men ellers så tror jeg han kunne samle på det meste, som har med mindre dyr å gjøre. Og hadde han fått en pytonslange, så hadde han vært lykkelig. For det har han stått og holdt i ferien. Ja. Jeg vet ikke..." seier ho.

Det kan sjå ut for at dei utstoppa smådyra handlar om å anerkjenne og følgje barnets kjensler. Barnet har sine tankar og kjensler som mora anerkjenner

gjennom å stoppe ut dyra. Barnet bur også i huset, det kjem til syne gjennom dekorasjonane. Dersom dette er rett er dyra kanskje eit uttrykk for medkjensle samstundes som dei også er dekorasjonar. Ein kan tenkje seg at inklusjonen av sonen får eit manifest uttrykk gjennom inklusjonen av tinga hans i interiøret:

#### **4.1.5 Kjønnssegregering**

Eg undrar om Torgeirs eigne ting er andre stader. Gitte peikar på eit glasskåp med mange samlepermor i den andre stoga, mange av desse permane er hans. Der står også eit pipebord i rokokko. Mannen røyker pipe. Det kan koble han til tingen. Men Gitte seier at det er ho sjølv som har ønska seg eit pipebord i mange år. Ho beskriv pipebordet som eit vanvittig heldig kjøp.

Men eg har ikkje vore i kjellaren. Kjellaren er hans område får eg vita. Der har firmaet verkstad. Og der er det heil fullt, for han har samlemani, seier Gitte. Eg gissar på at hans identitet kjem til syne gjennom tinga der. For eg kan elles ikkje sjå noko som openbart er hans i dei romma me er i, som er kjøkkenet, peisestoga og stoga. Eg undrar om enkelte rom typisk tilhører kvinna og andre typisk tilhører mannen.

Eg undrar om kvinnas identitet stillast ut i heimens fellesrom og om hennar omsorg for dei andre såleis får eit manifest uttrykk gjennom tinga. Det at andre i familien vert hugsa vert synleg gjennom gåver og arva ting. I så fall fortel kanskje tinga her om kvinnenes integrasjon i liva til einannan. Eg lurar på om dette kan generaliserast til ein norsk kvinnekultur eller om det er meir generelt. Og kva gjer dette i så fall med mannens plass? Er mannen fortrengt frå romma i huset eller kjenner han seg inkludert i dei? Kan romma sjåast som kjønnssegregerte uttrykk? Kan det i så fall sjåast som eit stadium som er i ferd med å vera tilbakelagt hjå yngre generasjonar?

Denne undringa vil fortsetje i oppgåva. Det er ikkje høve til å utforske dette spørsmålet grundig i denne analysen fordi det ikkje kjem fram i dette intervjuet. Likevel er det refleksjonar som kan seie noko om den norske samtidskulturen, og som ville vera interessante å følgje<sup>12</sup>.

## 4.2 Huset og fellesskapet

”Ingunn” og ”Ivar” er i midten av trettiåra og har flytta inn i det nybygde huset sitt for to og ein halv månad sidan. Dei bur i eit villastrok i nærleiken av Oslo saman med dei to borna sine som går i barnehage. Huset er heilt kvadratisk med ei stor glaspyramide på taket. Det er beisa i stålgrått og panelet er vekselvis ståande og liggande for å få fram husets eigenart. Utearealet er ikkje opparbeidd enda, dette er det fyrste ein av dei kommenterer når eg kjem. Dei forklarar korleis dei har tenkt å gjera det, og korleis naboen vil bygge ein underjordisk garasje for å få større grillareal.

Innvendig er alle veggane kvite og romma er opne mot einannan. Dei har vore opptekne av ljosisinnfall under planlegginga av huset, fortel dei. Glaspyramida på taket lagar eit overljos som fell ned gjennom trappehuset til fyrste etasje. Vindauga er store. Tekniske løysingar og materialval er gjort slik at huset er mest mogleg lettvint å halde i orden, dei glatte overflatene gjer reinhald lettare, fortel Ivar. Eit flislagt areal går frå gangen gjennom stoga og ut til verandadøra og gjer at ein ikkje treng å tenke over om ein har sko på når ein gjeng gjennom huset, fortel dei. Golvet er i parkett og det er vassboren varme i golvet, bortsett frå at det ikkje verkar enda, ironiserer paret. Kvar etasje har eit bad, frå badet i andre etasje gjeng det ei sjakt ned til vaskeromet i fyrste slik at skittentøyet hamnar rett i korga. Desse løysingane sparar dei for masse arbeid, seier dei.

---

<sup>12</sup> Sjå ellers til dømes Jorunn Solberg 2003 eller Marianne Gullestad 2002.


Kjellaren står som ein ekstra ressurs. Den er ikkje ferdig, men fungerer som lager for alt som ikkje er pakka ut endå, og for det som skulle ha vore reparert.

Tonen mellom Ingunn og Ivar er prega av nærgåande ironisering og romslegheit ovanfor einannan. Dette kjem til uttrykk når dei snakkar om tinga, dei snakkar delvis i munnen på einannan og dei fortel historiane saman. Latteren boblar heile tida, sjølv om der finst alvor. Overskotet av ord, latter og gestikk ligg som ein grunntone i intervjuet.

Under kjem eg først inn på korleis ting kan vise til korleis menneske kjenner seg integrert i eit fellesskap gjennom tinga. Deretter stiller eg spørsmål ved om ting kan koma til å erstatte den tida ein gjerne ville hatt saman med dei viktige andre.

#### **4.2.1 Minner og integrasjon**

Når paret er saman om tinga kan det sjå ut for at tinga vert til ein del av deira felles historikk. Kva han gjer for henne, kva ho gjer for han og kva dei gjer for borna kjem fram når dei fortel om tinga. Det verkar ikkje som tinga er sjølvrefererande, men at dei handlar om noko anna enn seg sjølve. Det overførast minner om kjensler og handlingar til tinga. I møtet med Ivar og Ingunn ser det ut som tinga er med på å konstituere paret. Gjennom tinga fortel dei korleis dei er integrert i livet til einannan.



**Figur 8 "Kinesisk skjenk"**

"Det der" seier eg og peikar "det ser kinesisk ut – er det eit slags skap?"

"Det er fra Kina, ja! Nei, vi har fått det, vi har ikke plukket ut akkurat det! Det var en julegave, tror jeg" seier Ivar.

"Jøss! Utruleg!" meiner eg.

"Men det er ikke så dyrt i Kina vet du!" humrar Ingunn.

"Nei..." Eg ler. "Er det ein ting de har fordi de har fått den, eller har den ein verdi utover det?"

"Jeg syns den er fin!" seier Ingunn opprektig.

"Ja?" spør eg.

"Den minner oss om Kina. Vi har liksom mange andre ting fra Kina, men ikke sågne store ting. Dette er jo en stor, flott ting som ikke forsvinner, liksom..." seier Ivar.

"Ja, og som ikke så mange har!" skyt Ingunn inn. "Bortsett fra i din familie, har alle sånn! Men ellers er det ingen som har sånn!" vender ho seg mot Ivar og seier.

"Ja, og den – vi tenker på Kina med en gang, da. Det var veldig mye sånt der! Vi kjøpte ekstremt mange ting, ja. Spesielt små ting, vi kunne ikke ha med store ting på flyet, så." fortel Ivar.

"Var det ein ferie?" spør eg.

"Nei, vi hadde med eldstemann!" seier Ingunn.

"Det var pappapermisjon!" fortset Ivar.

"Ja, vi var der to ganger, da. Vi var der for å besøke familien til Ivar! Og da var det egentlig ganske mye fokus på ting! For det var veldig mye som ble solgt overalt, da." fortel Ingunn.

Dei små tinga frå Kina fortel om ein fascinasjon for ting som er annleis enn heime. Deira identitet som par vert synleg gjennom ting som skil seg ut. Tinga blir til bevis på kven dei er og kor dei har vore.

Det kinesiske skapet ber på minna frå Kina. Det liknar andre skap som finst i familien til Ivar. Skapet er teikn på inklusjon i eit familiefellesskap på hans side. Samtidig ber det noko av den gylne tida, den fyrste barndommen til deira eldste barn. Reisa til Kina var ikkje ein ferie, men ein pappapermisjon. Det var meir alvor i det enn ein ferie. Pappapermisjonen er ein relativt ny moglegheit for familien. Reisa til Kina vert ein del av sonens identitet og fortel om kva for ein familie han er integrert i. At pappapermisjonen vart nytta til ei reise til Kina viser til handlekraft. Kanskje det er difor dei ikkje kallar det for ferie, som viser til avslapping. Dette er eit *tiltak* for familien.

Formålet med reisa til Kina er også å møte familien til Ivar. Posisjonane fysisk distanse og mental nærleik møtest i forteljingane om tinga derfrå. Dei same posisjonane møtest i eit anna interiør. Det kjem frå familien til Ingunn. Den kvalitative tida som minner er gjer tinga til bererar av historier om viktige andre, dei andre som er relevante for eigenkjensla og dermed integriteten.

#### 4.2.2                    **Interiør og personleg historikk**

I stoga er det ei eldre spisestoge som er lakka i plommeraud bengalakk. Den står i sterke kontrast til dei minimalistiske rammene som huset utgjer.

”Kan de fortelje om den raude spisestoga?” spør eg.



**Figur 9 "Viktig spisestoge"**

"Det er noe jeg har arvet" seier Ingunn. "Det har fulgt meg hele livet. Det gir meg egentlig en god følelse, for det er noe som var et felles prosjekt med mine foreldre da jeg var bitteliten. Mine foreldre var gift veldig kort tid. Og jeg husker ikke så veldig mye av det. Men den spisestua husker jeg. Og den sterke plommerøde fargen som de sammen valgte ut, eller kanskje mamma valgte det og pappa utførte det. Men det var i hvert fall et prosjekt. Og så fikk jeg den spisestuen – den arva jeg – det var sirkla da når vi skulle flytte inn i vår første leilighet, så sa mamma "*den skal du få*". Og det ga meg en veldig sånn god..." seier Ingunn, og Ivar avbryt;

"Ja, for den var vi og hentet i..." seier Ivar og no avbryt Ingunn;

"Og da husker jeg at jeg sa til mamma at den betyr mer for meg enn bare spisestue, liksom. Ja, så den har vært veldig okey å ha med seg. Men den er aldri malt på nytt, da."

"Nei. Det vet hele familien. Hele familien vet hvem som har malt den. Hva slags maling som er brukt og..." seier Ivar.

"Forteller faren min det?" spør Ingunn.

"Nei, du har fortalt det!" svarar Ivar.

"Ja, neimen det er sånn at når foreldrene mine kommer, så kommer de med nye partnere og sånn, så er den ofte tema den der spisestuen og.. faren min forteller hvor vanskelig det var å male den og... ja, så det er veldig mye følelser rundt den spisestuen. Egentlig." seier Ingunn.

Ho fortel at det er litt sårt med den spisestoga, ho har problem med å tenke at dei skal kvitte seg med den. For dei har tenkt å bytte ut bordet med eit anna som er større slik at dei har plass til fleire gjester, men ho skjønnar ikkje korleis ho skal greie det. To av stolane har lause bein, så dei står i kjellaren. Ivar skal fikse dei. Men det trur ikkje Ivar at han kjem til å gjera, for det er mykje der som står til

reperasjon. Han spørker med at han kjem til å brenne opp stolane ein dag, men då reagerer Ingunn. Det må aldri skje, for dette høyrer til hennar historie. Det er det einaste som minner om både mor og far. Ingunn og Ivar skildrar i munnen på einannan korleis det har vorte eit ritual kring spisestoga – at kvar gong dei flytter trekker ho om stolane på nytt. Slik passar interiøret alltid inn der dei bur.

Den raude spisestoga fortel om hennar integrasjon med mora og faren, og at foreldra eingong hadde eit felles prosjekt. Dette gjer spisestoga til ein symboltung storleik der hennar identitet og integritet vert bekrefta som del av foreldrars fortid.

Eg undrar om dei daglege erfaringane med tinga siv inn i bevisstheten gjennom å vera til stades i livets mange situasjonar. Erfaringa med materialiteten gjer at ein kjenner dei som mottrykk mot kroppen og slik vert dei til kroppsleg erfarte storleikar (Merleau Ponty 1994: 110-111).

Dersom alle ting var av ei slik tyding at ein tok vare på dei fordi dei hadde ein verdi utover seg sjølve, ville kanskje forbruket gå ned; Om kvar ting kjendes rik for ein. Medan dei ”tome” tinga er lettare å kvitte seg med. Kanskje problemet med det høge forbruket ikkje er at ting betyr for mykje for oss, men at dei betyr for lite.

#### **4.2.3 Ting i staden for tid**

Når tida saman vert knapp kan det opplevast som krevjande. Under kjem eit døme på korleis Ivar løysar tidsklemma si. Han arbeider svært lange dagar og er den som står for dei store kjøpa, fortel paret. Ofte sovnar han på sofaen fordi han er så sliten. Når ein er så sliten heile tida er TVen viktig. Heile familien er veldig opptekne av TV.

”Har de noko som fortel mykje om kven de er?” spør eg.

”Kanskje den TVen på kjøkkenet. Syns du det Ivar?” spør Ingunn og han nikkar. ”Det er en historie bak den TVen da. Og det er at vi hadde lyst på TV på kjøkkenet. Det var vi enige om, at det hadde vi lyst på. For vi er TV-slaver! Og jeg har lyst til å være en del på kjøkkenet, men jeg suges mot der TVen er. Så det har vi snakket om, at vi skulle ha TV på kjøkkenet. Men så tenkte jeg at vi kanskje måtte nedprioritere det, eller jeg tenkte i alle fall at vi hadde ikke råd til det, og så – i høst ” seier Ingunn.

”I sommer” rettar Ivar.

”Ja, snart et år siden, da var jo ikke huset ferdig i det hele tatt, det var jo bare sånn råbygg her og sånne ting, men vi kjøpte inn mye hvitevarer suksessivt når det var på tilbud og sånne ting, og Ivar kommer hjem og sier ”*nei, nå har vi bestilt flatskerm til kjøkkenet*”. Og så ble jeg helvetes forbanna! Fordi jeg syns at det fikk være grenser, for jeg hadde sett for meg toppen en 20-tommer på den TVen, og pengene, det var skralt med penger og alt var dyrt og sånn, så tenkte jeg ”*Hallo – et sted må grensen gå!*” Så krangla vi om det. Og så sa du ”*ja vel*”, sa du. Nemlig! Og så tenkte du bare ditt?” seier Ingunn og vender seg mot Ivar.

”Nei, altså – du sa jo, jeg var jo, vi var ute for å kjøpe en TV nummer to på grunn av disse barna. Og så så jeg jo den TVen der da. Og den tenkte jeg at den matcher jo helt perfekt. Og så hadde jeg stått og pruta noe så voldsomt med – det er gøy å handle, da vet du! Så da fikk jeg den ned med 3000 kroner, og var veldig fornøyd med at dette her var et røverkjøp!” fortel Ivar.

”Og så fikk du bare kjeft!” kommenterer Ingunn medan ho smiler spydig.

”Så fikk jeg bare kjeft, og så sa jeg bare ”*jajaja, jeg skal levere den tilbake, det er et åpent kjøp, det er ikke noe problem.*” Så i stedet for å levere den tilbake, så gikk jeg og satte den i kjelleren!” Ivar smiler lurt medan han fortel.

”Og det..” byrjar Ingunn,

”...visste alle!” fortset Ivar.

”Alle vennene våre visste det, alle som var med på flyttinga visste det, utenom meg. Men da tror jeg at du kanskje syntes at du kjente meg godt, for det som skjedde var at vi bodde her noen uker, og så hadde vi ikke kabel-TV, vi hadde bare sånn... ja. I hvert fall kom du kuskende opp med den den dagen vi hadde fått kabel-TV, og da visste du vel at jeg ble fornøyd, og det ble jeg jo! Så, den sier nok en del om oss. Den sier at du kjente meg og visste at det roet seg ned og – sånn. Og så sier den noe om at vi ikke er så moralistiske at vi ikke vil ha TV på kjøkkenet, vi er bare langt forbi det!” avsluttar Ingunn.

I fortsetjinga av denne forteljinga fortel dei at dei ofte kjøper ting. Og at det kjennes viktig å kjøpe det med ein gong slik at slagordet er ”*Kjøp alt du ser!*”. For det er så irriterande å gå rundt å ha lyst på noko og så ikkje få tak i det fordi ein venta for lenge.

I forlenginga av dette kjem dei inn på kor mykje dei arbeider begge to, særskilt han. Og kor få helger dei ikkje har planer med venner. Tida saman er knapp. Tinga og tida heng saman fordi det er løna som gjer alle tinga moglege. Forteljinga ovanfor er historia om at han kjenner henne godt, og at ho tilgir han. Det er også ein del av eit innovativt uttrykk som pregar huset. Medan kjønnsrollene også kan lesast inn i kjøkkenet.

Det er prega av mange tekniske apparat, som Ingunn seier at ho ikkje veit korleis ein brukar. Det er Ivar som lagar mat i helgene. Han er ingeniør, noko som syns på all teknikken overalt.

Medan ho sjølv ikkje vil vera ei husmor på kjøkkenet, men vil ha underhaldning. Derfor TVen. Dei tekniske løysingane i huset fortel om kunnskap og økonomi. Det beste kjøpet, ironiserer han, er fjernkontrollen til kjøkenvifta.

Familiens identitet får eit uttrykk gjennom tinga fordi tinga kan vise til kva for ideal ein har, altså kven ein er og kven ein ikkje er, som i det idealiserande mimesis. Ivar og Ingunn har historiar om dei fleste tinga, og ofte vert tinga til definisjonsspørsmål. Kven er kva for kven og kva er kva. Dei involverer seg sterkt i forteljingane om tinga begge to, det skjer ein integrasjon av den andre medan dei fortel. Tinga blir til inkluderande behaldarar der bevisstheita om eit fellesskap ser ut for å vera viktig. Det kan verke som om tinga kjem i staden for tida saman. Og at dette gjer tinga endå viktigare, fordi dei er til erstatting for ei kvalitativ tid som inkluderer heile familien. Om ein tenker seg at behovet for å vera inkludert av dei andre er til stades, men er gjort til ein knapp ressurs fordi ein ikkje har tid – kan det då vera slik at tinga erstattar tida? Vert ting berarar av magiske førestellingar slik at tingen erstattar tida saman med eit menneske fordi tingen kjem frå dette mennesket? Integrasjonen i liva til einannan krev energi og tid.

Forbruket kan sjåast saman med behovet for å bli inkludert samstundes som ein fysisk er ein annan stad. Medan ein kan hende mentalt vert flytta bort frå heimen av TV-bileta når ein er der. Det kan vera uttrykk for den menneskelege tålegrensa for å yte. Tinga kan kome til å erstatte tida fordi menneska ordnar seg slik at ting og tid heng saman i forteljingar om omsorg, økonomi, innsats, moral og kjærleik. Tinga handlar om meir enn seg sjølve. Tinga ber i seg forteljingar om kva ein fyller tida med.

Kanskje forbruk kan knytast til vårt forhold til tid. Jobben er for mange ein føresetnad for forbruk. Arbeidstida gjer materielle investeringar mogleg. Den



Figur 10 "Fjernkontroll til kjøkkenvifta"

investerte arbeidstida målast som kvantitativ tid med timeløna. Medan dei nære relasjonane er kvalitative storleikar, prega av kjensler som ikkje høyrer saman med kvantitativ tenking. Likevel kan det altså skje ein transformasjon.

Kvalitative kjensler og kvantitativ tid ser ut til å smelte saman til eit uttrykk som vert til legitimert forbruk. Dersom tingene er teikn på kjærleik vert den friteken for moralske motførestellingar i høve til forbruket. I staden ber den eit bodskap. Den andre som ikkje er til stades så mykje fordi lønsarbeidet tel tida i timer og løner deretter, ville gjerne ha vore meir til stades. Men då måtte den materielle standarden vore lågare. I staden løysast det med at tingene får i oppgåve å fortelje om omsorgsevna, forståinga og saknet etter felles tid. Med tingene er gjevaren til stades. Gjevaren får ein posisjon i bevisstheita til dei andre. Som om ein vil seie at ”eg ville gjerne ha vore saman med deg, men i staden gjev eg deg denne tinga til minne om meg”. Tida vert transformert inn i tingene.

### **4.3 Maskulinitet og humor**

Ikkje alle ting ser ut for å ha historie og mening knytt til seg. Nokon gonger er ikkje ting viktige som anna enn seg sjølv, dei er sjølvrefererande. Tingene er berre det den er, til dømes eit bord som er der berre av sin eigen årsak. Eller at ein ting som er inne kan vera mimesis av ein ting som høyrer til ute.

Miniatyrmodellane er mimetiske med ein original av større format. Slik kan kanskje miniatyren skape samband mellom ute og inne. Det er kan hende ei vidareføring av prosjektet ute å ta miniatyren, som er ein modell av noko som høyrer til ute, inn.

Identiteten og integriteten kan ha same uttrykk, gjennom ein dedikert stil er ein både annleis enn dei andre (identitet) og høyrer til i eit visst miljø (integritet). Tinga refererer til stilene, og set individet i samband med noko som er større enn seg sjølv.

Ting ser også ut til å kunne bera stemningar i seg, og referere til humor. Humor gjer det personlege speleromet større og lettare. Saman med orden gjer humor tilværet enklare. Når alt er på den plassen det høyrer til er det enkelt å finne, ein treng ikkje bruke energi på å rydde og leite. Energien kan overførast til humør.

Eg intervjuar "Jon" heime, men lurar på om intervjuet hadde vore annleis om det gjekk føre seg ein annan stad, til dømes i garasjen. For eg spør om tinga inne i huset, men eg får ofte bilen til svar. Det vert eit brot mellom det eg oppfattar at eg spør etter og det han svarar på, noko som tvingar fram andre tankemåtar. For kanskje er ikkje spørsmåla mine relevante for Jon. Kanskje høyrer dei til ei kvinneleg tankeverd. Det han svarar gjer at eg må utvide horisonten min for kva ting kan tyde. For Jon er det som er inne ei spegling av noko som gjeng føre seg utanfor heimen. Alle tinga hans refererer til noko han oppsøker utanfor huset. Til å byrje med kan det verke som ein utvendigheit, men i staden undrar eg om det er naudsynt å sjå det i ein kjønnskontekst.

Jon bur aleine, er førtiein år, skilt, og har tre born i skulealder som mora har dagleg omsorg for. Han ser borna ofte, for dei bur i nærleiken. Han bur i ei bygd der han leiger den eine etasjen i eit hus. Utanfor huset stend det ein karakteristisk veteranbil.

Me har snakka saman på telefon på førehand, så han veit kva me skal snakke om.

"Kom inn!" seier han. "Eg er gutt, eg veit du. Eg bryr meg ikkje så mykje om høss det er heime!"

Eg undrar om dette kan stemme, då interiøret er samstemt, det meste med 50-60-tals-preferanser, det er kvite blondegardiner i vindauge og ryddig. Eg ser for meg noko anna om ein ikkje bryr seg om korleis det ser ut. Men her ser det stelt ut, som om nokon har omsorg for tinga.

”Eg klarer ikkje rot!” seier han.

Han fortel at han har budd aleine ei stund og har blitt litt sær. Han opnar opp kjøkkenskapa og viser at alle koppar og glas står på geledd med etikettane vendt framover. Ingenting står framme på benkane eller bordet på kjøkenet. Det er det ein kan kalle ”strigla”.

Når me gjeng inn i stoga er det som å koma til ein maskulin versjon av ei leikestoge. To veggar er fulle av VHS-filmar på den eine sida og DVD-filmar på den andre. Fjernsynet står sentralt plassert på eit Tandberg radioskap frå 60-talet. Ein gamal sveivegrammofon har sin plass, det same har eit par hundre vinylplater. På veggen heng det ei Disney-klokke. I bokhyllene er det ikkje bøker, men miniatyrbilar, Coca Cola-artiklar og bleikkleiker. Dei einaste biletene som er på veggane er tre portrettfotografi av ungane. Det er det vakraste han har, seier han.

#### **4.3.1                    Bil, identitet og integritet**

For Jon er bil hobby og livsstil og det pregar interiøret. Eg tenker bilen er som ein ekstra frakk for Jon, ein frakk han har utanpå amerikanske t-skjorter og oppbredda Lee-bukser med kjetting frå lommeboka i baklomma. Han har brylkrem i håret, Elvis-sveis, og kotelettar på kinna. Jon står fram som estetisk bevisst og forma.

Bil er hovudinteressa hans. Den eine bilen er ein amerikanar som er under oppussing. Han seier at han får eit personleg forhold til dei bilane han har brukt tid på å pusse opp. Han fortel at den bilen som stend utanfor er av same type som den fyrste bilen han kjøpte seg.

”Kva betyr den bilen for deg då?” spør eg.

"Det er artig – ja, den er ikkje så gammal, den er ein 67-modell, men det er den eldste bilen eg har, men... Nei, eg likar dei, liksom den typa Record som det der er har eg jau lika i – sidan eg var ein guttunge." seier han smilande.

"Så det høyrer til gutedraumen? Å ha ein slik bil?" spør eg usikker.

"Ja, fyrste bilen min var ein kupè av same typen! Den kjøpte eg når eg var seksten, og då hadde eg lika det ei beite, så... Så den har eg fått tak i meg igjen..." fortel han

"Den sama bilen som du hadde då du var seksten har du kjøpt tilbake?" spør eg forbausa.

"Ja! Så den au stend på låven heime hjå mamma." bekreftar Jon.

"Åja?" undrar eg.

"Eg samlar på bilar der." seier han.

"Samlar du på bilar?" eg vert forbausa igjen.

"Ja, nei – eg har fem. To av dei er registrerte." fortel han.

Jon har eit personleg forhold til bilane. Han brukar tid på å pusse dei opp og å halde dei i orden. Når eg spør kva det er med bilane han likar så svarar han

"Lyden, stilien!".

Han seier at det ikkje er for å bli sett sjølv at han har dei. Men det er for å ha meir moro i livet. Og det same seier han om interiøret sitt. Det slår meg at alt han har står i stil til den eldste bilen – interiøret, kleda og musikken. Det er som om bilen er med overalt, og at Jon er samstemt med tinga. Han tar plass med dei same stilelementa kring seg overalt han er. Desse stilelementa er kopla til bilinteressa. Bilen er ein entitet, og han kan ta den med seg. Når han set den frå

seg utanfor huset møter han den i miniatyr inne i huset. Det skapar samband mellom det som er ute og det som er heime. Medan ein kan tenke seg at bilen vert ei forlenging av heimen for nokre, som ein representasjon av heimen, kan det også tenkast at heimen kan bli ein representasjon av bilen; Dersom det er slik at det er bilen som er viktig for identiteten og integriteten.

”The car achieves an extraordinary compromise, for it makes it possible to be simultaneously at home and further and further away from home. It is thus the centre of a new kind of subjectivity of the domestic world is strictly circumscribed (Baudrillard 1996: 67).”

Eg tek til å tenke på bilen som ein transportabel stad. Om ein ser det slik kan det hende at det ikkje er berre *ein* transportabel stad, men sjølve *staden*; Den staden som opplevast som den viktigaste for kreasjonen av sjølvet. Ei estetisk framtoning kan knytast til skaping, til kreasjon. Ei kraft frå innsida får eit uttrykk på utsida. Som Birkeland seier så eksisterer både sjølvet og staden, og desse kan sjåast saman. Gjennom å sjå på korleis staden og sjølvet kan fortolkast og kontekstualisera i høve til einannan kjem kreasjonen, medskapinga, til syn. Gjennom denne krafta opphøyrer skiljet mellom subjekt og objekt<sup>13</sup> (Birkeland 2005:148).

Eg spør Jon om han brukar å dra på veteranbiltreff, og det gjer han. Han fortel at det er kult å koma med sin eigen veteranbil.

”Ja, det blir jau litt bilprat, da. Det er jo med. Ein del av oss brødrene har fått høyre at med pratar for mykje bil, men det... Det er ikkje så mykje. Ja, noko er jo kva du har gjort med den...au, då...” han dreg på det. Så seier han;

---

<sup>13</sup> Eg kjem tilbake til dette i drøftinga.

”det er for lite jenter som er interessert i det! Det verkar ikkje som dei ser det på same måten! For eksempel dottera mi – hvis ho ser ein tøff bil så syns ho den er tøff liksom, men ikkje heilt på samma måten som guttane! Det er kanskje litt meir guttetting, eg veit ikkje, heldigvis så er det nokre jenter som likar det au!”

”Ja, kvifor er det bra då?” spør eg.

”Det er bra for miljøet!” svarar han.

”Fordi at då...” seier eg oppfordrande.

”Hvis det er bare gutter så blir det litt for maskulint på ein måte, eller det livar litt opp med begge kjønn heldt eg på å seie, ja, det bringer med seg noko inn som er bra – at det er – at det blir betre miljø! Men det er... bilinteressa er jo veldig mannsdominert, den er det! Men heldigvis er det nokon jenter au som har interesse!” seier Jon.

Bilinteressa til Jon gjeng som ein raud tråd i intervjuet, og det gjer at eg vert svært merksam på at eg er av eit anna kjønn. Fordi det som opptek Jon ikkje er lett for meg å forstå. Det høyrer til ein del av verda som eg ikkje har tilgang på om eg ikkje oppsøker det spesielt, og det har eg aldri gjort. Jon peikar sjølv på kor få jenter det er i bilmiljøet og at det er eit maskulint miljø. Om ein knyt bilen til interiøret heime hjå Jon, gjev det seg sjølv at dette har eit maskulint preg.

#### **4.3.2 Kjønna integrasjon**

Me snakkar om ulike ting som står framme, og om kva dei betyr for Jon. Svært mykje har med humor å gjera. Og det handlar om å samle på ting. Men eg vil gjerne vita meir om hans tankar kring det maskuline uttrykket.

”Interiøret har eit maskulint preg, tykkjer eg. Det ser ikkje ut som det bur ei dame her?” spør eg.

”Det gjer det ikkje heller! Så det... Så det bærer jau preg av det, da.” svarar Jon.

”Trur du at det hadde forandra stilten dersom det budde ei dame her?” spør eg.

”Noko så hadde det nok det. Eg hadde ikkje fått lov til å ha dei bilane i stoga, for eksempel!”

”Trur du ikkje?”

”Nei, det trur eg ikkje! Så det hadde nok blitt ein del forandringar, det trur eg nok. Men akkurat nå så spelar det jau ingen rolle da, for no er det bare eg som bur her! Ja! Eg har lura på å flytte litt på dei bilane, eg veit ikkje. Kanskje...”

Eg legg merke til at han seier at han nok *ikkje hadde fått lov til* å ha modellbilane i stoga om der var ei kvinne. Er det slik det er, undrar eg. Er det tradisjonelt kvenna som definerer heimen, og skjer det i så sterk grad at mannen kan kjenne seg vist bort til andre stader og rom? Kan kjønnssegregeringa i samfunnet like godt skuldast at kvenna definerer mannen ut som at mannen nektar henne tilgang til sine territorium? Jon sjølv opplever verda som kjønnsdelt. Det ser ut for at integrasjonen hans i samfunnet er til ei verd kor det er få kvinner. Han skildrar yrket sitt som altfor mannsdominert, det same er interessene hans. Om ein vel eit yrke med tungt handverk og har bil som interesse vert det kanskje få kvinner kring ein. Hans verkelegheitsforståing ser ut for å vera prega av tankar om at det sosiale skiljet også er eit stadleg skilje mellom menn og kvinner. Slik han framstiller det vert det synleg at menn og kvinner ikkje er på same stader og ikkje gjer dei same aktivitetane. Jon lyt til å knyte yrket sitt, interessene og interiøret sitt til at han er mann. Det finst eit stadleg skilje mellom det mannlege og det kvinnelege, men slik Jon framstiller

det er det ikkje ein ønska eksklusjon av kvinnene. Snarare lyt han til å ønske at kvinnene i større grad var til stades, altså var inkludert, i hobbyen, yrket og heimen hans. Om dette er rett og om det kan overførast til ei forteljing om kulturen, så finst det såkalla mannlege sfærer som er opne for kvinner utan at kvinner oppsøker desse sfærene. Kan hende ønskjer ikkje kvinnene å gjera alt det same som mennene. Kan hende finst det andre årsaker.

#### 4.3.3 Kvalitativ tidskjensle

Jon fortel korleis han forbind tinga sine med humor. Han ler ofte når me snakkar om tinga. Tinga hans er prega av amerikansk kommersialisme frå 50- og 60-talet. Dei runde formene er artige, fortel han. Dei er ikkje så strenge og kjedelege som dei europeiske frå same tida. Det er meir lov til å ha det moro og det er viktig å ha humor i livet sitt, meiner han.

Reklameartiklar frå Disney- og Coca Cola-artiklar dominerer utvalet av ting. Filmane er i hovudsak Disney-filmar – dette er ei teikneserieverd. Så når han skal dra fram noko han tykkjer er vakkert, syner han fram tre kolbar på hylla.

”Kva syns du er finast av det du har – av det som er her inne?”



Figur 11 "Vakre spruteflasker"

”Nei, det... Bilda av ungane mine, kanskje? Dei, egentleg! Ja. Men av ting slik ellers, det er eit vanskeleg spørsmål. Men du har jau desse som stend borti hylla der, dei tre som stend der, eg veit ikkje kva eg skal kalle dei, eg. Der har du liksom litt design og slikt noko... Dei er slik til å sprute med slik som dei har oppi drinkar – slike – hvis du har sett tegnefilmar og slikt noko så sprutar dei gjerne med slike!” seier Jon medan han humrar og ler.

Han seier fleire  
gonger at han legg  
vekt på å ha det moro,  
og at interiøret hans  
aktivérer humoren.  
Heile tida medan me  
snakkar kjem latteren  
til. Han seier at han  
har mykje av  
gutungen i seg. Så  
syner han fram ei  
blekkleike som han har arva.



Figur 12 "Viktig blekkleike"

”Eg har arva ein ting, då. Den der gamle motorsykkelen der – det er ei slik blekkleike! Den hadde vel pappa når han var liten.”

”Hadde han det? Og så er den i så fin stand?” spør eg forbausa.

”Ja. Nei, han kan vel antakelegvis – så har han ikkje fått lov til å leike så mykje med den, antakelegvis! Eg veit ikkje. For han hadde eitpar slike gamle leiker. Så eg fekk den eine og så var det ein av søskena mine som fekk den andre.” fortel Jon med eit smil.

Jon verkar oppteken av leik og barndom og av at leiken skal halde fram i det vaksne livet. Valet av ting fluktar med humor. Humor har med tidskjensle å gjera, den gjer tida kvalitativ. Humor intensiverer kjensla av å vera til.

Eg får inntrykk av at interiøret frå 50- og 60-talet ikkje kjem av at Jon er tilbakeskodande, men tvert om intensiverer kjensla av samtid. Latteren oppstår i augneblink der han fortel om tinga. Han ler mot dei, som om han er samstemt med tinga. Det slår meg at Jon er nøgd slik det er. Slik eg ser det integrerer han seg sjølv inn i ei verd av design, humor og maskulinitet. Identiteten hans kjem til syne som forma av desse verdiane.

#### **4.4 Gåvane og matriarkatet**

I arkaiske samfunn er gåva besjela av gjevaren. Ei avvising av gåva er ei fornærming fordi det er ei avvising av gjevaren. Gåva skal skape band mellom gjevar og mottakar, og denne bindinga er av varig karakter. Gåver som er gjevne av slekt, familie og vene er prov på varige relasjonar. Skiljet mellom ting og familie finst ikkje fordi historia til familiien heng fast i tinga. Gåvane og dei arva tinga er vitnesbyrd om alliansar av sosial varigheit. Tinga har individualitet fordi gjevaren er i tinga. Gåver er altså teikn på alliansar i motsetnad til isolasjon og gåver har moralske implikasjonar (Mauss 1995: 28-30, 52, 87, 147, 211). I intervjuet under ser alliansane ut til å vera kjønna. Gåvane lyt i stor grad til ''å vera symbolske band mellom kvinner.

Gåver kan vera teikn på kven ein er for andre, og på kven sine liv ein er integrert i. Fråver eller avvising av gåver kan vera teikn på uønska eller ønska isolasjon.

#### **4.4.1 Matriarken**

For ”Else” er gåvene vevde inn i historiar om kjenslemessig nære relasjonar. Dei tinga som er arva er knytt til historia om henne sjølv og familien. Ho tenker i slektslinjer og ser seg sjølv som mogleg fordi det har vore kvinner før henne. Takk vere dei finst hos sjølv. Fordi ho tenker slik er historieforteljing viktig. Kvar ting har si historie som følgjer med gjevaren av tingen. Tinga er gåver som organiserer eit nært persongalleri og med dei følgjer det forteljingar knytt til identitetar i familien. Desse einskilde identitetane vert integrert i familien ved hjelp av historiane. Historiane forteljast av den som forvaltar det sosiale i familien og hugsar fødselsdagar og andre merkedagar. Her er det kvinna. Kvinna ser ut for å vera matriarken som tek vare på dei sosiale relasjonane og som syter for at slekta og familien kjenner einannan. Omgrepet ”matriark” kjem av det latinske ordet for mor, ”mater”. I ordboka vert eit matriarkat forklart som ei samfunnsform der mora er familiens overhovud. Når noko er matriarkalsk er det morsstyrt (Gutu 2005: 732). Ein heim kan sjåast som eit lite samfunn. Det er slik eg brukar omgrepet her, for å syne korleis denne heimen er styrt av mor og at dette kan sjåast som ein maktposisjon. Men denne maktposisjonen er kan hende så sjølvsagt og kulturelt internalisert at me vanskeleg får auge på den eller tenker på den som maktfull. I ei Luhmannsk forståing av makt vil kommunikasjonane vera vesentlege. Luhmann vil meine at om ein vil oppdage makt er det naudsynt å få auge på kommunikasjonar som skjer innan konteksten. Dette er ofte vanskeleg idet me sjølve ofte er ein del av den (Sand 2000:52). Her spør eg om det finst ein matriark som er maktfull i det private og den sosiale konteksten for det private.

Else bur i eit relativt nytt byggefelt saman med mannen sin og dei to borna som går i barneskulen. Huset og garasjen er beisa i ein brun tone og det står ein skigard kring tomta. Utanfrå gjev det heile eit solid uttrykk fordi materiala er av grov dimensjon. Dei har bygd huset sjølve for ti år sidan. Eit badmintonnett er

strekt opp på plenen der det står ei sandkasse med leiker i. På framsida av huset er det terrasse med uteområder og grill. Olabilar og trøtraktorar står lett spreidd ved inngangen. I staden for dørklokke er det ein hakkespett. Ein dreg i ei snor, og nebbet hakkar mot veggen.

Ei ljós stemme ropar "Kom inn!"

Idet ei kvinne med eit hår like ljost som stemma opnar døra. "Else" er trettito år og sjukepleiar. Mannen hennar pendlar i lengre intervall, slik at dei daglege gjeremåla i familien fell på henne. Han er ikkje heime, og dei to ungane er på skulen når eg kjem.

Else viser meg rundt i huset. Frå den flislagde gangen gjeng det ei trapp opp til andre etasje der ungane har rom sine. Der er det TV-stoge med playstation, eit bilratt som høyrer til spelet tronar over eit bilsete slik at bilspela skal kjennest mest mogleg autentiske. Ungane og mannen spelar bilspel forklarar Else. Sjølv er ho ikkje interessert og tykkjer det blir for mykje speling.

I fyrste etasje er det eit stort bad og vaskerom, kjøkken, stoge, bibliotek og kontor. Alle veggane er i trekitt panel og dei fleste møblane er i ubehandla furu. Me sit i ein raudleg skinnsofa under intervjuet. Herfrå ser me alle tinga i stoga. Me ser mellom anna porseleksdokker, kattefigurar, fotografi, antikvitetar, potteplanter og landskapsmåleri. Det er nokså fullt av ting i huset.

#### **4.4.2                   Gåver**

I byrjinga av intervjuet leitar me etter ein tone som fungerer, og me brukar litt tid på å koma i gang. Verdifull informasjon om Elses verdisett kjem fram i samtalen. For henne er det som er flott ikkje knytt til kva ting kostar, men til historiane som følgjer tinga presiserer ho. Difor er ho ikkje oppteken av at interiøret skal ha ein stil, reindyrka interiørstilar verkar upersonlege for henne.

Som om ein ikkje bryr seg om andre, seier ho. For om ein kastar ei gāve så kastar ein på ein måte personen ein har fått den av, meiner ho. Og gāvene skal stå synleg, slik at dei ein har fått dei av ser at ein set pris på dei.

”Det er tanken som teller når ein gjev noko, ikkje at det skal vera dyrt og flott. Om eg ikkje har syns at det har vore så kjempefint så har eg syns at det har vore fint at nokon har gjett det til meg, så eg kastar aldri ei gave! Det gjer eg ikkje!” seier Else.

”Du tek vare på alt?” undrar eg.

”Ja. Eg set det kanskje ikkje midt i glaninga, men eg har det. Setter det kanskje på ein litt meir diskret plass.” seier Else

”Men i forhald til å kaste ting, då – syns du det er – kastar du ofte ting?” lurar eg på.

”Nei, hvis det er øydelagt og ikkje har nokon funksjon lengre, eller hvis det er, ja, hvis det er skikkeleg øydelagt.” seier ho.

Her fortel Else at den einaste gāva ho hugsar at ho har kasta er eit smykkeskrin ho fekk til konfirmasjonen. Då ho kasta det var det så øydelagt at det var uråd å reparere. Ho hugsar framleis det smykkeskrinet og kven ho fekk det av. Ho hugsar på den måten kven som synte interesse for henne gjennom å gje henne gāva.

#### **4.4.3                    Forteljingane i tinga**

For Else finst det ikkje eit skilje mellom tingen og historia bak tingen. For kvar ting har si historie og sin gjevar. Utan tingen finst ikkje historia. Utan gjevaren finst ikkje tingen. Kva som er viktigast – om det er historia eller tingen er for henne uråd å svare på. Det er knyttt i hop.

"Ja, egentleg er det knytt i hop. Slik eg tenker på det med ein gong så er det jo det... Ja, for det er jo den tingen som har den historien, så eg må jo si det..." seier Else.

"Kan du fortelje om den symaskina som du fekk av oldemora di?" spør eg.

"Ja! Og den har eg arva etter henne, og den symaskina hadde oldemor når bestemor og søskena hennar var små, som ho sydde klærne deira på. Og ho sydde om klær, ho sydde klær for andre for å tjene pengar, slik eg hugsar det, at det blei fortalt. Slik at ho tjente pengar på det da, så dei skulle ha til mat. Og det syns eg er kjempemoro - å vita det. Og når eg fekk den, så var det faktisk ein liten lapp under foten, som oldemor hadde lagt der, under der som du set nåla ned, veit du. Og – ja, det syns eg er kjempemoro å ha den og tenke på det." seier ho glad.

"Tenker du på historia til familien og korleis ho strevde og...?" undrar eg.

"Ja, eg gjer i grunnen det, da. Fordi at oldefaren min døde når han var nokså ung, han var i midten av førtiåra og bestemor var ikkje så gammal og då satt ho aleine med seks ungar å ta vare på. Da i rundt 1930 blir det vel, og det var nok ganske tøfft. Og då tenker eg på det." seier ho medan ho smiler.

"Den symaskina har berga dei på mange måtar?" lurar eg på.

"Ja, eg tenker sånn på det, eg gjer det." bekreftar Else.

Vidare fortel ho korleis symaskina er ein føresetnad for at ho sjølv er den ho er i dag. Den har berga oldemora og borna hennar. Ho stammar direkte frå dei. Utan oldemoras evne til å skaffe føde ville ho sjølv ikkje vore født. Ho kjenner takksemd til



Figur 13 "Viktig symaskin"

kvinnene før. Difor betyr tinga som dei har hatt så mykje, hennar eigen historikk følgjer i line frå dei. Dei arva tinga ber kan hende inklusjonen av Else som ei kvinne blant dei andre kvinnene og som arvtakaren blant dei, i seg. I ei slik forståing er det ikkje plass til mennene, ein kan tenke på dei som ekskluderte frå moglegheita til å inngå i forteljingane om tinga som kvinnene har hatt.

Kjenslene for tinga er kjensler for menneska. Det skjer ei samansmelting. I biblioteket har Else ein ”skatt”, oldemora si skjønnnskriftbok. Ho syner den til meg – det skjer noko i hendene på henne i kontaktflatene mellom boka og hendene. Måten ho tek i boka liknar måten ein tek i menneske. Orda strøymer ut av henne, det ho seier assosierer eg til ein forteljarkultur som er i ferd med å gå tapt. Eg ser henne på ein annan måte når ho fortel om dei viktige tinga, fordi ho får eit anna kroppsspråk. Det ser ut som ho gjeng inn i rolla som forteljaren.

”Eg har ein av dei første skulebøkene som oldemor hadde, der ho har øva på å skrive bokstavar. Ja, det er kjempemoro, og det at – nei, du ser at ho har skrive med blekkpenn, og så så fint som ho har skrive! Der er ikkje sånn som i tredje klasse no, altså! Der er det kjempenøye og fint! ” seier Else entusiastisk.

”Og lesebøkar – eg har – den boka, det er ikkje ein tjukk bibel, men det er ein sånn liten ein dei hadde når dei skulle bli konfirmert, og der står det ”konfirmant”, og så stend det navnet hennes og så stend det årstal og – det er så moro! Det er kjempemoro! Og eg har den første skriveboka til pappa som han hadde på skulen, eg har bibelen til bestemor som ho hadde når ho blei konfirmert!” fortset ho.

”Kan du fortelje kvifor du syns det er moro?” ber eg.

”Nei, veit du, det veit eg ikkje heilt, men eg syns det er veldig moro å vita når eg sit og ser i den boka og vita at den har faktisk oldemor sete og skreve i når ho var lita, for hundre år sidan, og det er kjempefascinerande, syns eg. Så eg likar å ha bokhylla full av sånne ting, da.” seier Else.

Ho ser seg sjølv inn i ein familiekontekst der ho sjølv er viktig for dei ho har fått tinga av. Når ho snakkar om tinga og dei ho har fått dei frå, kjennest det som ho aktiverer noko. Dei som har hatt tinga før henne vert til levande bilete medan ho fortel. Når dei er til stades i romet gjennom forteljingane i tinga, er også Else meir til stades. Tinga er prov på at ho er viktig for mange. Til vederlag hugsar ho historiane og verdset dei. Ho eig forteljingane i familien fordi ho eig dei historieberande tinga. Slik kan ein analysere henne inn i eit hierarki kor kvinna har ein særskilt posisjon som forvaltar av dei historieberande elementa i interiøret. Ho tek vare på tinga, og på menneska. Både dei samtidige og dei fortidige. Ho er ein matriark dersom ein anerkjenner at forvaltinga av det sosiale kring og i ein familie gjev makt. Else lyt til å vera følt inn i ein familie der det finst eit kvinnefellesskap som kjem til uttrykk gjennom arv og gåver. Gjennom å hugse dei andre vert kvinna sjølv hugsa. Slik kan det sjå ut som om kvinna har makt. Ein kunne tenke seg at om ho fell bort av nokon grunn vart forvaltinga av fellesskapet overlete til dei andre. Spørsmålet er om dei gjennom sosialiseringa er gjort kvalifiserte til denne forvaltinga. Dei andre i familien er av eit anna kjønn. Eg lurar på om dette har noko å seie. Eg kjem tilbake til korleis ein kan sjå matriarken seinare.

#### **4.4.4            Ein entitet**

Når tinga, forteljingane og gjevarane er så tett samanvevd at dei ikkje kan skiljast frå einannan slik Else skildrar det, kan tinga få namn. Dei vert til namngjevne entitetar. Ein slik ting gjeng under namnet "Auget mitt" i familien.

"... oldemora mi hadde ei brosje med ein stein i. Og den hadde ho på seg nesten bestandig, for ho var vel veldig glad i den. Og så hadde ho vore i den åkeren, og eg veit ikkje om ho hadde tatt opp poteter eller eit eller anna sånt. Ho var ganske lita då, forresten. Men ho var vel i alle fall ute og jobba. Og plutseleg merka ho at det var vekk, så sprang ho til nabokjerringa og sa;

*"Hjelp, hjelp! Auget mitt er borte!"* For ho kalla det auget sitt, for det var sånn blått, turkisblått, og dei leita og leita og fann det ikkje igjen. Og så fekk ho jau ungar og – dei var i denne jorda igjen. Så gjekk det mange, mange år igjen. Så fant dei den igjen i potetåkeren. Den steinen. Og nå – da tok søstera til bestemor den med til gullsmeden og fekk laga eit kjede av den, så oldemor fekk den tilbake når ho blei gammal. Kjedet med den steinen som ho kalla for auget sitt. Og det har mamma fått nå. Og det er jo ei veldig spesiell historie, da. At den steinen kan dette ut av ei brosje i ein åker, og den åkeren blir pløgd og jobba med i år etter år etter år, og så finn dei steinen igjen!" fortel Else glad.

Ting representerer menneska. Tinga tyder mykje. I tinga finst historier som gjev familiemedlemmane identitet og integritet. Tinga vert som vern mot omverda, og difor vernar ein om tinga. Det er ein resiprositet som gjer forbruksmentaliteten vanskeleg. Fordi tinga betyr så mykje kan ein ikkje kaste dei. Dersom dei hadde vore mindre viktige kunne ein lett ha kvitta seg med dei.

På slutten av intervjuet gjeng Else bort til ei plante som nesten er gøynt bak gardina. Ho tek lett i den. I andletet har ho eit vemodig smil. Ho lettar forsiktig på gardina, det ser ut som ho syner fram noko hemmeleg. Ho vender seg mot blomen og snakkar til den, så seier ho til meg;

"Du ser så vidt kanten av ein blom der – ikkje sant?" seier Else.

"Ja?" bekreftar eg spørjande.

"Det er berre eit blad. Den blomsten var det siste eg fekk av bestemor før ho døde, og det er faktisk seks og eit halvt år sidan. Og den har vore nesten død, den har stått att med bare stamma, men eg har ikkje hjarta til å kaste den. Så den kjem igjen, om att og om att. Og det er heilt spesielt au, sidan eg fekk den av henne – det siste eg fekk av ho før ho døde, som sagt. Og det er veldig spesielt, syns eg da. Så den..." seier ho stille.

Ho fortel at når ho held liv i den så held ho på eit vis liv i bestemora.

”For det er den siste tingen eg fekk av henne. Og då skal den vera død, altså.  
Den dagen eg kastar den. Det skal den!”

Planta er ikkje eit objekt for Else. Den er ei vidareføring av bestemora. Ho snakkar til den, stryk den over blada og ser på den med eit med eit medmenneskeleg blikk. Det er samhald mellom dei to – henne og bestemora, henne og blomen. Else passar på dei – blomen og bestemora.

#### **4.4.5                    Tida i tinga**

Ifølge den franske filosofen Jean Baudrillard kan ting, særleg samleobjekt, setjast i samband med tidskjensla. Om det ikkje direkte er samleobjekt Else omgjev seg med, så er det likevel slik at ho aldri kastar ting, men samlar på dei. Hennar samtidskjensle kan setjast inn i ei større forståing dersom ein ser at tida ikkje alltid kjennest som kronologisk, men kvalitativ. Eit utval av hendingar vert hugsa gjennom tinga.

”The problem of time is a fundamental aspect of collecting. As Maurice Rheims says: ’A phenomenon that often goes hand in hand with the passion for collecting is the loss of any sense of the present time’ ( Baudrillard 1996: 95)”.

Baudrilliard forklarar at organiseringa av ting til ein viss grad kan erstatte kjensla av den reelle tida og at dette kan knytast til vissa om at livsløpet skjer mellom fødsel og død. Det finst ein moglegheit i tinga – at dei ber historia om personen vidare. Det er ingen garanti for dette, men utan å etterlate seg noko er det mindre håp for å bli hugsa. Dei spesielle tinga kan bera livshistoria vidare, ei historie som elles er utanfor kontroll for den personen historia gjeld.  
(Baudrillard 1996: 95-96).

Eses ting er fulle av historiar. Med historiane følgjer menneska. Det er knytt hukommelse til tinga. Tinga er entitetar. Tinga er forteljingar om integrasjon i

eit større fellesskap. Den kvalitative tida er lagra i tinga. Så lenge nokon verdset historiane vert tinga verdsette. Historiane er kvalitativ tid. Og det er i den kvalitative tida at integriteten vert styrka. Integritet er verdigheit. Verdigheita kjem med dei andres prissetjing på den eigne identiteten. Identiteten vert styrka av at dei andre inkluderer Else i fellesskapet. Hennar posisjon er forteljaren. Difor gjev ho også integrasjon tilbake til dei andre. Dei andre kan også relatere seg til historiane om stammødrene, som ser ut for å vera sentrale for Else. Ho fortel historiane vidare til borna sine. Tinga er entitetar, det vil seie at dei har ein væren. Dette får dei av at tida vert lagra i tinga. Menneska lever i tida. Tinga kan vare lengre enn menneska. Men fordi tinga er behaldarar for den kvalitative tida lever menneska vidare i tinga. Dei er til stades i romet som eit persongalleri synleg for den som kjenner historiane. Det er mange i romet jamvel om Else er aleine. Alle gjevarane er til stades i tinga. Dei arva tinga skaper kontinuitet i livshistoria.

Difor kan ein føye til det Baudrillard seier – at ikkje berre den som etterlet seg ting, men også den som arvar dei, kan kjenne at livsløpet vert lengre gjennom tinga. Det personlege romet spinn bakover og framover i tid fordi ein kan tenke seg sjølv inn i generasjonar bakover og framover. Matriarken er beraren av borna i familien. I dei er tida både vesentleg og uvesentleg. Slik er det også med tinga.



Figur 14 "Arva mangletre"

## 4.5 Kva har ein nordmann?

Inneber det å vera norsk å forholde seg til ein følt normalitet, og korleis kjennest det for den som delvis står utanfor denne normaliteten? Informanten ”Anne”

skildrar fleire dilemma og korleis ho løyser desse. Den følte normaliteten inneber at nokon fell utanfor. Normaliteten kan ha mange uttrykk, men fattigdomens uttrykk er anormalt. Anne seier at tinga hennar opplevast ulikt alt etter kven dei andre er og kva for blikk dei brukar i møte med henne. Dette inneber strategiar for eksklusjon av dei som kan kjennest som forvaltarar av normaliteten. Normaliteten knytast til førestellingar kring moral. I problemstillinga er eg ute etter å gripe tak i nokre sider ved den norske samtidskulturen. Med det fokuset som omgrep har i denne oppgåva finn eg det rimeleg å kommentere bruken av ordet ”nordmann”. Det finst eit alternativ i ordet ”norsking”. Men ordet ”nordmann” ber i seg konnotasjonar til konstruksjonen av det norske, og her er det nettopp forventinga til kva dette inneber som er under kritikk. Dessutan er ordet kjønna, noko som kan få konstruksjonen av det norske til å bera i seg kjønna verdiar. Om dette er rett vil det vera svært vanskeleg for ei einsleg kvinne å bli ein normal norsk, altså ein nordmann sidan ho ikkje er mann. I intervjuet som kjem under vil eg tru at førestellingane om nordmannen er i sterk inkongruens med det situerte subjektet me møter.

Omgrepet skam får ein sentral plass i forståinga av Annes opplevingar. Eg ser skamma i ljós av krefter som kan identifiserast med bakgrunn i nasjonaliseringsprosjektet, og kallar den ein materiell skam fordi fattigdom er knytt til materielle standardar. Med dette ønskjer eg også å få fram at det å knytte moral og ting saman inneber ein utvendigheit i synet på andre. Den eigne livshistoria må kjempe mot ei stor førestelling som kanskje er tom.

Eit kunstsosiologisk perspektiv kan forklare samanhengen mellom hennar økonomiske situasjon og profesjonen musikar. Til slutt freistar eg å koma med nokre tankar om tida og musikken som ei motvekt i framstillinga, for å syne ein veg til inklusjon i staden for eksklusjon.

#### 4.5.1

#### Organisering av tid

Anne bur saman med tenåringssdottera si i eit gamalt hus som ho leiger. Det ligg i ein huskrull i utkanten av ein tettstad. Store apaler heng tunge av frukt utanfor huset. Jordene ikring gjev ein open horisont mot fjella langt borte.

Ho tek vel imot meg og viser meg rundt i huset. Interiøret er prega av møblar frå 60- og 70-talet og nokre raritetar. Det heng eit stort impresjonistisk måleri på veggen som er måla av ein kjend kunstnar. Elles er der få ting. Det skapar eit rom der den frie rørsla får plass. Fargane går i brune tonar på alle flater og møblar. Dette gjev eit mjukt ljós slik at tinga ikkje skiljast klart frå rommet. Tvert om verkar det som dei veks ut av flatene som storleikar som høyrer til. Om ein skulle kalle interiørstilen for noko kunne den nærme seg stilen ”shabby-chique” med minst vekt på ”chique”.

Anne er eineforsørgjar, musikar og deltidsarbeidande innanfor helsevesenet. Det gjev henne ein kombinasjon av erfaringar som stiller henne i svært ulike situasjonar i det daglege. Hennar forhold til tid er prega av periodar med knapp tid og periodar med overflod av tid. Det stiller krav til elastisitet og dynamikk. Turnusarbeidet utfordrar organiseringa av heimen, kvar dottera skal vera til ulike tider er ein kontinuerleg kabal i høve til arbeidstida. Som musikar følgjer heller ikkje arbeidstidene skulens kalender. Livet hennar er samansett av desse praksisane, som kjem til å prege hennar identitet og integritet.

Det følgjer ulike forventingar til desse måtane. Ho står i ein sosial beredskap der munnlege forklaringar og private praksisar dels dekker over, dels gjer synleg dei ulike verksame måtane for å ta vare på integriteten. Eg kjem tilbake til korleis dette vert synleg etter at delar av intervjuet er attgjeve under.

#### 4.5.2

#### Den materielle skamma

Ho har grua seg litt til eg skulle koma, seier ho. Dei tinga ho har er eigentleg ikkje slike som ho gjerne skulle ha hatt. Det er fint at ho har eit lågt forbruk, meiner ho. Men ho hevdar at ho lyg litt når ho seier det. Eg spør henne kva det vakraste ho eig er.

”Jeg tror det... det har jeg tenkt mye på, da. At jeg nok har lyst på ting som er veldig – hadde jeg hatt et valg, så ville jeg kanskje ikke hatt de tinga som jeg har, og det blir jeg jo påmint når jeg går rundt i mitt eget hus! Jeg skulle ønske at jeg hadde litt andre ting, så det er kanskje derfor jeg synes at det ikke er vakkert. At jeg legger mye mening i det (tingene<sup>14</sup>) sjøl, da...” seier Anne.

”Kva slags mening då?” spør eg.

”Nei, at jeg kan si... det er jammen fint at jeg har så mye gamle ting, for da bidrar jeg ikke til et høyt forbruk. Jeg har et lavt forbruk! Og det kan jeg si at det jammen er bra at jeg har så mye gamle ting, for da kan jeg bruke pengene på andre ting! De betyr ikke noe, det er bare døde gjenstander og... Men egentlig så har jeg lyst på pene ting!” seier ho med ettertrykk!

”Kva slags ting har du lyst på då? Spør eg.

”Designerting har jeg lyst på, som koster masse penger og som er veldig pent. Og jeg ser jo det også, selv om jeg kjøper mye på brukmarked, jeg hadde jo ikke kjøpt det hvis jeg ikke hadde likt det! Hvis jeg ikke hadde syns det hadde vært noe ved det! Men sånn som jeg har det, er jo ikke sånn jeg ville hatt det hvis økonomien hadde vært god, da ville jeg hatt det helt annerledes..” seier ho.

---

<sup>14</sup> Mi tolking av kva ho meiner sidan det er tinga me snakkar om.

”Men trur du, eller opplever du at.. at dei tinga du har fortel noko om deg?”  
undrar eg.

”Ja, det gjør de nok. Men jeg tror de forteller historien for noen år tilbake.”  
seier Anne.

Kven som kan koma på besøk og ikkje vert interessant å analysere fordi ho kontekstualiserer det i høve til identiteten sin. Ho seier at den ho er vert ståande i ulike ljós alt etter kven ho møter. I høve til arbeidskollegaene tykkjer ho at det er vanskeleg å vise fram heimen sin. Ho ønskjer eit skilje mellom privatliv og arbeid som også gjeng på at dei ho arbeider saman med ikkje bør få innsikt i heimen. Heimen vert sett som ein representasjon av kva ein greier og ikkje, meiner ho. Ho tenker därleg om seg sjølv når andre har evne til eit høgare forbruk og dyrare ting. Med andre ord knyt ho fattigdomen til eit mogleg teikn på kven ho er ovanfor dei andre. Fattigdomen vert eit åtak på integriteten. Å vera selektiv i høve til kven som slepp inn vert ein måte å verne integriteten på. Det ho skildrar liknar ei skamkjensle. Det er karakteristisk for skamma er at den er påført av andre. Den krenkar integriteten fordi den gjev mennesket ei kjensle av å ikkje bli akseptert. Førestellingar om kva andre ser, tenker og trur er forankra i kva ein trur dei andre tenker. Det tvitydige og uklare gjev grobotn for skam (Frønes 2001:73).

I møte med andre som har betre økonomi trer hennar ting fram som mindre verd. Skamma over det materielle er kontekstuell i høve til kven dei andre er. Fattigdom og normalitet vert to ulike storleikar som ekskluderer einannan i det velståande Noreg. Skiljet mellom dei fattige og dei andre føyer seg inn i ein normalitetsdiskurs som kan knytast til konstruksjonen av nordmannen (Sirnes 1999: 35, 37). Integrasjonen til det norske innebar normer der førestellinga om heimen hadde ein avgjerande plass. Standarden på reinhald, møblar og utstyr vart til teikn på moralsk standard. Korleis heimen var vart til eit teikn på om

helsevesenet eller barnevernet burde gripe inn og hjelpe til for å redde borna (Wyller 2001: 249, 250). Så seint som på midten av 1960-talet kunne ein lese om korleis ein normal heim skulle sjå ut, basert på vurderingar frå helsevesenet. ”Kriteriene på dårlig hjem er at det er skittent, i uorden, altfor lite eller egentlig ikke noe ordentlig hjem i det hele tatt (ibid:250)”. Helsevesenet har vore viktige i preginga av den norske normaliteten fordi dei står i posisjon til å seie kva som er friskt og kva som er sjukt, med andre ord kva som er normalt (Sirnes 1999: 35).

Om ein legg eit nærsynt perspektiv på saka så ser ein at nokre av arbeidskollegaene til Anne tok utdanninga si på 1960-talet, og kan vera representantar for eit verdisett som skildra ovanfor. Men dette er ikkje eit godt nok perspektiv.

Det dreier seg om langt djupare kulturelt forankra verdiar som spring ut av det hegelianske tankegodset. Den norske norma er spreidd i ei vifteform ut frå viktige instansar for norskdom som skule, helsevesen og ordensmakt.

Oppsedinga vart prega ut frå tre instansar som fekk grep om den individuelle forståinga for kva som var moralsk. Det dreidde seg om familien, det sivile samfunnet og staten. På alle desse tre nivåa vart den personlege sjølvutfaldinga avgrensa til fordel for eit velfungerande samfunn. Integrasjonen til det norske innebar ei vurdering av korleis den einskilde kunne te seg til samfunnets beste. Handlingane bar bod om vilje til integrasjon og normalitet. Utviklinga av det norske var eit kulturelt standardiseringsprosjekt (Sirnes 1999: 36; Wyller 2001: 252 ).

Det er slike krefter som framleis ser ut til å verke i Noreg. Eineforsørgjaren kan kjenne eit ekstra press i høve til normaliteten. Ein er aleine ansvarleg for den daglege omsorga for seg sjølv og barnet. Det kan kjennast risikofylt å vera ekskludert frå den følte normaliteten. Ei mor bør vise normalitet slik at omsorga for barnet får eit synleg og legitimt uttrykk. Viss ikkje finst det instansar til å ta

seg av barnet, til dømes barnevernet. Likevel finst det alternative miljø der det originale vert verdsett framfor det ordinære, og dette kjem eg tilbake til mot slutten av dette intervjuet.

#### 4.5.3            **Den vakraste tingen**

Det vakraste let seg ikkje forklare utan vidare fordi Anne fyrst lyt slå fast at tinga ikkje lengre representerer det ho står for. Ho kjem tilbake til det vakraste når me har snakka saman ei stund. Brått fortel ho om den høge, kvite krakken som står i eit hjørne av stoga. Historia kjem overraskande.

"Jeg har jo en hvit krakk, også et loppemarkedkjøp, som jeg har bare fordi den er fin. Jeg trang den egentlig ikke." seier ho med ein latter.

"Brukar du den til noko?" spør ho.

"Jeg bruker den til å ha blomst på nå. Ja." seier ho.

"Ser du mykje på den?" skyt eg inn.

"Ja, jeg gjør det! Jeg sitter og ser på den, og så tar jeg bilder av den med telefonen min!" seier ho.

Ho ler litt medan ho fortel dette. Så tek ho opp mobilen og viser biletet. Me smiler saman. Ho har fortalt ein hemmelegheit, at krakken er det vakraste og at ho brukar tid på den, at den formar rørslene i romet fordi ho vender seg mot den og ser og ser. Kanskje det vakraste gjer det mogleg å dvele i tida. Då er det vakre med sin væren med på å støtte individets væren. Det kan oppstå eit



**Figur 15 "Vakker krakk"**

mimetisk samband mellom to former for væren som gjer det mogleg å dvele i ei kvalitativ tidskjensle.

Litt seinare viser ho fram ein fotskammel. Den er heilt låg og har brune, dreidde bein. Krakken har eit brodert trekk som er festa med messingnaglar. Ho fortel historia bak, at den var ”eit lykkeleg kjøp” forbunde med ein tur til Danmark der ho skulle gjera noko som var trist. Så gjekk ho forbi bruktnarknaden og fant denne. Det blei ein lykkeleg ting midt i det triste. Det skin i andletet hennar. Det skin på krakken. Den minner om ein damesal, seier ho.

”Hehe! En krakk som ligner på en damesal!”

Me svingar mellom latter og alvor. Humoren og ironien ligg tett oppunder forteljingane om tinga.

#### 4.5.4 **Tidssjongløren**

Her kjem Anne inn på tre ulike tema. Det eine er arbeidet med identiteten. Det andre er korleis ting kan symbolisere endring eller stillstand. Det tredje er den erfarte fattigdomen som ho kjenner godt til fordi ho har levd under Noregs offisielle fattigdomsgrense i største delen av sitt vaksne liv.

”Altså jeg tenker at – jeg er på et stadie i livet mitt – altså nå snakker jeg veldig mye om penger, men det er fordi jeg har dårlig råd – ikke sant? At jeg føler at jeg er på et annet sted aldersmessig og menneskelig sett. Og – man ser jo seg sjøl like mye utenfra som innenfra, tenker jeg. Men det er liksom hele poenget med identitet, det er hvordan andre ser på en, og hvordan man ser på seg sjøl.



Figur 16 "Krakk som minner om damesal"

Og det er helt uunngåelig! For jeg tenker at jeg er ikke sånn lengre at jeg skal ha den der gamle stolen og den der gamle sofaen og... Jeg har egentlig lyst på noe annet Jeg har lyst på noe annet, noe som forteller noe om hvordan det er nå! For det har jo skjedd en endring på tjue år! Heldigvis!” seier ho.

”Syns du det er stigmatiserande at du ikkje har råd til det?” undrar eg.

”Ja!” bekreftar ho.

”Føler du at det er nokon som set deg i ein annan kategori menneske på ein måte?” spør eg.

”Ja, så derfor så har jeg behov for å forsvare det ut ifra sånne forbrukerhensyn og... Jeg må jo ha et apparat klart! Men det er jo også, jeg kan jo ikke si at jeg er uenig i de unnskyldningene jeg lager! Altså, jeg syns jo det er bra at jeg forbruker lite og ikke forsøpler mye og alt det der, det syns jeg er helt fint! At jeg bor billig og har mye gammelt og – det syns jeg er helt greit! Så jeg har ikke noe problem med å forsvare det den veien. Men jeg føler jo at jeg ljuger litt... For jeg har egentlig lyst på noe stort og fint!” seier Anne

”Men kan du beskrive korleis den følelsen er då? Kva slags kjensle gjev det deg når du ser at andre greier det? Får du ein følelse av utilstrekkelegheit, eller betyr det ikkje så mykje anna enn at det er ting?” spør eg.

”Altså, for folk jeg kjenner så betyr det ikke noe. For de vet om de forandringene som har skjedd, og de vet hva jeg ønsker, så det er helt greit, for de har jo fulgt meg i mange år. Men altså arbeidskolleger, de har jeg ikke lyst at – de skal ikke komme hjem til meg”. Seier Anne

”Nei...” seier eg.

”Fordi at det er ikke det at jeg ikke er her, jeg er også sånn som det ser ut her, men jeg er ikke bare det, jeg er noe mer! Og det syns jeg får være min – altså business og pleasure is not... nei, ikke tulle...” ho dreg ut.

"Då blir på ein måte tinga ein representasjon - eller?" lurar eg på.

"Ja! Absolutt!" Seier ho og fortset

"Ja, og så er det veldig fokus på det, ikke sant? Det med å være vellykket og.. Ha penger, være lykkelig og ha penger, kjøpe det du vil ha og være lykkelig ikke sant? Det henger utrolig sammen!" hevdar Anne.

"Så det økonomiske det blir – så du føler at det blir ei spegling av det du greier og det du ikkje greier?" spør eg.

"Ja, utad så gjør det det. Ikke i det vanlig, altså. Ikke i det vanlige. Men når det kommer opp – å, nå har vi kjøpt oss ny bil til 500.000, å, nå har vi pussa opp kjøkkenet for 150.000, ...da kjenner jeg at jeg blir litt sånn... Jeg kan ikke høre det uten å tenke dårlig om meg selv. Fordi at det har ikke jeg klart." seier ho.

Tinga hennar fortel ikkje om henne slik ho er no. Det har skjedd endringar, men dei er ikkje synlege fordi ho framleis har dei same tinga. For henne vert fattigdomen som eit venterom. Endringar let vente på seg. Ho får ikkje verkeleggjort draumane. Dei daglege handlingane vert usynlege fordi dei ikkje inneber forbruk men vedlikehald. Så lenge alt er som det var ser det ut som stillstand. Den daglege omsorga for dottera, heimen og henne sjølv er usynlege handlingar så lenge dei gjerast med så høg grad av meistring. Om meistringa var lågare ville det vorte synleg som handlingar som ikkje vart gjort. Ho meistrar å vera aleineforsørgjar, arbeide turnus og å vera musikar. Likevel er det ikkje kreativiteten, fleksibiliteten og organisasjonsevna hennar som vert synleg. Dei daglege handlingane er ikkje manifeste storleikar slik som tinga. Det finst synlege og usynlege handlingar. Difor vert det ei feilslutning å tru at berre det synlege finst og at det som er synleg er det me kan vita noko om. Om ein gjev seg tid saman med nokon kan ein fåauge på det som er løynd i utgangspunktet.

#### 4.5.5

#### Originalitet eller normalitet

Når Anne viser meg tinga sine legg eg godt merke til det originale preget heimen har. Me stoppar ved ei raud lampe, den einaste tingen som ikkje er i naturfargar. Eg spør henne om den raude lampa.

”Du har jo ei raud lampe...” prøvar eg.

”Jeg har en rød lampe! En tivolilampe, det var et lykkelig kjøp på en brukthandel. Det var en lampe som var gitt ut som premie på tivoli på 50-tallet. Så kom jeg inn i butikken og så så jeg den lampa... Og, den var også veldig billig, da. Det er avgjørende... Tredve kroner skulle hun ha for den lampa. Fin lampe, syns jeg.” seier Anne.

”Og den kastar raudt ljós?” spør eg.

”Den kaster rødt lys.” bekreftar ho.

”Det raude ljuset – er det noko spesielt med det? Forandrar det rommet egentleg?” lurar eg på.

”Ja, naboen min sier at det ser ut som jeg har horehus her...” Anne humrar og ser ut som ho morar seg over dette.

”Men for meg så blir det et sånt fint glødende punkt, da. Så kaster den en sånn fin ring, sånn mönstrete ring i taket. Ja, så jeg syns den forandrer rommet”, seier ho og smiler.

Ironien i tonen skaper ein dobbel botn i forklaringa. Lampa får ein spesiell ironisk effekt i møte med naboen blikk. Lampa er meir enn lampe, den er ein markør av eigenviljen, sjølvironien og leiken med andres førestellingar.

Identiteten kan forklarast som eit skilje mellom ein sjølv og andre. Å ta aktivt avstand frå dei andre kan vera ein strategi for å markere at ein er annleis. Det

kan vera ei motmakt som ein tek i bruk i staden for å kjenne seg maktelaus. Eigendefinisjonen inneber å ta makt over sitt eige univers, heimen. Den som ikkje kan føye seg inn i normaliteten treng ikkje la det vera opp til dei andre å definere alternativet. Om ein kjenner seg stigmatisert i nokre miljø, kan ein satse på originalitet som ein aktiv definisjon av seg sjølv. Det kan stå fram som ein alternativ strategi, og gjera synleg aktive val. På den måten vert førestellingar om passivitet viska ut eller avkrefta. Det som vert synleg er ikkje berre fattigdom, men også originalitet. Det vert eit univers som ber teikn på andre verdiar, noko som inneber nye tolkingar.

Musikaren Anne lever under tidspress. Turnusarbeidet i helsevesenet tar bort ein del av tida frå musikaren. Turnusarbeidstida er knytt til inntekt og organisering av dotteras tid samtidig. Deltidsstillinga er ikkje godt betalt og gjer at det finst dagar med mykje tid. Denne tida kan vera som eit venterom. Ingenting som kostar pengar kan skje.

Men musikk gjer noko med opplevinga av tida. Tida er ikkje berre ein kvantitativ dimensjon. Den kvalitative dimensjonen ved tida gjer den sjølv til ein moglegheit. Musikaren set lyd til tida, for musikk kan ikkje eksistere utan tid.

#### **4.5.6                  Musikken og tida**

Ein viktig del av Anne er musikaren. Som musikar møter ho inklusjon i eit miljø der det finst andre verdiar, og der därleg økonomi er meir vanleg.

”Finst det miljø der det er enklare å ha därleg økonomi?” spør eg.

”Ja, altså i det miljøet hvor jeg beveger meg så er det stadig vekk helt i orden.”  
seier ho.

”Kan du beskrive det miljøet?” spør eg.

”Det er mennesker som har levd uten å tenke så mye på karriere, i noen grad, venner, og så er det jo også det miljøet som jeg beveger meg i mer sånn profesjonelt. Musikkmiljøet og en del kunstnere, som det er greit at her er det...”

Musikaren og sosiologen Hans Abbing hevdar at fornekting av økonomien er ein føresetnad for kunstnarane. Dei må setje kunsten fremst for å vinne truverd som kunstnarar (Abbing 2002: 50-51). Ved å velje kunsten framfor ein ordinær jobb kjenner desse menneska i det minste at dei har ei større personleg tilfredsstilling enn i ein vanleg jobb. Denne personlege tilfredsstillinga kompenserer for därleg økonomi (ibid:114-115).

Sosiologen Per Mangset stiller spørsmålet om kunstnarar eigentleg skil seg svært frå andre yrkesutøvarar (Mangset 2004: 15). Ein kan formulere dette spørsmålet litt annleis og spørje om fattigdomen til kunstnarane blir tolka annleis enn andres fattigdom. Svaret her kan kanskje ligge i kva ein er mest; kunstnar, deltidsarbeidande i helsevesenet eller aleineforsørgjar. I konteksten der eg spør om tinga, vert presset på normaliteten påtrengande. Som aleineforsørgjar kan strevet bli stort dersom ein har därleg økonomi. Det ligg store anstrengingar bak den materielle standarden som dottera har på ting, klede og utstyr. Anne nemner eit ubehag i høve til kven som kan koma på besøk. Det går eit skilje mellom det miljøet ho er inkludert i og det miljøet ho er ekskludert frå. Det blir eit gjensidig forhold. Men musikaren er ikkje alltid så synleg fordi det andre krev henne.

Det fell meg inn at musikarens evne til å endre opplevinga av tid ved å tilføre tida ein kvalitativ dimensjon har ein særskilt verdi. Og eg får lyst til å seie noko om dette fordi det er dette som er Annes profesjonelle identitet. Tid kan vere ei kjensle av samtid og eksistens. Musikaren set lyd til tida. Det endrar kjensla av samtida, og gjev lyttaren eit val. Vil du ha det eller ikkje? Slik er musikarane med på å gjera liva våre rikare på val og estetiske opplevingar. Vi kan inkludere

eller ekskludere musikken fordi nokon har laga den. Kva vi vel gjer noko for identiteten vår.

Kulturforskaren Michael Bull hevdar i ei analyse av musikk på øyret<sup>15</sup> at musikkens evne til å endre kjensla av romet er ein viktig årsak til bruken. Å setje lyd til dei daglege handlingane endrar kjensla av tida. Ventetid vert til lyttetid og byromet vert til ein stad med klang i staden for støy (Bull 2000). Analysen er overførbar til andre rom.

Ein kan tenke på musikk som noko som kan fortrylle tida. Musikken er inkluderande fordi den er eit tilbod til sanseapparatet. Når musikken vert til sentrum for opplevinga kan blikkets vurderande evne koma i bakgrunnen.

Musikaren kjem best til sin rett når ho høyrest. Det er då identiteten og integriteten vert best synleg. Ved å setje musikaren i sentrum for analysen vert tinga til teikn på musicalitet i staden for manglande normalitet.

Gjennom å opne for inklusjon i staden for eksklusjon kan menneska koma til syne.

Samansauminga av tida, økonomien, omsorga og kunsten fortener positiv merksemd framfor ei følt kjensle av manglande meistring representert ved tinga. Dei tradisjonelt kvinnelege handlingane er ikkje manifeste storleikar, men handlingar som stadig flyktar vidare til neste handling utan å ta plass i romet slik tinga gjer. Kjensla av kva normalitet inneber kan knytast til det kvinnelege fordi det å vera mor er forbunde med forventingar til normalitet. Normalitet har eit sett med uttrykk.

Det paradoksale er at normalitet/ avvik er ein normativ diskurs, ikkje ein materiell diskurs (Sirnes: 1999:35). Likevel får normaliteteten eit uttrykk gjennom det materielle.

---

<sup>15</sup> Walkman, mp3, iPod etc

## 5 Drøfting

### 5.1 Kulturelle blindflekkar i den norske samtidskulturen

Hypotesen i fyrste del av problemstillinga er at subjektive forteljingar om ting kan seie noko om verkelegheitsforståingar i den norske samtidskulturen. Med interesse for det situerte subjektet ser ein dette som ein kultur som er full av små univers som den einskilde tek del i, samstundes som kulturen er overindividuell.

Den andre delen av problemstillinga spør etter kva ein får auge på dersom ein deler det eine mennesket inn i to måtar å verke på som ein kallar å *gjera* identitet og å *ha* integritet, og vidare korleis ei slik inndeling kan kaste ljós over kva tinga er for menneska. Spørsmålet er stilt som om mennesket verkar i verda på to ulike sett, knytt til ei tenkt strukturell inndeling av subjektet. Dette spørsmålet knytast til to ulike tankesett der det eine høyrer til det monadiske subjektet kor ein er oppteken av grensene mellom subjektet og alt ikring, medan det andre høyrer til det nomadiske subjektet kor ein ser mennesket som felt inn i verda, med ein ontologisk status. Eg har knytt desse to ulike måtane til omgrep som eksklusjon og inklusjon.

Det kan vera naudsynt å finne nye utkikkspunkt for analysen dersom ein vil oppdage kulturelle blindflekkar. Dette har gjort at andre tekstar er viktige i analysen for å finne nye ståstedar å sjå materialet frå.

#### 5.1.1 Kva er ein nordmann?

I den greske antikken vart spørsmålet "Kva er ein grekar" aktualisert gjennom mytene som skulle fortelje "Kva er eit menneske". I ein munnleg kultur, eit samfunn utan skrift, var akkumulert kunnskap berre tilgjengeleg gjennom

mimetiske overleveringar. Oppfatningar om samfunnet, moral, politikk og overlevering av annan kunnskap føregjekk gjennom at menneske hadde personleg kommunikasjon (Krogh 1996:33).

Mytene stod over historieforteljingane fordi dei var allmenne, medan historiene var eingongshendingar og spesielle. Gjennom mytene vart grekaren kjend med ideal, desse ideala fortalte korleis ein grekar tenker og handlar. Under antikken var mytene vesentlege i konstruksjonen av grekaren. Dei skulle attgjevast mest mogleg mimetisk fordi den kulturelle funksjonen var å gje identitet til grekaren (ibid:36). Gjennom mytene fekk grekaren kjennskap til seg sjølv fordi dei fortalte om opphavet hans. I dei munnlege forteljingane var føremålet å overlevere til neste generasjon ”Kva ein grekar er”, noko som gjorde det einskilde individet integrert i ei kollektiv førestelling om opphavet til det greske. Grekaren hadde eit sett med eigenskapar som vart skildra i mytene, som dessutan leverte moralske standardar. Eigenskapane og moralen var kjønna og knytt til sosial status slik som også retten til allmennutdanninga var det. Berre dei rikaste *sønene* fekk gå i privatskule og lære å lese og skrive (ibid: 36-39). Det fanst sosial differensiering mellom grekarane til trass for at den antikke kulturen kan framstå som einskapleg sett frå ei notid der kulturen kan verke pluralistisk. Slik eg ser det fins det ein kulturell parallel mellom antikkens Hellas og den norske samtidskulturen.

Det norske standardiseringsprosjektet som har røter i nasjonsoppbygginga skapte kulturelle normer. I dette var integrasjonen til ein norsk normalitet sentral. Etter kvart kom velstand til å vera eit teikn på vellukka integrasjon (jfr Sirnes 1999).

Under nasjonsbygginga i Noreg vart den norske identiteten bygd på ei myte om det norske opphavet, vesentleg henta frå vikingtida. Spørsmålet ”Kvar kjem me frå?” vart svar på av desse mytane. Gjennom tallause prosjekt vart nordmannen konstruert. Det kan sjåast som ein parallel til mennesket i den greske antikken.

Spørsmålet kan formulerast som ”Kva er ein nordmann?”. Danninga av nordmannen var sterk og suksessfull og innebar historiekonstruksjonar. Det vart ”naturleg” for ein nordmann å tenke og handle på gjevne måtar, slik vart mytene internaliserte i kulturen (Sirnes 1999: 57-58, Froestad 1999: 93-94, Tvedt 1999: 116). Desse mytane kan ha noko å gjera med korleis me tenker om identitet, og korleis me ser oss sjølve i høve til dei andre.

Det er knytt ei mengde informasjon til identiteten. Noko av dette vil ein kommunisere. Ein er ikkje berre den ein er, men eit *døme* på kva for eit menneske ein er. Og ikkje berre det, men kva for ei *utgåve* av seg sjølv ein er. Ulike kontekstar kan kalle fram ulike utgåver av den eigne personen. Gjennom den ein er vert ein synleg for andre. På ein blunk vert det synleg kva for kjønn ein har. Ein kjem til syne gjennom at andre ser ein. Men identiteten er meir enn kjønn og alder. Dersom identitet er ein prosess er den ikkje heilt fastlagd, men delvis i rørsle. Rørsla styrast av mennesket og viser til handling. Gjennom handlingar kjem mennesket til syne.

”Og siden den tragiske etterligning er etterligning av en handling, og enhver handling blir utført av noen som handler, og siden nu videre de som handler nødvendigvis må være av en viss beskaffenhet hva karakter og tankeliv angår, - for på grunnlag av karakteren og tanken bak en handling kan vi dømme om handlingen og si at den er slik eller slik, - så er der altså naturnødvendig to årsaker til handlingene, og disse er tanken og karakteren, ved dem lykkes eller mislykkes alt” (Aristoteles: 27).

Aristoteles meiner at ein kan døme tankeevna og karakteren på bakgrunn av handlingar. Handlingane er ikkje tilfeldige, men knytt til den eigne personens evner. Det indre vert synleg gjennom ei spegling i det ytre uttrykket. Med andre ord er det eit samband mellom handling, tanke og karakter. Me kan trekke slutningar frå det me ser ( handlingar) til det me ikkje ser (tanke, karakter).

Grekaren har moral og haldningar, evner og eigenvilje som gjev seg til kjenne. Handlinga er mimetisk med karakteren og med tanken bak handlinga.

Kan hende har me drege med oss tankesett frå antikken gjennom kulturelle transformasjonar kalla førmodernitet, modernitet og seinmodernitet eller postmodernitet. Ting eigast av nokon, dei er ikkje lausrivne storleikar i eit eige univers. Ting og menneske er på same stader. Tinga er synlege kring mennesket. Sidan ting må ervervast gjennom handlingar kalla lønsarbeid eller gjennom arv og gåver kan det koma fram ei kulturell sanning; at ting viser til handling og karakter.

I denne studien er informantane vaksne, etniske norske som snakkar om ting sine. Gjennom utvalet av ting fortel informantane noko om ”kva for eit menneske dei er”, eller ”kva for ein nordmann” dei er. Tinga fortel noko, dei har tilknytingar gjennom at dei forvaltas eller eigast av ”nokon”. Dei allmenne normene for kva ein nordmann er gjer visse måtar å vera norsk på til akseptable former. Dette har konsekvensar for både kultur og natur fordi forma kan knytast til forbruk (Myrvang: 2005). Om det finst ein følt normalitet (Meyer 1999: 14, 21-22) kan ein hevde at det allmenne står over det spesielle slik som under antikken.

Alle måtar å vera norsk på ser ikkje ut for å vera sosialt aksepterte, slik informanten ”Anne” skildrar. Ein følt normalitet gjer omgrep som inklusjon, eksklusjon og toleranse aktuelle. Ut ifrå desse refleksjonane kan spørsmålet ”Kva er ein grekar?” inspirere til spørsmålet ”Kva er ein nordmann?”. Myta om nordmannen er konstruert slik at ikkje alle har høve til å passe inn. Det spelar kanskje mindre rolle om ein er norsk eller ikkje enn om ein elles oppfyller andre ”normalitetskrav”.

## 5.1.2

## Har Noreg ein æreskultur?

Korleis ein brukar blikket har noko å seie for kva ein får auge på, og sjølve oppgåvas tema kan knytast til ei sterk merksemnd mot det visuelle. Dette kan ha ei kulturell forklaring.

Utan menneske med synssans ville korkje naturvitenskapen eller samfunnsvitenskapen ha vore forska på med dei metodane som dei har opparbeidd seg. Om me i staden for ein biletkultur til dømes hadde ein luktkultur (slik mange dyr har) ville metodane ha vore annleis. Kanskje ville heile tankegangen ha endra seg. Difor er det eit poeng å reflektere over kva me brukar blikket til og korleis det vert til eit fortolkande instrument. For naturvitenskapen er blikkets oppdaging av objektet ein føresetnad. Objektet skiljast ut frå omverda og vert kontekstlaust. Det kontekstlause objektet kan vera utan kontekst fordi det berre er forhold i objektet sjølv som skal undersøkast, slik kan objektet sjåast isolert. Men det situerte subjektet forsvinn i ei slik førestelling.

Moral og ære er på ein gong individuelle og overindividuelle storleikar. Det kan knytast til kva som er reint og kva som er ureint, som i det greske *katharsis* (jfr Aristoteles). Dagens *katharsis* har andre former enn den greske. Når reint og ureint skal skiljast frå einannan vert det uklart kva som er kva. Det som er reint for meg kan vera ureint for deg. Og dette er det til ein viss grad rom for. Det gjer moralen vanskeleg å få auge på. Men det at den ikkje stikk seg fram tyder ikkje at den er forsvunne. I staden for har moralen gått i dekning bak ei rekkje uttrykk som gjer at somme meiner at den ikkje lengre er til stades i vesten. Den amerikanske historikaren Christopher Lasch meinat ifølgje Finn Skårderud at det ansvarlege mennesket gjeng i oppløysing i ein tolerant vestleg kultur. Med dette forsvinn skamma. Når skamkjensla vert borte forsvinn skiljet mellom det private og det offentlege livet, og i det same skyldast tryggleiken bort. For idealet om blottstilling og avsløring gjer at dei sosiale køyrereglane forsvinn.

Men Skårderud meiner at Lasch tek feil. For Skårderud handlar det snarare om at skamma er transportert frå ei kollektiv til ei individuell norm. Medan den kollektive norma kan diskuterast er den individuelle norma udiskutabel. Såleis misser ein språket om skamma (Skårderud 2003: 140 – 141). Kva som fører til skam styrer kulturen fordi det samstundes har ein motsats i kva som er verdigkeit. Verdigkeit, ideal og normalitet er nøkkelomgrep i forståing av ære. At den norske samtidskulturen er ein æreskultur er ein kulturell blindflekk. Me hevdar ofte at den muslimske æreskulturen er eit trugsmål mot den norske kulturen. Det kan vera fordi dei to formene for ære ikkje fluktar med einannan. Me ser ikkje ein gong kva som driv æra i vår eigen kultur. Men om resonnementet hittil er rett, så er ting ære. (Jfr intervjuet med Anne).

### **5.1.3                  Er ting dokumentariske for identiteten?**

For denne studien er oppdaginga av objekta ein føresetnad. Blikket sjåast her som kontekstualisert i ein kultur der vekta på overflatene har konsekvensar for naturen og kulturen. Allereie Charles Baudelaire (f 1821- d 1867) skildrar korleis kunsten og moten appellerer til det moderne mennesket, og i ein hyllest til sminkekunsten legg han ut om korleis sminke foredlar og forsterkar kvinnas utsjånad (Baudelaire 1987: 101-121). Han set omsorga for overflata, altså utsjånaden og det kunstnariske opp mot naturen. Naturen tvingar mennesket til mat og sovn. Medan trongen til å ta seg ut ved hjelp av sminke og klede ligg tett på kunsten og dermed kulturen.

Forholdet mellom subjekt og objekt gjev ein fordel til det subjektet som er i stand til å objektivere seg sjølv og dei andre. Den som veit å posere er urban, verdsvant og har kunnskap om kulturen. Dette trekk opp eit skilje mellom den som gjev seg naturen i vald og den som let seg kultivere. Beviset på det kultiverte mennesket finst i objektas overflate i moten, sminkekunsten og

kunsten for Baudelaire. Det som mennesket viser seg fram saman med fortel om mennesket.

Sirnes hevdar at media gjennom framstillingane sine har vorte ”den fremste normaliseringsinstansen i samfunnet” (Sirnes 1999: 55). I 1920-åra, då reklamebransjen for alvor tok til å vekse, dreidde fokuset på utsjånaden mot det forteljande imaget. Reklamebransjen dreiv ei form for folkeopplysing der forbrukaren vart lært opp til å avgjera kven dei andre var ved å kaste eit blikk på dei. Reklamebransjen vart ein viktig leverandør av rollemodellar og forførerisk retorikk (Myrvang 2005: 113). Dette innebar ei vidareføring av eit protestantisk frelsesetos, og braut såleis ikkje med kulturelle krefter som allereie var verksame. Snarare henta reklamebransjen mykje av energien sin frå dei protestantiske ideala. Eigenterapien var ein sentral bodskap, ein kunne kaupe seg ut av si eiga elende. Eigenterapi er også sentralt i protestantismen, der ein aleine står ansvarleg ovanfor Gud. Gud hjelper den som hjelper seg sjølv (Weber 1995: 81). Gjennom det ein kaupte vart ideala synlege (Campbell 1987: 117). Tinga vart bevis på kven ein var. Utsjånaden blei eit vitne om kven ein *ville* vera og kven ein *makta* å vera. Viljen til innsats vart synleg gjennom forbruket og ein lærte å lesa andre menneske gjennom tinga deira. *Med dette vart det overført eit retorisk element til tinga. Tinga tok til å tale, for reklamen hadde gjeve tinga bodskap* (Myrvang 2005: 116, Campbell 1987: 117, 211-215). Instrumentet for å oppdage bodskapen var blikket.

Det visuelle blikket var eit nytt blikk, og det hang særskilt saman med framveksten av filmmediet. Det nye blikket var også eit ”tyrannisk blikk” som førte til ei intensivert investering i objektas overflate (Myrvang 2005:113).

Framveksten av tertiærnæringane gjorde reklamen viktig. Desse næringane skulle argumentere for at det var bruk for dei, og reklamen fann opp nye behov. Når reklamebransjen fekk gjennomslag for retorikken sin og ”gjekk inn” i kulturen fekk det objektiverande blikket ideelle hjelphemiddel. Forbruk kan

truleg knytast til det nye, visuelle blikket. Forholdet mellom ting og menneske involverer forbruk og dette forbruket ber i seg forteljingar om kva for ideal forbrukaren har. I eit protestantisk land som Noreg har arbeidet ein særskilt plass i dette. Arbeidet var inngangsporten til velstand. Difor vart teikn på velstand også teikn på arbeid. Den arbeidsame vart synleg gjennom det materielle, og slik vart det materielle til teikn på moralen (Campbell 1987:117, Wyller 2001: 249, 250). Den protestantiske arven idealiserte arbeidet som teikn på vilje til å vera protestant. Arbeidet tok merksemda bort frå syndige lyster, og det gjorde mennesket meir normalt, mellom anna fordi arbeidet strukturerte dagen. Det arbeidande mennesket vart normalisert og integrert, den arbeidande bidrog til velstanden (Wyller 2001: 244-245). Handlingane vart på denne måten dokumentariske for identiteten. Grensene mellom ein sjølv og dei andre kom fram som synlege skilnader.

Dokumentarsjangeren gjev seg ut for å vera ei mimetisk attgjeving av verkelegheita. Hendinga vert ikkje vidare situert, sjangeren har sanning og det naturalistiske mimesis som ingrediensar. Men likevel er dokumentaren levert av nokon som legg ei vinkling på hendinga. Dokumentaren er ikkje mimetisk med verkelegheita, men heller mimetisk med den ønska framstillinga. Objekta vert sett av eit situert subjekt. Det handlande, reflekterande og persiperande subjektet står i relasjon til ei rekkje objekt. Desse objekta er synlege. Verkelegheita er noko me ser gjennom observasjon og kjenner til gjennom deltaking. Tinga er synlege kring menneska. Det vert aktuelt å kommentere blikket om ein tenker seg at det synlege er bevis for sanning. For dersom tinga signaliserer kven me er, så er dei fulle av informasjon. Då skal ein kunne seie noko om eigaren idet ein ser tinga. Tinga vert til ein dokumentar av eigaren. Du *har* det, du *er* slik. Det synlege vert til bevis for sanning. *Objektet* er så å seie forteljaren som talar om subjektet. Subjektet er altså underlagt det som objektet fortel. Det kan vera slik fordi subjektet ikkje har kome til orde. Objektet får ein draumeposisjon, det kan

leverast med ferdige forteljingar. ”Det at du har dette fortel dette om deg.” seier marknadsføraren. Med andre ord kan det hevdast at identitet kan kjøpast, for objekta gjer jobben med å tale om individet.

### **5.1.4 Eit skjult matriarkat?**

Innanfor Cultural Studies har ein vore oppteken av makt på ulike vis. Makt og oppleving av makt har samband med oppleving, produksjon og konsumpsjon av mening i kvardagslivet (Storey 2003: 1-3 ). Denne studien gjeng føre seg heime hjå informantane, i deira kvardagslege sfære. Kven som kan inkludere og ekskludere tinga heime, kan sjåast som ei forteljing om makt. Og denne lyt til å vera kjønna.

Spørsmålet ”Kvar kjem eg frå?” vil alltid fyrst og konkret gje svaret ”mor” (Birkeland: 2005: 126). Både kvinna og mannen veit at alle er fødde av kvinner, så korleis kan dette leie til oppdaginga av ein kulturell blindflekk? Om ein trur at likestilling handlar om samanhengar mellom det private og det offentlege så kan dei heimlege praksisane vera noko å reflektere over. Skal tru om det har vore mogleg å utvikle eller halda på ei særskilt kvinneleg form for makt fordi denne har vore underkommunisert? For dersom ein ser på omgrepene ”matriarkat” og ”patriarkat” som parallelle omgrep slik at ein ventar at dei skildrar to *like måtar* og *stader* å utføre makt på, vil ein kan hende ikkje få auge på matriarkatet. Det har vore vanleg å skildre heimen som kvinnas sfære medanmannens sfære er utanfor heimen. Eg vil foreslå ein måte å sjå matriarkatet på som tek opp i seg at denne makta finnast heime, i det sosiale innan og kring familien, i det heimerelaterte forbruket og i forvaltinga av merkedagar og gåver mellom familiemedlemmane og nære vener.

Heime hjå Else og Gitte ser heimen ut for å vera kvinnestyrt, begge seier at det ikkje er særleg relevant å snakke med mannen i høve til det som er heime. Hans

stad er ein annan stad, i kjellaren i det eine høvet og i garasjen i det andre høvet. Det er stort sett kvinnenes ting som er synlege, det kan sjå ut for at kvinnene er portvakter for kva som skal vera i huset.

Hjå Ingunn og Ivar er mannen ein integrert del av heimen, hans avgjersler og ting er synlege som tekniske løysingar. Han har kunnskap om og interesse for heimen. Kanskje det er fordi han er inkludert i og ikkje ekskludert bort frå makta til å definere kva for ting som skal vera i heimen.

Jon på si side seier at om det hadde budd ei kvinne saman med han, så er det ikkje sikkert at han hadde fått lov til å ha tinga sine framme. Slik eg har analysert intervjuet med så Jon er interiøret viktig som samband mellom det som er ute og det som er inne. Dette er fordi det er med på å konstituere sjølvbiletet hans. Om dette er rett så har det noko å seie for Jon om tinga er der eller ikkje.

Anne forklarer korleis ho kan kjenne skam over korleis tinga vert lesne av andre. Den materielle standarden hennar er med på å bestemme kven ho sjølv ekskluderer frå heimen, fordi ho sjølv kjenner på ekskluderande mekanismar som trer i kraft idet andre som forvaltar normaliteten set eit likhetsteikn mellom det ho greier og det som er hennar ting-univers.

Ting ser ut for å føre dialogar med dei som møter dei. Men kva dei seier skuldast i større grad det situerte subjektet enn tingen i seg sjølv. Dette kan knyte ting og makt saman fordi skilnaden mellom den som definerer og den definerte kjem til syne. Her er kvinnas definisjonsmakt heime interessant.

Det er ein relasjon mellom den som har tingen, og tingen. Om ein har makt til å inkludere eller ekskludere tinga til dei andre i heimen så kan det ha noko å seie fordi tinga verkar refleksivt med forteljingane om tinga. Definisjonsmakta i heimen leier til handlingar som har vore lite diskuterte, og kan hende er det fordi kvinnas makt har vore usynleg. Men om ”matriarkat” tyder ”kvinnestyre, samfunnsform hvor moren er familiens overhode” (Guttu 2005: 732) så meiner

eg at ein kan seie at det finst eit matriarkat. Ein heim er eit lite samfunn. Om det er slik lyt det koma fram, i miljøspørsmålet er spørsmålet om kven som har makt til endring (også) knytt til forbrukarens handlingar. Miljøansvar er relevant i høve til makt.

Slik eg forstår Birkelands omgrep ”chorografi” (Birkeland 2005: 147-149) skildrar det korleis menneskets indre *er* (møtet med) det ytre. Der finst ikkje eit skilje mellom subjekt og objekt, desse er *eitt* fordi opplevinga føreset begge delar. Det ytre får ein medskapar i menneskets indre. Det er ein kreativ prosess i den forstand at det indre vert kreert som ei kraft innanfrå som vender seg refleksivt mot det ytre og så tilbake igjen. I same grad vender det ytre seg mot det indre.

Ifølge Birkeland så meiner Iragaray at mor har makt, men at denne er usynleg. Hennar makt er knytt til den fødande og nærande kroppen, som den fyrste staden spedbarnet møter. For henne vert difor kroppen til ein stad (Birkeland 2000: 201-205). Slik vert kroppen konkretisert som både stad og stadleg. Horisonten vert viktig, for kva ein ser er avhengig av staden. Slik kan det å sjå kroppen som stad vera eit nyttig analytisk verktøy, fordi det gjer bindinga mellom subjekt og stad sterkt. Dette fører fram til omgrepet ”chorografi” (Birkeland 2005: 147-149) som handlar om å skrive staden nedanfrå og innanfrå. Analyser av makt kan gjerast med å analysere stader. Studier av kultur er ofte studier av samfunn. Heimen kan sjåast som eit lite samfunn. Som andre stader der det finst makt burde denne makta forskast på. For kan hende er det ein inngang til å sjå ei side av samtidskulturen. Kvinnas makt er kanskje svært knytt til hennar stad og om ein vil; henne *som* stad (Birkeland 2000). Dette spørsmålet har dimensjonar som går langt utover kva ting er for menneska: I forhold til til dømes bornefordelingssaker og spørsmålet om uttak av fødselspermisjon vert dette relevant. Men for denne studiens del er det diverre ikkje plass til å gå nærmare inn i dette.

Matriarkatet kan vera ein kulturell blindflekk fordi at det er så internalisert at me ikkje reflekterer over det. Og makt utøvast på andre måtar. Ein av måtane er å inkludere og ekskludere ting, som er refleksive, mentale storleikar.

### 5.1.5 Latter og inklusjon

Latteren er eit særskild verkemiddel i det sosiale, og kan såleis ha ei kulturell tyding. Gjennom intervjua klang latteren på alle lydfilene parallelt med samtalene om tinga. Så kva er latteren uttrykk for, nærmar den seg integritetens uttrykk?

Den russiske språkforskaren Mikhail Bakhtin knyt latter og dialog saman. Han hevdar at latteren er ei meddeling i likskap med språket. Latter og dialog er to sider av same sak. Han kallar latteren for ”sam-glede”, ”sam-beundring” og ”sam-stemhet”. Latteren er uttrykk for ei stemning og kan vera ein måte å oppnå dialogisk samkvem på. Latteren opnar opp dialogane og inkluderer den andre idet den er uttrykk for at ein anerkjenner den andre som subjekt (Bakhtin 2003: 197). Det er ein måte å inkludere den andre på, og å leike med det skremmande på (ibid : 68, 197). Den fiendtlege haldninga kan vera skremmande og autoritær. Medan den inkluderande haldninga høyrer til dialogen.

”Makten, volden og autoriteten taler aldri latterens språk” (Bakhtin 2003: 68).

Dialogen står i eit motsett forhold til monologen. For medan monologismen er autoritær og knytt til maktstrukturar, utgjer dialogismen ei motmakt (Mørch i: Bakhtin 2003: 13, 15). Latteren yter motstand til det autoritære, slik verkar den degraderande. Latter er inklusjon av den andre, som berre er mogleg ved å anerkjenne den andre som subjekt. *Ein må ta i bruk integriteten.*

Ironi kan vera opptakt til latteren. I forlenging av Bakhtin kan ein seie at ironien legg seg som eit lag mellom individet og samfunnet. Den beskyttar individet

mot blikket utanfrå fordi den svøyper inn utsegna. Ironien viser til det ambivalente forholdet mellom individ og samfunn. Sjølvironien trer antakeleg inn når individet ser seg sjølv utanfrå i fleire kontekstar samtidig. Det sjølvironiske blikket er eit blikk som kjem av at individet kjenner til fleire moglege kontekstar, men framstiller seg i ein av desse. Nettopp denne konteksten kan velgast fordi den gjev tilgang på sjølvironien. Sjølvironien verkar som ei støytpute som beskyttar individet mot alvoret og kritikken. Annes rauda lampe er eit vern mot kritikk, ho syner eit valt avvik frå normaliteten gjennom denne.

### **5.1.6 Tida, tinga og sjølvkjensla**

Når individet ser seg sjølv i mange ulike kontekstar og stadig vender tilbake til sjølvrefleksjonen, vert identiteten utsett for stor merksemd. Ein ser seg sjølv utanfrå og forsøker å få auge på kva dei andre ser. Fordi ein gjev så stor merksemd til seg sjølv vert vektstonga som stabiliserer sjølvkjensla ustabil. Loddet i kroppen flytter stadig på seg i takt med kontekstane. Den stadige merksemda på ein sjølv gjer identetskjensla smuldrande. Ein let seg aldri i fred, men utset seg sjølv for stadige sjølvrefleksive blikk. Dette gjer identetskjensla ustabil (Skårderud 2003: 17, 113-130). Gjennom å skilje identiteten frå integriteten får ein auge for at det er sjølvkjensla og ikkje identiteten som vaklar. Eg vil hevde at ting ikkje kan styrke identiteten. Identitet er ein synleg grensemarkør og viser kven ein er lik og kven ein er forskjellig frå, og gjer det mogleg å gjera den enkelte ansvarleg for sine handlingar.

Handlingane treng kan hende eit prisme for å bli synlege, dei treng å bli manifeste storleikar som andre kan kjenne att. For å bøte på ei vaklande sjølvkjensle kan ein stø seg til ting. Tinga kan fortelje dei andre kven ein er der ein sjølv manglar ord for det. Slik kan tinga få i oppgåve å vera eit mimesis av den handlande identiteten, dei ber eit bodskap om kva ein *gjer*. Dette skjer kan

hende fordi mennesket har behov for å få respons på sjølvet. Ei sterk sjølvkjensle er ein immateriell storleik, og det verkar ikkje logisk at den kan svarast på med materielle verdiar.

Det som heile tida vert utskifta gjev inntrykk av noko problemfritt og meistrande og viser slik til ein skinnmoral. Stigmaet som heng ved synet på dei fattige som umoralske, fører til rå bruk av rikdom og drivast fram av ein norsk æreskultur. Det høgverdige burde vera gjenbruk, ikkje stadig fornying fordi høg utskiftingstakt på ting forringar miljøet. Mange fattige lever allereie rektigare i høve til forbruk. Det er ikkje umoralsk å ha det ein i Noreg ser på som ein låg levestandard, men det er problematisk fordi det heng tunge moralske førestellingar på dette. Denne førestellinga inneber ei nedvurdering av moralen til dei fattige. Ved å setje naturen øvst vert det i staden for umoralsk å ha eit høgt forbruk. Eit slikt syn vil endre kulturen og kanskje hjelpe naturen.

Tinga kan intensivere kjensla av samtid fordi dei har som eigenskap at dei kan bera i seg den kvalitative tida. Det betyr truleg også at dei kan fungere som mentalhygieniske entitetar – ved å kaste ein gjenstand kan ein kvitte seg med ei vedvarande ubehageleg kjensle som er komprimert i tingene. Eit behag som tingene minner om ved å vera til stades i rommet.

Om eg gjev deg ein ting kan eg håpe at du tenkjer på meg når du ser tingene. Tingene vert ein entitet der gjevarens ”væren” er i tingens ”væren”. Slik kan gåva vera eit substitutt for tida ein ikkje får saman. Om det er knapt med tid kan det vera rikt med gåver. Tingene erstattar menneskets tid gjennom ein transformasjon. Mennesket er i tingene som eit avtrykk slik ein ser det i forteljingane om tingene. Og kanskje er tingene til i staden for tida til eit menneske. Mennesket treng å kjenne seg integrert i livet til andre. Dette kan berre skje i samvær med dei.

Med støtte i Bergson (påpeikinga av den kvalitative karakteren som tida og sjelstilstandane har) vil eg hevde at tida (som ein brokk av ei hending) vert lagra

i tingen. Ting komprimerer tida fordi den kan innehalde viten, idear, minner og kjensler. Ting kan vera biografiske rom fordi dei komprimerer den kvalitative tida. Kompresjonen av tid i tingen er mogleg fordi tida har ein kvalitativ dimensjon framfor ein kvantitativ. Når ein ting får meinings utover sin eigen kropp kjem det av tingens eigenskap til å bera kvalitativ tid i seg.

## 6 Konklusjon

### 6.1 Kva er ting for menneska?

Ting ser ut som, dei uttrykker, dei er. Dei kan skildrast, fotograferast, teiknast, takast i og luktast på. Ting er sanselege einingar. Gjennom å vera til stades ser dei ut til å bygge ein personleg kontekst kring mennesket. Ting er som små hemmelege rom fulle av personleg historikk. Ting står i eit eige forhold til livshistoria og kan hjelpe hukommelsen til å hugse.

Tingen er *ei utgåve* av tingen. Framtoninga er mimetisk med det som den tingen framkallar av *indre bilet*. Det er som eit *refleksivt* mimesis. Eg vil definere det refleksive mimesis som korleis tingen er lik det den framkallar av indre bilet for mennesket. Tingen treng dermed ikkje vera som det naturalistiske mimesis, altså identisk med det den ser ut for. To identiske ting kan ha heilt ulik tyding. Tingen treng heller ikkje å vera som det fantasmatiske mimesis, som er tingen slik den burde vera. For dette er knytt til moral.

Ovanfor har eg peika på nokre punkt i forteljingane som ber med seg handlingane inklusjon og eksklusjon. Kva for ting som blir inkludert eller ekskludert kan vera symbolske handlingar, og slik sett også bidra til segregering (som kjønnssegregering i heimen) og marginalisering (som sosial ekskludering).

Dersom me la meir vekt på integriteten enn identiteten (sett som ei grense mellom subjektet og det andre) hjå oss sjølve, ville me vera på veg mot inklusjon, som er medskaping og dialog. Me er jo allereie medskaperar av alt ikring slik det som er ikring er medskapar av oss. Å bli oppteken av medskapinga av verkelegheita er ein veg til handling som skjer *med* naturen i staden for *mot* naturen, og *med* menneska i staden for *mot* menneska. Og det er ein måte som fører med seg personleg ansvar. Ein kunne førestelle seg at

konsekvensen vart at menneskerettar også måtte verte naturens rettar. Det finst jo ikkje eit skilje mellom menneske og natur. Ville ikkje det ta opp i seg andre måtar å handle på? Tankar kan føre til endring. Den sterke involveringa av sjølvet i tingen gjer synleg at verda er ein del av subjektet og subjektet ein del av verda. Det talar for ein sterkare materialisme enn den me har i forbrukarsamfunnet. Det vil på denne måten vera positivt for miljøet om ting betyr mykje for oss i staden for lite.

Kva for ein moral som skal gjelde i høve til ting, er eit definisjonsspørsmål. Ein kulturell effekt av forbrukarsamfunnet kan vera ei førestelling om at ting tyder for mykje for oss. Men det er heller det at ting tyder for lite. Og dette gjer det store forbruket mogleg. Hadde tinga betydd meir så hadde me kanskje ikkje hatt den forbrukstakten som me har i dag. Om me set miljøet i sentrum for moralen burde me endre meininga med tinga. Me kunne redefinere tinga slik at dei gjorde livet vårt rikare. Dei får ein ”væren”, og me kan få dei til å vare.

Inklusjon tek tid, og difor er det ein måte å styre forbruket på. Fordi det tek tid å late seg involvere i andre menneskes liv kan det hende at ein må endre livsstil. Kanskje vert det ikkje naudsynt med så mange ting. For om ikkje lengre tinga vert knytt til individets verdighet kan moralen koma til syne på andre vis. Dersom moralen vert knytt til korleis me opptrer i høve til naturen vert forbruket underlagt andre dommar. Med dagens miljøproblem vert det freistande å hevde at berre ein moral vert ståande å lyse over alle andre, nemleg korleis me opptrer ovanfor miljøet. Å inkludere omsyn til naturen i dei daglege handlingane, er å inkludere naturen i kulturen. Det ytre og det indre verkar i einannan. Dette kan knytast tilbake til eit djupare samband mellom oss og alt ikring, mellom mennesket som natur og naturen som natur (Birkeland 2005: 86). Denne tilnærminga ser det situerte subjektet i høve til det som er gjeve i materialiteten og her legg ein for alvor bak seg det cartesianske skiljet mellom subjekt og objekt.

I dette ligg også ei kulturell løysing. Det som er miljøvenleg er også kulturvenleg dersom verdien *inklusjon* vert sett i sentrum. Inklusjon vil seie å involvere seg i andres liv, og å sjølv bli involvert i deira liv. Eg finn her grunn til å peike på skilnaden mellom inklusjon og toleranse. Omgrepene toleranse og inklusjon er mykje brukt som eit positivt lada ord i politikken. Men toleranse og inklusjon er ikkje det same. Inklusjonen er ei handling der ein anerkjenner den andre som subjekt.

Å tolerere tyder ifølge framandordboka ”å tåle, finne seg i, vise fordagelighet ovanfor” (Berulfsen: 1978). Toleranse inneber at ein må overvinne noko ein kjenner motstand mot gjennom å finne seg i at noko er til stades. Eg kan til dømes tolerere at andre kvinner ber hijab. Men det vil berre seie at eg let dei gå i fred. Toleransen krev ikkje engasjement, men likesæle. Å bli tolerert er å bli tålt, det er krevjande for den som skal tolerere. Intoleransen vibrerer rett under overflata på toleranseomgrepet. Det vil seie at toleranse er eit farleg politisk omgrep sidan det er eigna til å dekke over ein motvilje mot inklusjon. Det er altså mogleg å ha ei haldning som eg vil kalle ein ”borderlinemodus”. Denne haldninga gjev seg ut for å vera venleg medan den i grunnen tvilsamt er det.

Inklusjonen skjer i dialogen, ikkje gjennom toleransen. Kva som styrkar sjølvkjensla er knytt til menneskelege relasjonar. Ting kan minne om inklusjon og dialog og såleis vera eit prismerke for noko anna enn seg sjølv. Gjennom inklusjonen anerkjenner ein den andre som subjekt. Integriteten ber verdigheita og heilskapen til subjektet. Det refleksive mimetiske forholdet gjer det mogleg å overføre eit slikt retorisk element til tinga. Tinga kan tale om viktige andre, og med dette kan dei bera i seg alle slags hendingar og stemningar.

Det er mogleg at ei viktig side ved forbrukskulturen kan knytast til ubehaget dersom ein ser kasting som ein mentalhygienisk praksis. Den rasjonelle arbeidstida dekker over ein kulturell praksis som nærmar seg trua på magi. Medvitet om at tida vert betalt for kan skape særskilte praksisar. Med

lønnsarbeidet kan tida bytast bort mot pengar. I den norske samtidskulturen ser det ut for at me førestiller oss at tida kan bytast ut med ting. Dette skjer til trass for at det er det sosiale som er kontekst for inklusjonen (eg anerkjenner deg som subjekt).

Jorda  
*Med lynet og regnet*

*Og isane og elvene*

*Og alle horisontane  
Som menneska ser*

*Og fuglane  
Og vekstene*

Og alle gledene  
*Som menneska ber*

*Og alle borna*

*Dei som kjem etter  
Og ser*

*Dyra*

Og dei som gjer oss til dei me er

*Her*

## 7 LITTERATURLISTE

Abbing, Hans (2002). *Why are Artists Poor?:The Exceptional Economy of the Arts.* Amsterdam University Press, Amsterdam.

Abram, David (2005). *Sansenenes magi. Å se mer enn du ser.* Flux Forlag, Oslo.

Appadurai, Arjun (1986). *The Social Life of Things. Commodities in Cultural Perspective.* Cambridge University Press, Cambridge.

Aristoteles: *Om diktekunsten.* Oversatt fra gresk med innledning og anmerkninger av Sam. Ledsaak og Jostein Børtnes (1989). Dreyer, Oslo.

Bakhtin, Mikhail (2003). *Latter og dialog.* J. W. Cappelens Forlag AS, Oslo.

Barker, Chris (2000). *Cultural Studies. Theory and Practice.* Sage, London.

Baudelaire, Charles “Den skapande fantasien”. I Eide, Kittang, Aarseth:  
*Europeisk litteraturteori fra antikken til 1900* (1987). Universitetsforlaget, Oslo.

Baudrillard, Jean (1996). *The System of Objects.* Verso, New Left Books, New York.

Bauman, Zygmunt (1996). “From Pilgrim To Tourist – or a Short Story of Identity”. I Stuart Hall & Paul du Gay, red.: *Questions of Cultural Identity.* Sage, London.

Berulfsen, Bjarne og Dag Gundersen (1978). *Fremmedordbok.* Kunnskapsforlaget, Aschehoug Gyldendal, Oslo.

Birkeland, Inger J. (2000). ”Luce Irigaray: Mors makt”. I Iver B. Neumann, red.: *Maktens strateger.* Pax, Oslo.

Birkeland, Inger J. (2002). "Kjønn og kunnskapsmakt: Det mannlige blikket." I Meyer og Myklebust: *Kunnskapsmakt*. Gyldendal Akademisk Forlag, Oslo.

Birkeland, Inger (2005). *Making Place, Making Self. Travel, Subjectivity and Sexual Difference*. Ashgate, USA.

Birkeland, Inger (2006). "Rom, sted og kjønn: Begrepsavklaringer og bruksanvisninger". Foredrag på seminaret "Rom og kjønn", senter for kvinne- og kjønnsforskning, Universitetet i Bergen, 15. mars. Forelesingsnotat.

Bourdieu, Pierre (1979/ 2002). *Distinksjonen: En sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Pax Forlag, Oslo.

Bull, Michael (2000). *Sounding out the City. Personal Stereos and the Management of Everyday Life*. Berg, Oxford International Publishers Ltd, Oxford.

Campbell, Colin (1987). *The Romantic Ethic and the Spirit of Modern Consumerism*. T. J. Press Ltd, Oxford.

Casey, Edward S. (1996). "How to Get from Space to Place in a Fairly Short Stretch of Time: Phenomenological Prolegomena". I Feld, Steven og Keith H. Basso: *Senses of Place*. School of American Research Press, Santa Fe, New Mexico.

Feld, Steven og Keith H. Basso (1996): *Senses of Place*. School of American Research Press, Santa Fe, New Mexico.

Fink, Hans (1991). "Identiteters Identitet" i Fink og Hauge: *Identiteter i forandring*. Aarhus Universitetsforlag, Århus.

Fornäs; Johan (2005). *Kulturstudiernas brott och broar*. Paper från ACSIS internationella forskarkonferens för kulturstudier, Norrköping 13-15 juni 2005. Konferanserapport publisert elektronisk på [www.ep.liu.se/ecp/015/](http://www.ep.liu.se/ecp/015/).

Froestad, Jan (1999)"Normalisering som disiplinering" I Meyer, Siri og Thorvald Sirnes: *Normalitet og Identitetsmakt i Norge*. Ad Notam, Gyldendal, Oslo.

Frykman, Jonas og Nils Gilje (2003). *Being there. New Perspectives on Phenomenology and The Analysis of Culture*. Nordic Academic Press, Lund, Sweden.

Frønes, Ivar (2001). "Skam, skyld og ære i det moderne". I Wyller red.: *Skam. Perspektiver på skam, ære og skamløshet i det moderne*. Fagbokforlaget, Bergen.

Geertz, Clifford (1973). *The Interpretation of Cultures*. Basic Books, USA.

Giddens, Anthony (1991/1996). *Modernitet og selvidentitet. Selvet og samfundet under senmoderniteten*. Hans Reizels Forlag, København.

Gullestad, Marianne (2002). *Det norske sett med nye øyne. Kritisk analyse av norsk innvandringsdebatt*. Universitetsforlaget, Oslo.

Guttu, Tor, red. (2005). *Norsk ordbok med 1000 illustrasjoner. Riksmål og moderat bokmål*. Kunnskapsforlaget H. Aschehoug Co AS og Gyldendal ASA, Oslo.

Høystad, Ole Martin (1994). *Det menneskelege og naturen. Innføring i filosofisk antropologi*. Samlaget, Oslo.

Høystad, Ole Martin (1997). "Identitet eller integritet? Det samansette mennesket i den filosofiske antropologien". I Sveinung Time: *Om kulturell identitet: ei essaysamling*. Landås, Høgskulen i Bergen.

Ingold, Tim (2000). *The Perception of the Environment: Essays on Livelihood, Dwelling and Skill*. Routledge, London.

Jakobsen, Kjetil (2002). Innledningssessay til Pierre Bourdieus *Distinksjonen*. De norske bokklubbene, Oslo.

Johnstone, Keith (1987). *Improvisation og teater*. Hans Reizels Forlag, København.

Jørgensen, Dorthe (2001). *Skønhedens metamorfose. De æstetiske idéers historie*. Odense Universitetsforlag, Odense.

Kjeldstadli, Knut (1999). *Fortida er ikke det den en gang var. En innføring i historiefaget*. Universitetsforlaget AS, Oslo.

Klein Barbro, og Billy Ehn (1994). *Från erfarenhet till text; om kulturvetenskaplig reflexivitet*. Carlssons, Stockholm.

Kolstad, Hans (1998). *Tid og Intuisjon. To studier i Henri Bergsons filosofi*. Universitetet i Oslo, Universitetsforlaget.

Kopytoff, Igor (1986)."The cultural biography of things: Commoditization as Process". I Appadurai, Arjun *The social life of things. Commodities in Cultural Perspective*. Cambridge University Press, Cambridge.

Krogh, Thomas m. fl. (1996). *Historie, forståelse og fortolkning. Innføring i de historiske fags fremvekst og arbeidsmåter*. Gyldendal Norsk Forlag AS, Oslo.

Kvale, Steinar (1997). *Det kvalitative forskningsintervju*. Ad Notam Gyldendal, Oslo.

Lien, Marianne E., Hilde Lidén og Halvard Vike red. (2001). *Likhetens paradokser. Antropologiske undersøkelser i det moderne Norge*. Universitetsforlaget, Oslo.

Lowenthal, David (1985). *The Past is a Foreign Country*. Cambridge University Press, Cambridge.

Lübcke, Poul, red. (1996). *Filosofileksikon*. Zafari forlag, Oslo.

Mangset, Per (2004). *Mange er kalt, men få er utvalgt: Kunstreroller i endring*. Telemarkforsking, Bø.

Mauss, Marcel (1950/ 1995). *Gaven. Utvekslingens form og årsak i arkaiske samfunn.* Cappelen Akademiske Forlag, Oslo.

Merleau-Ponty, Maurice (1945/ 1994). *Kroppens fenomenologi.* Pax Forlag, Oslo

Meyer, Siri og Thorvald Sirnes, red. (1999). *Normalitet og Identitetsmakt i Norge.* Ad Notam Gyldendal, Oslo.

Miller, Daniel, red. (2005). *Materiality.* Duke University Press, Durham and London.

Myrvang, Christine (2005). *I forbrukets grenseland. Innganger til konsum, kultur og samfunnsanalyse 1914 – 1960.* Universitetet i Oslo, Unipub, Oslo.

Mørch, Audun Johannes (2003). Forord i Bakhtin, Mikhail: *Latter og Dialog.* Cappelen Akademisk Forlag, Oslo.

Neumann, Iver B. red. (2000). *Maktens strateger.* Pax, Oslo.

Repstad, Pål (1998). *Mellom nærhet og distanse. Kvalitative metoder i samfunnsfag.* Universitetsforlaget, Oslo.

Ryen, Anne (2002). *Det kvalitative intervjuet. Fra vitenskapsteori til feltarbeid.* Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS, Bergen.

Sand, Inger-Johanne (2000). ”Niklas Luhmann: Makt og kommunikasjon” I Iver B Neumann red.: *Maktens strateger.* Pax, Oslo.

Sirnes, Thorvald (1999). ”Alt som er fast, fordamper?” I Meyer, Siri og Thorvald Sirnes: *Normalitet og Identitetsmakt i Norge.* Ad Notam, Gyldendal, Oslo.

Skjervheim, Hans (1996). *Deltakar og tilskodar og andre essays.* Aschehoug, Oslo.

Skårderud, Finn og Per Johan Isdahl red. (2003). *Kroppstanker: Kropp, kjønn og idehistorie*. Pensumtjeneste AS, Oslo.

Skårderud, Finn (2003). *Uro, en reise i det moderne selvet*. H. Aschehoug & Co.

Solberg, Jorunn (2003). "Den åpne kroppen" I Skårderud, Finn og Per Johan Isdahl red.: *Kroppstanker: Kropp, kjønn og idehistorie*. Pensumtjeneste AS, Oslo.

Storey, John (2003). *Cultural Studies and the Study of Popular Culture*. Second Edition. Edinburgh University Press Ltd. Storbritannia.

Taylor, Charles (1998). *Autentisitetens etikk*. Cappelens upopulære skrifter. Cappelen akademiske forlag as, Oslo.

Tvedt, Terje (1999). "Eksport av normalisme og import av normalitet" I Meyer, Siri og Thorvald Sirnes: *Normalitet og Identitetsmakt i Norge*. Ad Notam, Gyldendal, Oslo.

Vike, Halvard (2001). Forord i Lien, Marianne E., Hilde Lidèn, Halvard Vike red. *Likhetens paradokser. Antropologiske undersøkelser i det moderne Norge*. Universitetsforlaget, Oslo.

Weber, Max (1973/1995). *Den protestantiske etikk og kapitalismens ånd*. Pax Forlag, Oslo.

Wyller, Trygve red. (2001). *Skam. Perspektiver på skam, ære og skamløshet i det moderne*. Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS, Bergen.

Zahavi, Dan (2003). *Fænomenologi*. Roskilde Universitetsforlag, København.

## **8 VEDLEGG**

### **INTERVJUGUIDE TIL "KVA ER TING FOR MENNESKA?"**

#### **ESTETISK VERDI**

Kva er det vakraste du eig? Kvifor syns du det er vakkert?

(Har tingens plassering i f eks huset noko med dette å gjera?)

Kva syns du er stygt? Har du sjølv noko som du syns er stygt? Kvifor har du det framleis?

#### **AFFEKSJONSVERDI**

Er du spesielt knytt til noko av det du har? Kan du forklare kvifor? Har gjenstanden ei spesiell historie?

(Er det stor forskjell på tingens faktiske verdi og den verdien den har for deg?)

Ser du deg sjølv som ein samlar eller ein kastar, eller ein kombinasjon?

#### **BRUKSVERDI**

Kva er det mest nyttige du har? Når kjem det til nytte? Har det andre funksjoner?

#### **INSTRUMENTELL VERDI**

Er det noko du er spesielt glad for å eie?

Har du noe som fortel kven du er?

Skulle du ønske at du eigde noe som kunne fortelje meir om deg, og tydelegare? (Kva kunne det vera?)

#### **ØKONOMISK VERDI**

Kva er det mest kostbare du har? (Utanom bustad.) Kva betyr dette for deg?

Kunne du velje mellom mange forskjellige... – kvifor valte du denne? (Var det fornuft eller kjensler – få tak i.)